**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Formannskapet** |
| **Møtestad:** | **Voldsfjorden, Volda rådhus** |
| **Dato:** | **19.01.2016** |
| **Tid:** | **12:00** |

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordførar

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 1/16 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 2/16 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| OS 1/16 | **Orientering om EPC-modellen – energisparekontrakter** |
| PS 3/16 | **Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand - klage over planvedtak** |
| PS 4/16 | **Voldsfjordkryssing AS (Sus)** |
| PS 5/16 | **Gbr 19/546 - Forlening av opsjon på kjøp av tomt** |
| PS 6/16 | **Sal av tilleggsareal - del av gbr 18/229** |
| PS 7/16 | **Oppmoding om busetjing av flyktningar 2015 – 2019** |
| PS 8/16 | **Fritak frå eigedomsskatt i 2016 etter § 7** |
| PS 9/16 | **Fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a, Studentsamskipnaden** |
| PS 10/16 | **Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar** |
| PS 11/16 | **Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016** |
| PS 12/16 | **Målbruksplan - Volda kommune** |
| PS 13/16 | **Orienteringssaker** |
| OS 2/16 | **Informasjon om kommunereforma** |
| OS 3/16 | **Referat frå møte i arbeidsgruppe Campus den 05.01.2016** |
| OS 4/16 | **Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta** |
| OS 5/16 | **Volda kommune - Pkt. 21 i Budsjettvedtaket årsbudsjett 2016.** |

# VOLDA KOMMUNE

| | |
|---|---|
| OS 6/16 | **Årsbudsjett 2016 - budsjettvedtak pkt. 39 – veghøvel** |
| OS 7/16 | **Etikkutvalget ønsker dialog om etiske spørsmål** |
| OS 8/16 | **Reguleringsplan E39 Volda-Furene - Oppstartsmøte med Volda kommune 16.12.2015 – Referat** |
| OS 9/16 | **Invitasjon til prøveordning om gang -og sykkelveg** |
| OS 10/16 | **Referat frå partnerskapsmøte NAV Ørsta/Volda 20.11.15** |
| OS 11/16 | **Sparebank 1 SMN - Forslag kandidater kundevalget** |
| OS 12/16 | **Kommunal konferanse for råda for likestilling av funksjonshemma i Møre og Romsdal 10. og 11. februar** |
| OS 13/16 | **Melding om avtaleinngåelse - Anskaffelse - portføljeforvaltning elektrisk kraft Søre Sunnmøre** |

PS 1/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 2/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 1/16 Orientering om EPC-modellen - energisparekontrakter

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2012/2636 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 2012011 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 3/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |

## PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND - KLAGE OVER PLANVEDTAK

### Administrasjonen si tilråding:

*Formannskapet finn ikkje at det i klaga er framsett nye moment som ikkje er vurdert av kommunestyret gjennom plandokument og planprosess tilknytt saka.*
*Formannskapet finn såleis ikkje at klaga gir grunn til endra haldning til saka og held fast på vedtak i sak PS120/15 om godkjenning av plan "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl."*

### Vedleggsliste:

Thomas Busker Larsen – klage over kommunestyrevedtak i sak ps 120/15
Kommunestyret sak PS120/15

### Uprenta saksvedlegg:

Øvrige saksdokument i sak 2012/2636
Kommunedelplan Volda sentrum m tilhøyrande dokument

### Saksopplysningar:

Volda kommunestyret slutthandsama den 26.11.15 reguleringsplan for "Område B60 - Strand- gnr 15/2 m.fl." som sak PS 120/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*
2. *Med fylgjande endring:*
   *Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

Saksutgreiinga med tilhøyrande plandokument der endringane i føresegner og plankart slik det går fram av vedtaket pkt 2 er innarbeidd, plan datert 10.11.2015, fylgjer vedlagt.

Dokumenta i saka vart etter vedtak kunngjort-, lagt ut til offentleg ettersyn og med brev datert 2.12.2015 sendt grunneigarar, partar og naboar til område med opplysing om klagerett og orientering om frist for klage.

Ved e-post den 21.12.15 Thomas Busker Larsen bedt om lengd frist for klage:
*"I forbindelse med godkjenning av reguleringsplanen på strandområde, har jeg snakket med Per Heltne som har gitt utsetting av klagefrist til mandag 5. januar."*

Det vart gitt fylgjande tilbakemelding ved e-post den 22.12.15:
*"Viser til e-post vedkomande spørsmål om utsett frist for klage over vedtak i Forvaltningsstyre sak 120/15den 26.11.2015.*
*Klagefrist etter utsending i brev av 2.12.2015 er inkl tid for postgang sett til 25.12.2015.*
*Det er ikkje rett at eg har gitt utsett frist for klage. Eg ba om at søknad om utsett frist vart sendt snarast til postmottak.*
*Etter drøfting i kommunen sitt planforum har vi kome til at utsett frist til 4.januar (innanfor normal arbeidstid kl. 16:00) kan aksepterast, då vurdering av klage uansett ikkje vil bli handsama av administrasjonen før tidlegast den 5.01.16."*

Kommunen har etter det motteke klage over kommunestyret sitt vedtak, frå Thomas Busker Larsen-Gamlevegen 5 (18/317) ved e-post/brev datert 3.01.2015.
Motteken klage er vurdert som rett-tidig motteken innanfor klagefrist.

I klaga heiter det:
*"I forbindelse med vedtak om reguleringsplanen av strandfeltet vil jeg hevde at det har blitt gjort en saksbehandlingsfeil knyttet til detaljreguleringen av strandfeltet. Jeg kan ikke se at det er blitt gjort en konsekvensanalyse knyttet til trafikkøkningen i et barnerikt område. Gamlevegen blir brukt som skoleveg av flere titalls barn, og med bygging av familievennlige leiligheter på Strandfeltet vil det komme enda flere barn. Jeg kan heller ikke se at de trafikale konsekvensene av en slik utbygging som er planlagt, har vært opp til behandling av kommunestyret.*
*Gamlevegen er en smal veg som går parallelt med E39. Mange hus har kommet til gjennom tiden, og lite er gjort med veien. Den er svært uoversiktlig og så smal at flere steder kan ikke to biler passere hverandre. Nærmere 40 boliger og leiligheter er under oppføring i Gamlevegen, noe som er en 50 % økning av boenheter. Dette vil medføre en stor trafikkøkning som jeg mener kommunen ikke har tatt høyde for. I tillegg til at Gamlevegen er en skolevei for mange barn er den også gjennomfartsvei for syklister og turgåere.*
*Jeg vil gjøre oppmerksom på at Gamlevegen per dags dato ikke har fortau. Utbygger skal lage fortau innenfor plan området, og som skal knyttes **til** fortau fra nabotomten. Fra Korsavegen vil det ikke komme fortau på overskuelig framtid da dette ikke er prioritert fra kommunen sin side på grunn av svært tekniske og kostbare forhold.*
*Jeg mener at det er en saksbehandlingsfeil når ikke de trafikale utfordringene jeg peker på ikkje blir vurdert med begrunnelse av at det ligger utenfor planområde.*
*Hele utbyggingsområdet og området Gamlevegen må bli sett på som en enhet.*
*Plankonsulent Svein Holmen skriver om trafikkutfordringene knyttet til hele Gamlevegen fleire steder og anbefaler at vegen blir stengt. Punkt 5.7 s21 og 7.6 s35."*

Utbyggingsområdet B60 Strand inngår i godkjent overordna plan- kommunedelplan Volda sentrum mv, plan godkjent 18.06.2009.
I samband med denne planhandsaminga var det også gjennomført konsekvensvurdering for nye utbyggingstiltak.
For det aktuelle området heiter det her:

**Område nr.13 B60: Strandeigedomen**

**Utsnitt frå plankart:**




Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF
Planlagt ny arealbruk: Bustader
Areal: 18 daa

| **Tema** | **Konsekvensar** |
|---|---|
| Helse | Realisering av forslaget vil medføre at bustader kan etablerast som utviding av eksisterande bustadområde. Med variasjon av ulike type bustader og universelt utforma uteområde, med tilstrekkelege areal for barn og unge kan ein få til eit godt bumiljø i området. Tilrettelegging av meir areal til bustader vil avhjelpe ein stram bustadmarknad. |
| Friluftsliv og tilgjenge til uteområde | Området har ingen registrert verdi som friluftsområde, men ligg inntil friområde. Det er gode mulegheiter for friluftsliv i området |
| Tilgjenge til bygningar og tenester | Store delar av området er svært bratt, noko som kan medføre utfordringar i høve til å innfri kravet om universelt utforma uteområde, tilkomst til og innan bustadområdet. Bustadområdet vert liggande nokså nær sentrum, sjølv om avstanden kan opplevast som såpass stor at dei fleste vil velje bil til dei daglege gjeremåla. |
| Dyr- og planteliv | Det er ikkje registrert verdifullt dyre- og planteliv i området. |
| Jordbotn, vatn og luft | Det er lite sannsynleg at utbygging av bustader i området vil medføre negative konsekvensar for jordbotn, vatn og luft. Avløp må koplast til godkjent off. avløpsanlegg. |
| Klima og energi | Avstanden til sentrumsområdet og mange kvardagsaktivitetar kan medføra auka grad av privatbilisme sjølv om området ligg nær nok til at mange finn det aktuelt å gå/sykle. |
| Landskap | Utvidingsområdet er ein del av grønstrukturen og er ein del av de skogkledde lisidene som kryp ned mellom busetnaden og ned mot sjøen. Terrenget stig bratt mot ein rygg mot aust som er grensa mellom Klepp og Nordalen. Inntrykket av landskapselementet som ei markert grense mellom to byggeområde vil verte redusert ved ei større utbygging av området. Terrenget opp mot ryggen vil vere vanskeleg å utnytte og dette vil truleg avgrense utbygginga opp mot dette landskapselementet. |
| Landbruk | Området har liten verdi som landbruksareal. |
| Kulturminne og kulturmiljø | Det er ikkje kjende kulturminne eller kulturmiljø i området. |
| Transport og trafikk | Det bør etablerast ny avkøyring frå Gamlevegen til området. Gamlevegen har funksjon som samleveg, men har ikkje fortau/gangveg. |
| Støy | |
| Beredskap og ulukkesrisiko | Grovanalysen av risiko og sårbarheit har ikkje avdekt spesielle risikofaktorar. Ved reguleringsplan eller byggesøknad må risiko- og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter. |

**Vurdering:** Området har ein del utfordringar når det gjeld landskapet i tillegg vil auka utbygging i området auke trafikken på Gamlevegen. Planforslaget vil vere positivt ved at ein får etablert fleire bustader i nærleiken til sentrum samtidig som det ikkje har særleg negative konsekvensar for landbruket.

**Konklusjon:** Delar av området kan leggast ut til bustadføremål. Det må settast krav om reguleringsplan, der det vert lagt vekt på å finne gode løysingar når det gjeld tilkomst til området.

Eg kan ikkje sjå at det er krav om konsekvensutgreiing etter reglane i Plan og bygningslova for detaljregulering for området.
Det er utarbeidd planomtale og ROS-vurdering i samsvar med gjeldande reglar.

I klaga er det vist til omtale av dei traffikale tilhøva i Gamlevegen i planomtalen, og vist til at ein her har tilrådd vegen stengt.
I dei punkt det er vist til heiter det:
***"5.7 Trafikktilhøve***
*Gamlevegen er kommunal samleveg med mange direkte-avkøyrsler og med lav horisontal og vertikal standard og dårleg sikt. Det er etablert fartshumpar,og fartsgrensa er 30 km/t. Stenging for gjennomgangstrafikk har vore aktuelt politisk tema i kommunen pga svært lav standard, stor gjennomgangstrafikk og stort innslag av mjuke trafikantar (gåavstand til sentrum) men ikkje fortau/gangveg. Den nye kommuneplanen legg ikkje opp til stenging, men har i staden teke med gangveg/fortau langs Gamlevegen inn til krysset med Klokkarvegen. Det er ikkje registrert spesielle ulukkespunkt på vegsystemet i området. Det er ikkje kollektivtilbod langs Gamlevegen, men frå Strandfeltet er det kort avstand til E39 med godt busstilbod."*

***"7.6 Trafikktilhøve***
*Planen vil medføre auka biltrafikk i Gamlevegen. Naboane er skeptiske til auka trafikk både i Gamlevegen og gjennom bustadgatene i Frøholmfeltet.*
*Med den avkøyrslepolitikken som kommunen har praktisert i Gamlevegen dei senaste åra vil all ny bygging i området aktualisere stenging for gjenomkøyring av Gamlevegen. Alle dei 4 nye husa (2 stk 4-m-bustadar + 2 einebustadar) som er under bygging i Gamlevegen 48 får direkteavkøyrsler til Gamlevegen, og med alle andre direkteavkøyrsler i tillegg til svært lav horisontal og vertikal standard er det vel berre stenging som er forsvarleg. Dette vart vurdert ved utarbeiding av den nye (2011) kommunedelplanen for Volda sentrum der konklusjonen var å ikkje stenge gata, men bygge gangveg mellom Frøholmfeltet og krysset til Klokkarvegen. Vi legg difor inn i planen «vår del» av denne gangvegen forbi Strandfeltet."*

Som det går fram her har kommunen gjennom sine tidlegare vurderingar av Gamlevegen, gjennom trafikktryggingsvurdering og i kommuneplanhandsaminga konkludert med at ein ikkje vil stengje vegen for gjennomgang. Det er i staden lagt opp til at det skal etablerast betre tilhøve for fotgjengarar i vegen ved etablering av fortau.
Slik fortaubygging er no teke inn som rekkefylgjekrav innanfor planområdet for B60-Strand, og regulert inn i planområdet for tilgrensande detaljregulering "Gamlevegen 48 mm".

**Vurdering og konklusjon:**
Dei trafikale tilhøva i Gamlevegen var altså påpeika både i planomtale, i overordna kommuneplan for området, og i innspel til planarbeidet ved oppstart og i kommunestyresak 120/15, der planen vart slutthandsama.
Ved denne handsaminga var også innspela frå klagar (saman med fleire –jf underskriftsliste) vurdert.
Eg viser og til at det frå andre i området også kom innspel om ikkje å stenge Gamlevegen for gjennomkøyring ut frå omsyn til trafikale tilhøve i kryss E39xGamlevegen.

Eg kan såleis ikkje sjå at det er grunnlag for krav om vidare konsekvensutgreiing slik klagar hevdar, eller at det i klaga er kome fram nye moment som ikkje var kjende for kommunestyret ved handsaminga av sak 120/15.
Ut frå dette finn eg ikkje at klaga gir grunn til endra haldning i saka og rår til at klaga ikkje vert imøtekomen.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Vurdert gjennom planutforming/planprosess.
**Økonomiske konsekvensar:**
Vurdert gjennom planhandsaming.
**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Vurdert gjennom planhandsaming.
**Naturmangfaldlova:**
Avklara gjennom overordna plan-, jf arealbruk i kommunedelplan.

…………………
Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Saka vert å sende Fylkesmannen som klageinstans

**Kopi:**
Trond Klepp
Svein Holmen
Thomas Busker Larsen
Utvikling –byggesak
Teknisk sektor

Thomas Busker Larsen
Gamlevegen 5
6102 Volda
Epost: blaasen@hotmail.com

Volda 3/1 - 16

Fylkesmannen i møre og romsdal
Julsundveien 9
6414 Molde

Kopi til
Volda Kommune

Arkivsak nr2012/2636

Klage på politisk vedtak knyttet reguleringsplan område B60 Strand

I forbindelse med vedtak om reguleringsplanen av strandfeltet vil jeg hevde at det har blitt gjort en saksbehandlingsfeil knyttet til detaljreguleringen av strandfeltet. Jeg kan ikke se at det er blitt gjort en konsekvensanalyse knyttet til trafikkøkningen i et barnerikt område. Gamlevegen blir brukt som skoleveg av flere titalls barn, og med bygging av familievennlige leiligheter på Strandfeltet vil det komme enda flere barn. Jeg kan heller ikke se at de trafikale konsekvensene av en slik utbygging som er planlagt, har vært opp til behandling av kommunestyret.

Gamlevegen er en smal veg som går parallelt med E39. Mange hus har kommet til gjennom tiden, og lite er gjort med veien. Den er svært uoversiktlig og så smal at flere steder kan ikke to biler passere hverandre. Nærmere 40 boliger og leiligheter er under oppføring i Gamlevegen, noe som er en 50 % økning av boenheter. Dette vil medføre en stor trafikkøkning som jeg mener kommunen ikke har tatt høyde for. I tillegg til at Gamlevegen er en skolevei for mange barn er den også gjennomfartsvei for syklister og turgåere.

Jeg vil gjøre oppmerksom på at Gamlevegen per dags dato ikke har fortau. Utbygger skal lage fortau innenfor planområdet, og som skal knyttes til fortau fra nabotomten. Fra Korsavegen vil det ikke komme fortau på overskuelig framtid da dette ikke er prioritert fra kommunen sin side på grunn av svært tekniske og kostbare forhold.
Jeg mener at det er en saksbehandlingsfeil når ikke de trafikale utfordringene jeg peker på ikke blir vurdert med begrunnelse av at det ligger utenfor planområde.

Hele utbyggingsområdet og området Gamlevegen må bli sett på som en enhet.
Plankonsulent Svein Holmen skriver om trafikkutfordringene knyttet til hele Gamlevegen flere steder og anbefaler at vegen blir stengt. Punkt 5.7 s21 og 7.6 s35

Mvh

Thomas Busker Larsen

# VOLDA KOMMUNE
## Servicekontoret

Sektor for Utvikling, planseksjonen, for kunngjering av planen

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2012/2636 | 12203/2015 | 2012011 | SVK/ UNNISTRA | 30.11.2015 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 26.11.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 120/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.***

2. ***Med fylgjande endring:***
   ***Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Strand Utvikling v/Trond Klepp | Fransvegen 17 | 6104 | VOLDA |
| Siv.ing. Svein Holmen Arealplanlegging | Postboks 319 | 6101 | VOLDA |
| Fagansvarleg plan Per Heltne | | | |


Postadresse: Stormyra 2, 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058886
Telefaks: 7005870170058701
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Heltne | Arkivsak nr.: | 2012/2636 |
| | | Arkivkode: | 2012011 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 170/15 | Formannskapet | 17.11.2015 |
| 120/15 | Kommunestyret | 26.11.2015 |

**PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND**

## *Handsaming i kommunestyret:*

**Røysting**:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

## *Vedtak i Kommunestyret - 26.11.2015*

1. ***Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.***

2. ***Med fylgjande endring:***
   ***Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.***

## *Handsaming i formannskapet:*

Arealplanleggar Per Heltne, orienterte formannskapet om reguleringsplan B60 Strand.

Barn og unge sin representant i planlegginga, Berit Koen, kom med synspunkt til planarbeidet.

Dan Helge Bjørneset kom med framlegg om å slette siste periode i tilrådinga får administrasjonen.

~~*Med fylgjande endring:*~~
~~*Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*~~

**Røysting**:
Det vart røysta punktvist over tilråding frå administrasjonen. Første periode av tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt over siste periode av tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Dan Helge Bjørneset. Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Dan Helge Bjørneset røysta mot.

## *Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:*

1. *Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*

2. *Med fylgjande endring:*
   *Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

**Administrasjonen si tilråding:**
*Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*
*Med fylgjande endring:*
*Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

**Vedleggsliste:**
Reguleringsplan datert 10.11.2015. (Planomtale, plankart og føresegner)
Formannskapssak PS 75/15
Innspel ved offentleg ettersyn

**Uprenta saksvedlegg:**
Kommunedelplan for Volda sentrum

**Samandrag av saka:**
Framlegg til privat reguleringsplan for ein del av eigedomen Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl, som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60 Strand vart handsama av Volda Formannskap i møte den Framlegg til reguleringsplan for "*Strand- gnr 15/2 m.fl.*" vart handsama av Volda formannskapet den 19.05.2015, som sak PS 75/15, der det vart gjort vedtak om utlegging av plan, med visse endringar, til offentleg ettersyn.

Offentleg ettersyn er no gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-10.

I saka nedanfor vert gitt ein gjennomgang av innspela og kommentar til desse.
Det låg føre motsegn til plan frå Fylkesmannen og frå Fylkeskommunen etter offentleg ettersyn.
Det er etablert dialog med desse instansane av kommunen og tiltakshavar med sikte på avklaring av motsegner. Motsegnene var knytt til omsyn til barn og unge (Fylkesmannen), der ein kravde naudsynte leikområde avsett i områda Bk1 og Bk2, og omsynet til kulturminne (Fylkeskommunen) der ein kravde særleg merking ved omsynssoner i plankart og omtale/spesifisering i føresegner til plan som sikra desse.
Etter omfattande dialog har tiltakshavar imøtekome desse krava og har justert plankart og føresegner slik at motsegnene er trekt.
Framlegg til justert plan er no datert 10.11.2015 og kan eigengodkjennast.
I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2.Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f_SKV_1.
Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrsler i området og ut frå terrengtilhøva.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/endring av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentleg ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då heller ikkje St.Vegvesen sette vilkår om dette, Statens vegvesen fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.

Rådmannen ser betenkelegheitene med problematikken knytt til denne avkøyringa og det press utbygginga vil gje på eksisterande vegnett, men med bakgrunn i at dette allereie er vurdert både i administrasjonen og politisk ved utlegging til offentleg ettersyn, og det ved høyringa ikkje har kome avgjerande nye innvendingar, finn rådmannen det ikkje rett å tilrå ei slik endring i rekkefylgjebestemmelsane no.
Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle nye rekkefylgje-bestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid.
Sjølv om ein framleis er skeptisk til planlagt utnytting på deler av utbyggingsområdet, finn ein ut frå vedtak i sak 75/15 om fremjing av plan, gitt av eit samla Formannskap, å kunne tilrå planen fremja for slutthandsaming. Jf tilråding i saka.
Kopi av sak 75/15 ligg som vedlegg til saka.

**Saksopplysningar:**
Framlegg til privat reguleringsplan for ein del av eigedomen Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl, som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60 Strand vart handsama av Volda Formannskap i møte den Framlegg til reguleringsplan for *"Strand- gnr 15/2 m.fl."* vart handsama av Volda formannskapet den 19.05.2015, som sak PS 75/15, der det vart gjort vedtak om utlegging av plan, med visse endringar, til offentleg ettersyn.

Vedtak i sak 75/15 lydde slik:
*"Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum -"Strand- gnr 15/2 m.fl". og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:*

1. *Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.*

2. *Plankartet vert justert slik:*
   *Byggeområde BK_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.*
   *Støyvoll må visast i plankartet. Manglande juridiske linjer i tekstfelt– må påførast.*
3. *Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggar sin plan.*
4. *Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.*
5. *Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3*
6. *Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.*

Justeringane etter pkt 1-5 vart innarbeidd i plan før utlegging til offentleg ettersyn.
Pkt. 6 har ikkje medført endringar i planframlegg, men eg finn grunn til å nemne dei føresetnader som ligg i plan om opprusting av Gamlevegen i planområdet si utstrekning, med breiddeutviding og fortau, og rekkefylgjekrav tilknytt dette.

Offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 8.06.2015 til 25.07.2015, etter kunngjering i Møre og på kommunen si heimeside og ved tilskriving av høyringsinstansar og partar.

**Innspel ved offentleg ettersyn, vidare handsaming:**
Desse har kome med innspel:

| Off organ | |
|---|---|
| 1 | M&R Fylkeskommune |
| 2 | Fylkesmannen i Møre- og Romsdal |
| 3 | Statens vegvesen |
| 4 | NVE |
| 5 | VØR |
| private | |
| 6 | Inge lid |
| 7 | Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge |
| 8 | Christopher og Therese Berg Zetterstrøm |
| 9 | Hake AS v Øyvind Eidså |
| 10 | Thomas Busker Larsen m underskriftsliste |
| 11 | Ola A Rangsæter |

**Fylkesmannen i Møre- og Romsdal**

*Støy: Resultata av støyrapporten må nedfellast i føresegnene og konkretiserast – t.d med høgde på støyvollen og tiltak på bygningsmassen. Det er ikkje nok å krevje dette i byggesaka. Reiser difor **motsegn** mot planen.*
*Samfunnstryggleik:*
*Etterlyser geofagleg vurdering av skredfaren i planomtalen. Ser at slik vurdering er gjort ut av Føresegnene. Planomtalen må oppdaterast på dette punktet.*
*Meiner vidare at andre avsnitt av §7.3 må vere ei rekkefølgjeføresegn under §8.*
*Barn og unge:*
*Nærleikeplassane i BK1 og BK2 må kartfestas, og funksjonskrava må inn i føresegnene. Fylkesmannen reiser **motsegn** på dette punktet.*

*Vil også ha klarare utformings- og funksjonskrav på leikeplassane Leik_1 og 2, samt at ferdigstilling av desse plassane må inn som rekkefølgjekrav i §8*

**Kommentar:**
Støy:
Som grunnlag for støyrapporten som er utarbeidd av Sweco (Kilde Akustikk) er det lagt inn høgde over noverande terreng på støyvollen. Dette går fram på s 9 i den vedlagte støyrapporten. Horisontal plassering av støyvollen går fram av reguleringskartet, og i planomtalen er vertikal plassering synt på snitta. Støysonene er omtala i planomtalen under §7.3-4. Krava til inne- og utandørs støynivå for BK og FS-områda er spesifisert i §4.1-h og §4.2-g Tiltak på bygningsmassen skal utarbeidast av fagkunnige og det er i føresegnene sett vilkår om etterfylgjande støyavklaring tilknytt detaljert byggeplan for dei ulike områda. Etter etterfylgjande dialog er desse tilhøva avklara og motsegn til plan i høve støy er trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av 9.11.2015 og justert planframlegg som no blir tilrådd godkjent. Støyskjerm er teikna inn i plankartet, og krav om etablering inngår i føresegnene pkt 4.4

Samfunnstryggleik:
I tilknyting til planutarbeidinga er det utarbeidd geofagleg vurdering av området ved ekstern geolog. Denne vurderinga er vedlagt saksdokumenta. Konklusjonen frå den geofaglege vurderinga er med i planomtalen i §§7.3-1 og 7.10 samt at resultata er innvevd med krav i føresegnene. Viser elles til NVE sin merknad der dei peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utførd, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. NVE har ut frå dette ingen merknad til planen

Barn- og unge:
Etter varsla motsegn er det i dialog med fylkesmannen avklara endringar i plankart og føresegner som gjer at motsegn no vert trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av ??.11.2015.
Det er no innarbeidd område for leik tilknytt områda Bk1 og Bk2, område f_leik3 og f_leik4.
Det er gitt klare føresegner om utforming og minimum innhald i desse plassane, og sett rekkefylgjekrav som sikrar opparbeiding før bustadane kan takast i bruk.
Leik_1og 2 skal vere naturleikeplassar utan vesentleg tilordning. Dette går klart fram av planomtalen §7.3-3 og føresegnene §4.3.

**Møre- og Romsdal Fylkeskommune.**

*Kulturavdelinga v/ Øyunn Kleiva:*
*1: **Har motsegn til planen** – pga føremålet o_AFr - nærmiljøanlegg der det kan byggast t.d. ballbinge. På området er det registrert eit automatisk freda kulturminne id nr 177066 der området ikkje kan bebyggast eller tildekkast. Krev at arealbruken her vert endra og at omsynssonene vert innteikna på plankartet*
*2: Arealbruken på BK1 kan vere uendra. Føresegnsområde (RpBo) skal vere nummerert i planen, og nummereringa skal finnast igjen i føresegna: "RpBo nr 1 - ID 177067". Føresegnene til RpBo skal ikkje ligge under omsyns-sonene, men under hovud-føremålet som her er BK_1. Dvs at §7.4 i føresegnene går ut, og at bestemmelsane der vert lagt inn i §4.4 pkt. a: o_Leik og respektive §4.1 pkt. i (RpBo på BK1).*

*3: Planomtalen må ha med eit avsnitt om automatisk freda kulturminne.*

Kommentar:
Arealbruken på Nærmiljøtomta (**o_AFr** – sosi 1440) er i justert plan endra til off. leikeplass (**o_Leik** - sosi1610). Begge desse føremåla er leikeområde. Forskjellen er at på o_AFr kunne det byggast t.d ballbinge, medan det på o_Leik ikkje kan gravast, overdekkast eller byggast. (Ut frå omsyn til fornminne).
Med det nye føremålet får tomta same funksjon som ho har i dag, og vert liggande utan andre inngrep enn eventuell sikring /støyskjerming mot E39. RpBo-markeringa på dette arealet er erstatta med omsynssone D (H_730), og ikring denne er det avsett omsynsone C (H_570). Desse løysingane er i ettertid akseptert av Fylkeskommunen i brev av 4.11.2015 der motsegn er trekt. Føresegnene i plan slik denne no vert fremja for slutthandsaming er i samsvar med vilkåra i dette brevet. Planomtalen er justert tilsvarande.

Barn og unge
*Det vert varsla* ***motsegn*** *til plan ut frå omsyn til barn og unge sine interesser. Konkret knytt til manglande avsett areal for leik tilknytt Bk1 og Bk2. Aksepterer ikkje at dette skal utsettast og kome som del av samla byggeplan for desse områda slik utbyggar har lagt til grunn. Heller ikkje krav til kvalitet på desse areala er tilfredsstillande avklara i plan.*

**Kommentar:**
I justert plan datert 10.11.2015 er det no avsett slike areal for leik.
Det er gitt endra føresegner til plan som sikrar krav til utforming og innhald for desse leikeareala, og rekkefylgjebestemmelsar som sikrar samtidig opparbeiding.
Den varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge, er ut frå dette trekt etter justering av plan slik den no er fremja for slutthandsaming.

**Statens vegvesen**
*1: Støyproblematikken er tilfredsstillande ivareteke.*
*2: Ynskjer 15m byggegrense frå CL E39*
**Kommentar:**
Byggegrensa er i justert plan endra til samsvar med tilråding frå Statens vegvesen.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/endring av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentleg ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då ma St.Vegvesen ikkje sette vilkår om dette, St.vv fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.
Skal tilhøva i dette krysset betrast må linjeføringa for hovudvegen på strekninga endrast. Vegen må hevast forbi krysset, og bakketoppen aust for krysset må skjerast ned for å oppnå betre sikt mot sentrum. Ved heving av hovudvegen kan stigninga i krysset bli noko betre. Vidare må/bør det då vurderast etablering av avsvingefelt før krysset frå nord for å unngå opphoping i kryssområdet og dei mulegheiter dette gir for påkøyringar bakfrå i dette området. Alternativt forbikøyringslomme og betre skilting/forvarsling av farleg kryss, og redusert fartsgrense i området. Td kan 50km-sona flyttast til vest om krysset/svingen nord for krysset.

Slike endringar vil i stor grad også påverke tilhøva på sørsida av vegen, m.a avkøyrsler og er eit prosjekt som må sjåast samla som del av utbetring av E39 i samråd med Statens vegvesen.

Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle rekkefylgje-bestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid. Vi finn det ikkje rett å tilrå ei slik løysing no.

**NVE**

*Peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utførd, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. Har difor ingen merknad til planen.*

**VØR :**

*Ynskjer avsett felles returpunkt for renovasjon for bustadane i FS1og2*
*Snuplassen for SKV_2 må vere dimensjonert for renovasjonsbil («L» = Lastebil)*
*Felles returpunkt for renovasjon for BK_1 og BK_2*

**Kommentar:**

Felles returpunkt for FS-områda vil bli plassert oppe ved kommunevegen. Renovasjonsbilen slepp då å snu på sin veg opp til Nordalsfeltet.
Jf. Elles krav i reguleringsføresegnene om lokalisering av slike returpunkt som del av detaljert byggeplan for kvart byggeområde, føresegnene §3 i og §4.1 –a og b.

**Inge Lid:**

Leik 2: Flott at den gamle steingarden vert teken vare på. Her må ein også sikre mot leikeplassen slik at barn ikkje klatrar og får stein over seg. Eit godt gjerde er truleg beste løysinga.
Køyreveg: Tilkomst til FS1 og FS2. Før utbygging av disse områda kan skje må vegen frå enden av den opparbeidde Nordalsvegen i dag og til SKV 2 opprustast til dagens standard for bilvegar.

*Kommentar:*

*Oppgradering av forlenging av kommunevegen (30-40m) bort til SKV_2 må takast inn i utbyggingsavtalen med kommunen. Utbyggingsavtalen skal etablerast for å sikre deltaking og kostnadsdeling for utbygging /oppgradering av veganlegga i samsvar med plan. Sjå føresegnene §5.2 pkt. c.*
*Krav om opprusting av vegar vert også sett som rekkefylgjebestemmelsar i føresegnene §8.*

**Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge**

*Er usamd i at det skal etablerast fortau langs Gamlevegen – vil heller ha sperring for gjennomgåande biltrafikk. Meiner at etablering av fortau vil generere ny auka trafikk.*
*Ber kommunen om **å beskytte etablerte stiar / ferdselsårer** samt nye potensielle ferdseslsårer og naturen i området. Desse kan med fordel rustast opp og få «..ei meir universal utforming og ikkje være ein salderingspost for utbyggar.»*

**Kommentar**

Overordna trafikkstruktur i området er vurdert i kommunedelplan.
Når det gjeld etablerte stiar og ferdselsårer kan vi ikkje sjå at nokon slike vert råka av planframlegget.
Ein legg i staden opp til ny turtrasé opp frå Gamlevegen til utmarka i Nordalen, samt at det er lagt inn stort samanhengande friluftsområde opp mot E/Klepp og vidare til fjells. Sjå elles kommentar til innspel Hauge/Busker-Larsen nedanfor.

**Christopher og Therese Berg Zetterstrøm**

*Del av området mellom Strand og Skjønberg er eigd av Zetterstrøm. Det vert peika på at dette er ein del av hagen som dei benyttar dagleg.*
**Kommentar**:
*Det går ein sti langs høgste ryggen inntil Zetterstrøm si grense. Nedre delen av Zetterstrøm sitt område er nokså overgrodd og er ikkje opparbeidd eller nytta som hage.*
*Grøntstrukturføremålet i planen f_GT er justert slik som synt på denne skissa. Eigedomen 15/52 vert då berre røyrt heilt nede ved Gamlevegen*




**Hake AS v Øyvind Eidså**
(Hake AS er det firmaet som p.t bygg ut firemannsbustadane på nabotomta, Gamlevegen 48)

*Finn det umogleg å ta stilling til planen då her ikkje er med plassering av hus, parkeringsplassar, avkøyrsler eller internvegar.*
*Dersom planen vert vedteken i om lag ei slik form som den no ligg føre må det stillast krav om bebyggelsesplan i ettertid.*
*Meiner at byggehøgda(12m) er for stor i høve avstand til nabogrense (4m), og at vi med utnyttingsgrad på 40% bør ha minst 5-6m byggegrense frå naboeigedom*

**Kommentar:**
Sjå føresegnene §4.1-a og b der det er sett vilkår om samla byggeplan for området før utbygging. Dette vil då også verte framlagt som del av nabovarsling og vi då også gi høve til innspel og merknader og ev klage.
Spørsmål om byggegrense kontra byggeavstand nabo er reell. Byggehøgda for område Bk2 er såleis justert i føresegnene til maks 10.5 m målt i front av bygg. Med terrenghellinga som er i området vil dette gi høgde i høve til gjennomsnittleg terreng på ca 8m, som tilseier min. 4 m frå nabogrense.

**Thomas Busker Larsen,** med fleire i Gamlevegen, jf underskriftsliste.
*Ønskjer at infrastrukturen knytt til hele Gamlevegen blir utbetra/gjennomført før ein gir løyve til fleire nybygg.*
*Ønskjer at Gamle Engesetveg og innkjøyringa ved Fjordsyn må bli fysisk stengt, slik at trafikken blir leda heilt ned i sentrum.*
*Krysset ved E39 og Frøholmfeltet må bli utbetra.*

*Alternativt ønskjer dei at Gamlevegen blir stengt med bom slik som det er gjort i Uravegen og Brenslene. På den måten vil ein avgrense trafikken, og unngå gjennomkøyringa som er i dag.*

**Kommentar**

Innspela frå Larsen gjeld i hovudsak eksterne tilhøve og ikkje konkrete tilhøve i planområdet. Dei ytre rammene og trafikksituasjonen langs Gamlevegen er i plan handsama i samsvar med intensjon i overordna plan.
Kommunedelplanen frå 2009 fastset at Strandområdet kan leggast ut som bustadfelt. Trafikktilhøva i Gamlevegen er vurderte både i kommunedelplan, og ved utforming av detaljplanen for Strand. Vegutforminga er i samsvar med intensjon i kommuneplan og har med vegutviding og fortau-løysing gjennom området.
Stenging for gjennomgåande biltrafikk i Gamlevegen må eventuelt gjerast som del av framtidig revisjon av trafikktryggingsplan/skiltplan for området.
Tilhøvet til Krysset mellom Gamlevegen og E39 er ikkje teke inn som vilkår i planen. Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje dette krysset, og Statens vegvesen har heller ingen kommentar til løysinga i høve krysset.
Jf omtale om dette tidlegare i saka (Statens vegvesen og samandrag).
Dei andre løysingane knytt til skilting i Gamlevegen og tilhøyrande kryss (mot G.Engesetv. og ved Fjordsyn m.fl) er tiltak som bør vurderast i trafikktryggingsplan uavhengig av dette planprosjektet.

**Ola A Rangsæter**

*Positivt at det ser ut til å bli mindre gjennomgangstrafikk opp Frøholmfeltet enn frykta*
*Peiker på krysset Gamlevegen/E39 og gjer framlegg om tiltak som kan forbetre situasjonen.*
*Ynskjer gjennomskøyringsforbod i Gamlevegen, men føreset at dette vert gjort med skilting (Ikkje bom?) i krysset Gamlevegen/E39 slik at Frøholm/Norddalen kan få tilkomst også via Gamlevegen.*
*Er totalt sett positiv til utbygginga av Strand-feltet*

**Kommentar:**

Innspela frå Rangseter og framlegg til løysing for eksisterande kryss/trafikkfarlege punkt (jf pkt 2 i merknaden) er ein samd i, og er tiltak som ut frå dagens situasjon bør kunne spelast inn mot Statens vegvesen som reine trafikktryggingstiltak uavhengig av reguleringsplanen for Strand.
Jf. Omtale ovanfor om dette.
Spørsmål om å gjere planen for Strand-området avhengig av vegutbetringar her var tema ved planoppstart og ved utlegging av plan til off ettersyn. Ut frå m.a innspel frå Statens vegvesen vart det valt å halde dette utanfor.
Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje kryssområdet E39/ Gamlevegen, og Statens vegvesen har ingen kommentar til løysinga i høve krysset – dei berre konstaterer at støyproblematikken for nye bustadar i Strandfeltet er løyst på akseptabelt vis. Eventuell løysing av eksisterande siktproblem langs vegen er ei sak for Statens vegvesen knytt til E39. I tillegg til dei tiltaka Rangseter peiker på i pkt 2 i innspelet kan ei løysing vere å forlenge 50 km/t – sona utover forbi pleieheimen til Klippa.

Ei skilting som skissert i innspelet vil truleg gje auka trafikk i Gamlevegen noko som ein ikkje ynskjer.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Vert avklara gjennom planprosessen.
Opprusting av veg med fortau vil vere positivt. Auka trafikk vil vere eit minus.
For Volda kommune er leik og aktivitetsområde for born og unge ekstra viktig. Dei avsette områda f_leik1 og 2 og O_leik gir saman med turvegdraget f_GT eit samla godt tilbod til naturoppleving og leik. Jf også krav i føresegnene til internleikeplassar i byggeområda.
Krav om sikring mot støy frå E39 og etablering av støyvoll vil også ha positiv effekt for deler av eksisterande bebyggelse.
Rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av veg, leikeplassar mv før bustader kan takast i bruk er positive helse og miljøtiltak.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kommunal deltaking vert avklara gjennom utbyggingsavtale basert på godkjent plan. Her skal det og sikrast at dei deler av teknisk infrastruktur som kommunen skal overta vert tilfredsstillande løyst og ferdigstilt før overtaking.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Er avklara gjennom planprosessen.
Jf vedlagde utfylt skjema for risiko og sårbarheitsvurdering og gjennomført geoteknisk vurdering og krav til vidare avklaring gjennom detaljplan og innlagde omsynssoner.
Jf også gjennomført støyvurdering av reguleringsføresegner tilknytt sikring mot støy.

**Vurdering-Konklusjon:**
Innspela ved offentleg ettersyn er gjennomgått ovanfor.
Det er gjort endringar i plan som imøtekjem ein del av desse, og varsla motsegner er trekte.
Gjennom justert plan slik den no vert fremja har vi også fått ein tydelegare avklaring i høve til dei registrerte kulturminne i området, det er definert klare område for leik/friområde knytt til kvart utbyggingsområde.
Vidare er planlagt utbyggingsmønster klarare definert, jf illustrasjonar i planomtale.
Det er sett klarare krav til utforming og innhald i etterfylgjande byggeplan for dei einskilde utbyggingsområda og for leikeområda.
Vidare er det gitt rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av vegar og leikeplassar i samsvar med plan før bustadane vert tekne i bruk.
Omsynet til sikring mot steinsprang mv og omsyn til å ivareta støytilhøva for nye bustader er ivareteke gjennom planløysing/føresegner.
I dialog med tiltakshavar har ein også justert føresegnene knytt til planlagt byggehøgder i området. I området Bk2 er såleis no byggehøgd justert til maksimal byggehøgde (gesims og mønehøgd) til 10.5m, målt i høgste fasade på bygget. Dette gir rom for ein utbyggingsmodell med inntil tre etg. pluss eventuell kjellar/underetasje under terreng med garasje/bodplass.
For byggeområde BK_1 var det i planframlegget tidlegare lagt til grunn maksimal gesims og mønehøgd på 9m. I illustrasjon som fylgjer planen er det vist bygg med inntil 2 etg.
Kommunen tilrår å redusere byggehøgd til maks gesimshøgd 8m og maks mønehøgd 9m slik at det er samsvar mellom planomtale og føresegner. jf justerte føresegner datert 10.11.2015.

I kommunen si tilråding ved offentleg ettersyn vart det rådd til at område FS_2 blei tatt ut av plan. Dette ut frå at området er svært bratt og eksponert og planlagt plassering av bustad her, både tilkomstveg, naudsynt utsprenging av tomt og byggplassering vil vere svært uheldig landskapsmessig. Ved nærmare synfaring av området, vart det ut i frå ei vurdering frå formannskapet tilrådd å behalde FS_2 til bustadformål, då området vart sett på som ein kvalitet.
Dette gjer det naudsynt med nærare avklaringar og dokumentasjon kring sikring/skredfare i høve utbygging av FS_2. Det må difor gjennom nye berekningar og vurderingar knytt til utbyggingsplan for området dokumenterast at tilhøva vert tilfredsstillande sikra for bustadformål, dette er sikra i føresegnene til plan.
Administrasjonen er likevel framleis skeptisk til at denne tomta vert lagt ut som byggeområde, ut frå dei aktuelle og uavklara sikringsbehov og dei store terrengmessige utfordringane som ei utbygging her vil medføre.
At dette området vert liggande som ei naturleg vidareføring av natur/friområdet langs åsryggen ville vere ei betre løysing for heile området.
Og med den sterke utnytting som elles er lagt opp til med kanskje 30-40 bustader samla i Bk1 og Bk2 kunne gjerne eit slikt marginalt areal i bustadsamanheng, men eit unikt areal i friluftssamanheng, få ligge urøyrt.
I lojalitet til politisk vedtak om aksept av planløysinga ved utlegging til offentleg ettersyn har vi likevel ikkje tilrådd endringar i plan på dette punktet no.
I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2.Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f_SKV_1.
Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrsler i området  og ut frå terrengtilhøva.

Justert plan datert 1.11.2015 vert tilrådd fremja med sikte på eigengodkjenning i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12, men med fylgjande endring:
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Går som melding til sektor Utvikling, planseksjonen for kunngjering av plan etter vedtak i kommunestyret.

**Kopi:**
Strand Utvikling v/Trond Klepp
Svein Holmen Planlegging

# VOLDA KOMMUNE
## Utvikling

Høyringsorgan - partar
Jf. adresseliste

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2012/2636 | 12338/2015 | 2012011 | UTV/ PERHEL | 02.12.2015 |

**PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND KUNNGJERING AV PLANVEDTAK. PBL §12-12**

Vi melder med dette frå at Volda kommunestyret den 26.11.15 hadde føre ovannemnde som sak PS 120/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*
2. *Med fylgjande endring:*
   *Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

Saksutgreiinga med tilhøyrande plandokument fylgjer vedlagt.
Endringane i føresegner og plankart slik det går fram av vedtaket pkt 2 er innarbeidd i justert plan datert 10.11.2015.
Dokumenta i saka er også lagt ut til offentleg ettersyn ved servicekontoret i kommunen og på kommunen si heimeside. (www.volda.kommune.no)

Ein kan klage over vedtak om plangodkjenning til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 3 veker etter kunngjering/motteken melding om vedtaket.
Klage skal vere grunngjeven, skal merkast med arkivsak nr 2012/2636.
Klage skal stilast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og sendast til: Volda kommune, Postmottak, Stormyra 2, 6100 Volda eller ved e-post til postmottak@volda.kommune.no.

Godkjent reguleringsplan er bindande innanfor planområdet, for alle arbeid og tiltak etter Plan og bygningslova §20-1 og §20-2. Det same gjeld frådeling og annan bruk som kan gjere gjennomføring av plan vanskeleg.
I høve planvedtaket viser ein også til reglane i Plan og bygningslova (PBL) kap. 15 om grunneigar sin rett til innløysing og erstatning, og PBL kap16 om ekspropriasjon for gjennomføring av plan.
Spørsmål til saka kan rettast til planseksjonen i kommunen, telef. 70058717 / 91151347.

Med helsing

……………..
Jørgen Vestgarden
Utviklingssjef

………………
Per Heltne
Fagansvarleg plan


Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | www.volda.kommune.no
Telefon: 70058717 | Telefaks: | Org. nr: 939 760 946 | Bankgiro:

**Kopi:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Strand Utvikling v/Trond Klepp | Fransvegen 17 | 6104 | VOLDA |
| Siv.ing. Svein Holmen Arealplanlegging | Postboks 319 | 6101 | VOLDA |

**PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND**
**Adresseliste - offentleg ettersyn. 11.06.2015 – 25.07.2015**
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylke, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens Vegvesen, Fylkeshuset 6404 Molde
NVE rv@nve.no
Tussa Nett as post@tussa.no
Telenor Networks v/Servicesenter for nettutbygging, sfn@telenor.com
VØR, firmapost@vor.no
Engeset, Klepp og Nordalen Grendauval odd.paulen@gmail.com

**Interne fagavdelingar i kommunen**:
Barnerepresentanten berit.koen@volda.kommune.no
Utvikling jorgen.vestgarden@volda.kommune.no
Kultur og service inger.johanne.johnsen@volda.kommune.no
Teknisk rune.totland@volda.kommune.no
Opplæring og oppvekst per.ivar.kongsvik@volda.kommune.no
Helse og Omsorg jorunn.tomasgard@volda.kommune.no
Eldrerådet
Ungdomsrådet
Kommunalt råd for funksjonshemma

**Grunneigarar og naboar:**
**Naboar/partar:**
Sigrid og Erling Skarstein, Nordalsvegen 6102 Volda
Inge Lid, Nordalsvegen 12, 6102 Volda
Christopher Zetterstrøm og Therese Bergstrøm, Øggardsvegen 2, 6102 Volda
Gunnar Bernt Skjønberg, Gamlevegen 56, 6102 Volda
Hake as, Vikebygdvegen 4, 6103 Volda
Anja Nautvik, Gamlevegen 4Anja Nautvik, Gamlevegen 47, 6102 Volda
Ola Rangsæter, Nordalsvegen 13, 6102 Volda
Volda Kommune, Stormyra 2, 6103 Volda
Halvor Rusten, Lisjeheida 10. 6091 Fosnavåg
Anders Strand Røysbakken 10, 6103 Volda
Bjørn Strand Røysbakken 12, 6103 Volda
Tor Rønning Strand, Gamlevegen 54, 6102 Volda
Ole Andreas Hauge, Gamlevegen 28, 6102 Volda
Thomas Busker Larsen, Gamlevegen 6102 Volda

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2015/1006 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 113 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 4/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## VOLDSFJORDKRYSSING AS (SUS)

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **Kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS (sus).**

2. **Kommunestyret godkjenner for sin del forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale i samsvar med vedlegg 1 og 2 i denne saka.**

3. **Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å skipe selskapet på vegne av Volda kommune og aktuelle samarbeidspartar.**

4. **Formannskapet får fullmakt til å gjere evt. naudsynte tilpasningar som følgje av dei drøftingar som følgjer av pkt. 3.**

5. **Kommunestyret viser til at Volda kommune sin del av aksjekapital, kr 300.000, tidlegare er vedteken dekt ved bruk av ubunde disposisjonsfond.**

**Vedleggsliste:**
1. Forslag til vedtekter
2. Forslag akseeigaravtale

**Uprenta saksvedlegg:**
1. F-sak 68/15. møte 5.5.15
2. K-sak 84/15, møte 27.8.15
3. K-sak 153/15, møte 17.12.15

**Samandrag av saka:**
Det vert gjort framlegg om at kommunestyret godkjenner at Volda kommune går inn som aksjeeigar i selskapet Voldsfjordkryssing AS, og at kommunestyret godkjenner forslag til vedtekter og aksjeeigaravtale m.m..

**Saksopplysningar:**
I kommunestyret sitt møte 27.8.15, sak 84/15, vart det gjort slikt vedtak:

1. *Volda kommunestyre ber formannskapet om å førebu etablering av selskapet "Voldsfjordkryssing", herunder utarbeide vedtekter, invitere aktuelle aksjonærar, gjere framlegg om aksjekapital, og gjere framlegg om styremedlemer.*

2. *Kommunestyret vil gjere endelege vedtak om etablering i samband med vedtak om løyving av naudsynt aksjekapital.*

I møte 17.12.15, sak 153/15, gjorde kommunestyret slikt vedtak med 14 mot 12 røyster:

> *"Det vert avsett aksjekapital kr 300.000 til planlagt etablering av selskapet Voldsfjordkryssing. Dekning ved bruk av ubunde disposisjonsfond.*
>
> *Kommunestyret tek endeleg stilling til stiftinga av selskap og formål mv i eiga sak på grunnlag av samla vurdering og saksutgreiing frå administrasjonen"*

Det var i samband med fråsegn til NTP 2018-2027 i møte 5.5.15 at formannskapet signaliserte at Volda kommune har som intensjon å ta initiativ til stifting av eit selskap som vil få som hovudoppgåve å etablere bru over Voldsfjorden, så sant ny ordning for ferjeavløysing opna for det, noko Kommuneproposisjonen for 2016 la opp til.

I tilråding frå samferdselsdepartementet 20.11.15, godkjent i statsråd same dagen, om endringar i statsbudsjettet for 2015 (Prop. 19 S), går det fram følgjande om alternativ bruk at ferjetilskot:
*"Gjeldande rammer for den statlege ordninga med alternativ bruk av ferjetilskott følgjer av St.meld. nr. 16 (2008–2009)* ***Nasjonal transportplan 2010–2019.*** *Ordninga legg til rette for at innsparte drifts- og kapitalkostnader ved nedlegging/nedkorting av eit ferjesamband kan nyttast til å delfinansiere eit fastlandssamband som avløyser eventuelt kortar inn ferjesambandet.*

*Regjeringa ønskjer å gjere einskilde endringar i rammene for ordninga. Det blir foreslått å utvide perioden det blir rekna innsparing for frå 30 år i dag til maksimalt 40 år. Vidare blir det foreslått å setje utbetalingsperioden vesentleg lågare enn perioden det blir rekna innsparing for, og maksimalt tilsvarande lengda på bompengeperioden. Ein forkorta utbetalingsperiode vil gjere ordninga enklare å administrere, og ein unngår at bompengeselskapet har eit restlån når bompengeinnkrevjinga blir avslutta.*

***Regjeringa vil komme tilbake til Stortinget med ei konkretisering av forslag til endringar i rammene for ordninga."*** (Rådmannen si utheving)

Ved vurdering om oppretting av nye "bompengeselskap" er det også greitt å ha føre seg at staten har oppretta eit eig selskap, Nye Veier AS, som har fått i oppdrag å stå føre fem overordna vegprosjekt, der ingen av desse er på Vestlandet, sjå http://www.nyeveier.no/

Men i denne samanheng er det også greitt å har føre seg at før etablering av eventuelt nye lokale bompengeselskap vil det vere viktig å få nærare avklart kva føresetnader som kan leggast til grunn frå overordna mynde si side. Den tenkte rentekompensasjonen i 2016 til bompengelån vart t.d. i budsjettforliket 2016 redusert frå 400 mill. til 100 mil. Om ordninga heiter det:
*"Ordningen vil gi rom for å redusere bomtakster, øke rabatter og/eller redusere*

*nedbetalingstid. Den skal kun omfatte bompengeprosjekter som inngår i ett av de fem nye, regionale bompengeselskapene.* ***Den omfatter prosjekter som skal gjennomføres av Nye veier AS, som er en viktig del av regjeringens veireform****."(*rådmannen si utheving).

**Vurdering og konklusjon:**
Då kommunestyret i august -15 gjorde intensjonsvedtak om å opprette eit eige bruselskap, var det klart at Stortinget hadde bede regjeringa leggje til grunn inntil 40 år med ferjeavløysingsmidlar på fylkesvegferjene, dvs. det same som for riksvegar. Men andre vilkår for ordninga var på det tidspunkt ikkje kjende.

Når no regjeringa i statsråd 20.11.15 seier at dei seinare vil kome tilbake til Stortinget med ei konkretisering av forslag til endringar i rammene for ordninga, meiner rådmannen at skiping av eit lokalt "bompengeselskap" i utgangspunktet bør vente til desse rammene er klare. Men av lojalitet overfor kommunestyret, vil rådmannen likevel no legge fram forslag til vedtekter for eit bruselskap. Ein ser ynsket om etableringa allereie no i samanheng med opplysningar gitt i formannskapet om at det kan ha ein viss verknad å kome tidleg i gang med planleggingsarbeidet.

Rådmannen ser det som nærast ein føresetnad for at selskapet skal lykkast at næringslivet og andre kommunar sluttar seg til selskapet og jobbar fram prosjektet. Det er svært viktig for Volda og regionen å få fastlandssamband over både Voldsfjorden og Dalsfjorden. Dette er svært store prosjekt, og selskapet vil få ei formidabel utgreiingsoppgåve og vil mest sannsynleg måtte leige inn konsulenttenester for å ha framdrift i arbeidet. Selskapet bør arbeide for å skaffe inntekter til å finansiere arbeidet for å unngå behov for å utvide aksjekapitalen. Det vert lagt til grunn at Volda kommune vert hovudaksjonær. Ved til dømes eit 60/40 forhold vil det innebere at selskapet kan oppnå ein aksjekapital på til saman kr 500 000.

Aksjelovgjevinga er klar på at det er styret i eit aksjeselskap som har det overordna ansvaret for forvalting av selskapet, og eigarane har mynde gjennom generalforsamlinga. Dette betyr at kommunen som aksjeeigar ikkje kan gje pålegg til selskapet sitt styre, utan at dette skjer i forma av vedtak frå generalforsamlinga. Nivået på kommunen sin eigardel må difor tilpassast kommunen sitt mål med eigarskapen. Rådmannen har oppfatta det slik at kommunestyret ynskjer deltaking også frå andre kommunar, næringsliv og privatpersonar, men at Volda kommune bør vere "hovudaksjonær" i starten, dvs. etablere selskapet.

Som *vedlegg 1* følgjer forslag til vedtekter for selskapet, og som *vedlegg 2* følgjer forslag til akseeigaravtale, som rådmannen gjer framlegg om at kommunestyret godkjenner. Det vert gjort framlegg om at formannskapet får fullmakt til å skipe selskapet, og gjere kontakter med andre aktuelle aksjonærar.

Samferdsel er viktig for utvikling av samfunnet. Det er no fleire sentrale samferdselsprosjekt som involverer Volda kommune, og det vert viktig å vere open på desse satsinga og avstemme felles interesser i samband med forhandlingane med kommunar ein ev vurderer å slå seg saman med.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Vert å avklare i reguleringsplanarbeidet som vil følgje saka (evt. konsekvensanalyser o.a).

**Økonomiske konsekvensar:**
Midlar til etablering er avsett i budsjettet. Dersom selskapet sin aktivitet for å følgje opp formålet inneber ein aktivitet som er høgare enn inntektsbringande drift, så kan det oppstå behov for å utvide aksjekapitalen.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Bruløysingar vil særleg gje betra brann- og helseberedskap i vestre deler av kommunen.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Formannskapet v/ordførar

# Forslag til vedtekter for Voldsfjordkryssing AS

§1 Selskapet sitt namn er Voldsfjordkryssing AS.

§2 Selskapet si forretningsadressse skal vere Volda kommune.

§3 Selskapet sitt hovedføremål:
Å arbeide for finansiering og tekniske løysingar med mål om å:
a) Erstatte ferja Volda-Folkestad – med brusamband over Voldsfjorden - finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar
b) Erstatte ferjesambandet Volda-Lauvstad – med brusamband over Dalsfjorden - finansiert primært med ferjeavløysingsmidlar samt bompengar
c) Vere pådrivar for etablering av tunnel-samband mellom vestsida av Dalsfjorden og Vanylven.

§4 Selskapet sin aksjekapital er kr. 300.000,- delt på aksjar pålydande kr. 1.000,-

§ 5 Kommunar, fylkeskommunar, næringsliv og privatpersonar kan eige eller erverve aksjar i selskapet.

§6 Selskapet sitt styre skal ha 3 – 7 medlemer alt etter generalforsamlinga si nærare avgjerd. Styret blir valt for 2 år. Styret sin leiar blir vald av generalforsamlinga.

§7 Selskapet vert teikna av formannen i styret.
Eit samla styre kan gi prokura.

§8 Ordinær generalforsamling vert halde kvart år innan utgangen av juni månad i samsvar med aksjelova. Innkalling og dagsorden til generalforsamlinga vert sendt aksjonærane med minst 2-to-vekers varsel.

Ekstraordinær generalforsamling vert halden i samsvar med reglane i aksjelova.

I generalforsamlinga skal handsamast:

1. Fastsetjing av resultatregnskap og balanse
2. Bruk av overskot eller dekning av underskot i høve til den fastsette balansen
3. Val av styre
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.

§9 Overdraging av aksjar skal meldast og godkjennast av styret.

§10 Det vert elles vis til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

## Aksjeeigaravtale for Voldsfjordkryssing AS

Denne aksjeeigaravtalen er inngått mellom alle eigarane av aksjar i Voldsfjordkryssing AS og skal til ei kvar tid gjelde alle aksjane i selskapet.

1. VAL AV STYRE
Volda kommune har rett til å oppnemne inntil 4 styremedlemmer, med personlige vara, medrekna styreleiar. Kommunane i regionen og fylkeskommunar og andre interessentar har til saman rett til å velje eller peike ut inntil 3 styremedlemmer, med personlege vara.

3. STYREMØTE
Ordførarar i eigarkommunane skal kallast inn til styremøta i selskapet. Vedkommande har talerett i møta.

4. FORHOLDET TIL ÅLMENTA
Selskapet si verksemd er underlagt lov om offentlighet i forvaltningen.

8. ENDRINGAR OG OPPHØR
Det er ein føresetnad at alle aksjeeigarane er enige om opphøyr av, eller endringer i denne avtalen.

9. TVISTER
Eventuell tvist mellom aksjeeigarane skal løysast gjennom forhandlingar. Dersom ikkje forhandling fører fram innen 3 månader, skal tvisten løysast ved voldgift etter reglene i tvisteloven kapittel 32.

……………………………… ………………………………… …………………….

……………………………… ………………………………… ……………………

……………………………… ………………………………… ……………………

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2014/697 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 611 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 5/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |

## GBR 19/546 - FORLENGING AV OPSJON PÅ KJØP AV TOMT

**Administrasjonen si tilråding:**
**Volda Turisthotell AS sin opsjon på gnr. 19 bnr. 546, gjeve i sak 117/14, vert forlenga til 31.12.17 på same vilkår som i nemnde sak.**

**Vedleggsliste:**
1. Brev av 11.11.15 frå Volda Turisthotell AS
2. Eigedomskart
3. Utsnitt reg.plan

**Uprenta saksvedlegg:**
F-sak 117/14, møte 10.6.14

**Samandrag av saka:**
Det vert rådd til at Volda Turisthotell AS sin opsjon på gnr. 19 bnr. 546, gjeve i sak 117/14, vert forlenga til 31.12.17 på same vilkår som i nemnde sak.

**Saksopplysningar:**
I sak 117/14, møte 10.6.14, vart det gjort slikt samrøystes vedtak:
1. *Volda Turisthotell AS får opsjon på gnr. 19 bnr. 546. Opsjonen gjeld til 31.12.2015.*

2. *I fall Volda Turisthotell AS ynskjer å løyse inn tomta når opsjonstida er ute, skal prisen fastsetjast på grunnlag av:*

   - *Kostpris: kr. 227.000,- justert for konsumprisindeks frå 26.6.2002 til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet, jfr. reglane om bagatellmessig støtte*

3. *Kjøpar må bere alle kostnader med overdraginga.*

I brev av 11.11.15 ber Volda Turisthotell om at opsjonen vert forlenga til 31.12.17, jfr. *vedlegg 1.*

I brevet går det fram at dei har trong om ytterligare auke av tilgjengleg p-areal ut over det som er omfatta av opsjonen. I møte med leiinga av hotellet orienterte rådmannen om at det kan oppstå tilhøve kring tingretten som kan få innverknad på kva som kva verte optimal løysing på bruken av dei aktuelle kommunale areala ved hotellet/tingretten som er regulert til trafikkareal (parkering). Det vart i møtet drøfta om det då kan vere aktuelt for hotellet å forlenge opsjonsperioden på det arealet dei fekk opsjon på i sak 117/14.

Vedlagt følgjer kartskisse som viser kommunal eigedom i området, *vedlegg 2*, og gjelande reguleringsplan, *vedlegg 3.*

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen rår til at opsjonen på gnr. 19 bnr. 546 vert lengd til 31.12.17, på same vilkår som i sak 117/14.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Er vurdert i sak 117/14

**Økonomiske konsekvensar:**
Er vurdert i sak 117/14

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Volda Turisthotell AS
Skjervavegen 17, 6100 Volda.

Utviklingssektoren, her.

1:1000

07.01.2016

N




Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.

N

1:1000

07.01.2016




Kart må vere i kurant målestokk og med rutenett for å kunne nyttast i søknader.

### *Reguleringsplan-Byggeområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.1)*

Område for bustader med tilhøyrande anlegg
Frittliggjande småhusbusetnad
Område for offentlege bygningar (stat, fylkeskommune,kommune)
Offentleg undervisning (skule,universitet mv.)
Offentleg institusjon (sjukehus, gamleheim, sjukeheim mm)

### *Reguleringsplan-Offentlege trafikkområde (PBL1985 § 25,1.l*

Offentlege trafikkområde
Køyreveg
Gate med fortau
Anna veggrunn
Gang-/sykkelveg
Gangveg
Parkeringsplass

### *Reguleringsplan-Friområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.4)*

Friområde
Anlegg for leik

### *Reguleringsplan - Spesialområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.6*

Frisiktsone ved veg
Bevaring av bygningar

### *Reguleringsplan-Fellesområde (PBL1985 § 25,1.ledd nr.7)*

Felles avkjørsel
Felles gangareal
Felles parkeringsplass
Felles gardsplass
Felles grøntanlegg

### *Reguleringsplan - Kombinerte formål (PBL1985 § 25,2.ledd)*

Bustad/Forretning/Kontor

### *Reguleringsplan PBL 1985 - linjer og punkt*

Grense for restriksjonsområde
Grense for bevaringsområde

### *Reguleringsplan - Felles for PBL 1985 og 2008*

Regulerings- og utbyggingsplanområde
Planen si avgrensing
Formålsgrense
Regulert tomtegrense
Byggjegrense
Regulert senterlinje
Frisiktslinje
Regulert kant kjørebane
Målelinje/avstandslinje
Abc Påskrift feltnavn
Abc Påskrift reguleringsformål/arealformål
Abc Påskrift areal
Abc Påskrift breidde
Abc Regulerings- og utbyggingsplan - påskrift

### *Høydeinformasjon*

Høydekurve 5m
Høydekurve 1m
Forsenkningkurve 5m
Forsenkningkurve 1m

### *Vegsituasjon*

Vegbom
Veg
Vegkant
Ytterkant fortau
Annet vegareal
Midtdeler/Trafikkøy
Avgrensning mot annet vegareal
Avgrensning mot avkjørsel
Gang/Sykkelveg
Gang/Sykkelveg kant
Parkeringsplass kant
Autovern

### *Annen samferdsel*

Traktor/Kjerreveg kant

### *Matrikkel Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)*

Godkj. Tilbygg
Godkj. Påbygg
Abc Godkj. Tiltak
Uspes. Tiltak
Omriss Tiltak
Abc Godkj. Tiltak
Abc Uspes. Tiltak

### *GABAjour Tiltak (Avgjørelser i enkeltsaker)*

Tiltak

### *Bygninger*

Taksprang Bunn
Bygning
Bygningsdelelinje
Grunnmur
Takoverbygg
Takoverbygg kant
Trapp inntil bygg, kant
Veranda
Bygningslinje
Taksprang
Mønelinje
Låvebru

### *Kyst*

Kystkontur

### *Innsjøer og vassdrag*

Innsjøkant
Elv/Bekk midt
Kanal/Grøft midt

### *Eiendomsinformasjon*

Eiendom
Abc Gårds- og bruksnummer

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2014/844 |
| | | Arkivkode: | 611 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 6/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |

## SAL AV TILLEGGSAREAL - DEL AV GBR 18/229

**Administrasjonen si tilråding:**

**Formannskapet syner til saksutgreiinga og finn med bakgrunn i den ikkje å ville selje det omsøkte arealet på dette tidspunktet.**

**Vedleggsliste:**

1. PS sak 145/14 m/vedlegg
2. Skriv frå Askjell Våge d.s. 25.08.2014
3. Skriv frå Børge Hatlebrekke på vegne av eigar av eigedomen gnr. 19 bnr 707 (Doktervegen 21) d.s. 12.januar 2015
4. Skriv frå Børge Hatlebrekke på vegne av eigar av eigedomen gnr. 19 bnr 707 (Doktervegen 21) d.s. 28.10,2015

**Samandrag av saka:**
Randi og Askjell Våge søkte i 2014 om å få kjøpe ca. 120 m2 av kommunen sin eigedom gnr. 18 bnr. 229. Saka var til handsaming i møte 19.08.2014 i formannskapet, men vart der utsett. Det har meldt seg ein ny kjøpar av arealet. Sak om sal av arealet kjem no opp til ny handsaming.

**Saksopplysningar:**
I brev av 13.5.14 søkjer Randi og Askjell Våge om å få kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 18 bnr. 229, som tilleggsareal til sine eigedomar i Doktervegen, jfr. *vedlegg1.*

I søknaden viser ein til at den kommunale eigedomen ikkje er opparbeidd og heller ikkje klipt i sommarhalvåret. Eg viser elles til søknaden som ligg ved denne saka og saksutgreiinga til møtet 19.08.2014.

Den omtalte kommunale eigedomen ligg langs Engesetvegen, og er samla på 242 m2. Arealet er i kommuneplanen innafor bustadområdet B12.

Søknaden har vore til vurdering hjå teknisk sektor, som konkluderer med at arealet kan seljast, men at det må vere att eit servicerom til offentleg veg på min. 1,5 frå gangvegskulder.

Etter at saka vart utsett i formannskapet, har også eigar av eigedomen gnr. 19 bnr 707 (Doktervegen 21) som også er nabo til det omsøkte arealet meldt si interesse for arealet. Eg syner i den samanheng til vedlagde skriv frå Børge Hatlebrekke d.s. 12. januar 2015. Han har også etterlyst svar på søknaden, seinast i skriv 28.10.2015.

**Vurdering og konklusjon:**
Vi har såleis to naboar som er interesserte i å kjøpe same areal eller deler av same areal frå kommunen for å opparbeide og vedlikehalde området. Administrasjonen har tidlegare tilrådd at prisen for arealet vert sett til kr. 650,- pr. m2 og at den prisen skal justerast etter konsumprisindeksen frå juli -14. Ingen av interessentane vil kjøpe arealet for den m2 prisen administrasjonen hadde lagt opp til.

Både kommunen og annan kjøpar heilt i nærleiken har for kort tid sidan betalt ein langt høgre pris for m2, enn det administrasjonen i denne saka hadde lagt opp til.

Med bakgrunn i at begge dei interesserte i utgangspunktet ynskjer det same, eller deler av det same arealet, og at dei ikkje vil betale det kommunen ynskjer for det aktuelle arealet, vil rådmannen på dette tidspunktet tilrå at kommunen ikkje sel det omsøkte arealet på gnr. 18 bnr. 229.

Ein kan likevel merke seg at kommunen kan vere villig til å selje det omsøkte arealet dersom ein kjem fram til eit resultat som kommunen kan akseptere.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Viser til PS-sak 145/14

**Økonomiske konsekvensar:**
Viser til PS-sak 145/14

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Asbjørn Moltudal<br>Rådgjevar |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Børge Hatlebrekke c/o HST/P/AFA Kontoret,Postboks 393, 2403 Elverum
Askjell Våge Doktervegen 17 6102 Volda

Hei,

Ved ekspedisjon av melding nedenfor til Per Ernst Lundberg ble det gitt melding om at han er sykemeldt, og henvendelser må rettes til postmottak isteden for direkte til
Per Ernst Lundberg.

Min henvendelse i januar i år relaterte seg til Utvalgssaksnummer 145/14 8/15 - Kjøp av tilleggsareal - Del av Gnr 18 bnr 229 - Tilleggsareal til Doktervegen 17, hvor det
ble fremsatt innsigelser fra eier av Doktervegen 21 til fradelingssøknad. Samtidig ble det fremsatt interesse til å få kjøpe arealet gnr 18 bnr 229. Vår interresse til
kjøp av arealet er ikke besvart av Volda commune, og det er heller ikke gitt noe skriftlig svar til være innsigelser.

Med vennlig hilsen
Børge Hatlebrekke
Tlf 480 56 657

------- Original Message -------
From : borge@hatlebrekke.no[mailto:borge@hatlebrekke.no]
Sent : 28.10.2015 14:39:59
To : per.ernst.lundberg@volda.kommune.no
Cc : fredhat@online.no; kjetilhatlebrekke@gmail.com
Subject : FW: Ad Gnr 18 bnr 229 i Volda kommune

Hei,

Det vises til mitt brev av 12. januar 2015, hvor det ble fremsatt innsigelser til fradelingssøknad mot kjøp av tilleggsareal til Doktervegen 17 fra del av gnr 18 bnr 229 I
Volda.

Jeg er blitt muntlig opplyst at saken ble trukket fra videre politisk behandling, og fradeling av det tiltenkte areal således stanset. Våre innsigelser ble således tatt
til følge.

I mitt brev av 12. januar 2015, som fortsatt ikke kan ses å være besvart fra Volda kommune, ble det fremsatt interesse til å kjøpe arealet gnr 18 bnr 229 I Volda kommune.
Samlet areal skal etter det opplyste utgjøre ca 242 m2.

Eier av eiendommen Doktervegen 21, gnr 19 bnr 707 I Volda kommune, er fortsatt interessert i å kjøpe arealet gnr 18 bnr 229, som gjort rede for i vårt brev av 12. januar
2015. Vi vil med dette be om Volda kommune sin snarlige tilbakemelding til vår interesse fremsatt i brev datert 12. januar 2015, om å få kjøpe eiendommen gnr 18 bnr 229 i
Volda kommune. Begrunnelse for hvorfor denne eiendommen bør tillegges arealet gnr 19 bnr 707 i Volda kommune er gitt i mitt brev av 12. januar 2015.

Jeg ser frem til deres snarling svar i saken. Det kan også opplyses at jeg vil besøke Volda førstkommende fredag, 30. oktober 2015, og kan om ønskelig fra deres side møtes
på Volda Rådhus.

Med vennlig hilsen
Børge Hatlebrekke
Tlf 480 56 657

Volda kommune

Att: Per Ernst Lundberg

Stormyra 2

6100 Volda

Elverum, 12. januar 2015

Børge Hatlebrekke

c/o HST/P/AFA Kontoret

Postboks 393

2403 Elverum

(Tlf 480 56 657)

## Ad Utvalgssaksnr 145/14 / 8/15 – Kjøp av tilleggsareal – Del av Gnr 18 bnr 229 – Tilleggsareal til Doktervegen 17 – Innsigelser til fradelingssøknad

**Innledning**

Det vises til Volda kommune, ved administrasjonen sin tilråding, om at Randi og Askjell Våge får kjøpe deler av kommunen sin eiendom gnr 18 bnr 229 i samsvar med søknad av 12.5.14.

På vegne av eier av eiendommen gnr 19 bnr 707 (Doktervegen 21), Annbjørg og Fridtjov Hatlebrekke, fremsettes innsigelser mot fradelingssøknaden fra Randi og Askjell Våge.

**Redegjørelse og innsigelser mot salget**

For eier av Doktervegen 21 vil en fradeling som omsøkt forringe muligheten for videre utnyttelse av gnr 19 bnr 707. Ut fra søknaden fra Randi og Askjell Våge fremgår det at ved fradeling vil det omsøkte areal strekke seg 15 meter fra grensepunkt mellom eiendommene til Randi og Askjell Våge inn langs eiendommen til Annbjørg og Fridtjov Hatlebrekke. Dette vil avskjære en mulig utnyttelse av gnr 19 bnr 707, med blant annet mulighet for utbygging av mindre enebolig mellom de eksisterende bygninger på eiendommen gnr 19 bnr 871 og gnr 19 bnr 707.

Fra vår side vises det til at opprinnelig var det to bnr til eiendommen Doktervegen 21 (hvor Doktervegen 19 fantes). Størrelsen på eiendommen tilsier også at man kan foreta en fortetting av bebyggelsen. For å få til en slik løsning vil det være naturlig og mest hensiktsmessig å ha tilgang til gnr 18 bnr 229, for oppføring av garasje og tilkomst veg til en slik ny eiendom.

Undertegnede vil videre henvise til at det pr dags dato pågår saksutredning med støyvurdering i forbindelse med prosjektering av sambindings veg med rundkjøring i Storgata. Det har i denne forbindelse blitt sett hen til om hva slags støyskjerming som kan bli aktuelt langs arealet gnr 18 bnr 229. I forbindelse med denne sak har Annbjørg og Fridtjov Hatlebrekke, ved undertegnede, vært i dialog med Volda kommune for om mulig også å få kjøpt arealet gnr 18 bnr 229. Denne dialog har kun vært muntlig med saksbehandlere til sak om støyvurdering, og det har ikke på noe tidspunkt blitt gjort oppmerksom på at det forelå søknad om kjøp av tilleggsareal / del av gnr 18 bnr 229.

Undertegnede finner grunn til å korrigere enkelte av de punkter som Askjell Våge fremfører i sitt brev til Per Ernst Lundberg (ikke datert). Det blir blant annet fremført at tomten er av en slik karakter at den ikke kan nyttes til hverken husbygging eller annet i og med at det kun er en smal stripe langs fortauet. Til dette ønsker undertegnede å vise til det ovenfor nevnte, med en mulig utnytting til boligformål gjennom fradeling av areal til gnr 19 bnr 707 hvor areal fra gnr 18 bnr 229 brukes til innkjøring og tomteareal for garasje.

Det blir videre hevdet fra Askjell Våge at det kun er 2 mulige kjøpere til arealet gnr 18 bnr 229, som er Randi og Askjell Våge samt eier av Doktervegen 15 som hevdes å ha takket nei til å kjøpe arealet ved en tidligere anledning. Til dette ønsker undertegnede å påpeke at eier av Doktervegen 15, Kåre og Ingunn Velsvik, samt tidligere eier av Doktervegen 17 (Oddlaug og Magnus Horn), i forbindelse med opparbeiding av Engesetvegen over Ottamarka fikk fradelt og tildelt eiendommene gnr 18 bnr 246 og gnr 18 bnr 294 fra Volda kommune og slik fikk mulighet for oppføring av garasje og ny tilkomst til eiendommene sine. Eier av gnr 19 bnr 707, på den tiden Tor Olsen, takket nei til å kjøpe eiendommen gnr 19 bnr 229.

Det anføres videre fra Askjell Våge at eiendommen gnr 19 bnr 229, i de 11 årene han har bodd på eiendommen Doktervegen 17, ikke har blitt holdt ved like gjennom slåing av gresset på eiendommen. Dette er for så vidt riktig, i og med at Volda kommune ikke har foretatt noe vedlikehold. Fra undertegnedes side vil det påpekes at min far, Fridtjov Hatlebrekke, har holdt gresset slått på eiendommen gnr 18 bnr 229 i den hensikt å unngå støvplager fra gresset samt at det skal se ordentlig ut inntil eiendommen i Doktervegen 21. Dessverre lot dette ikke seg gjøre siste år, grunnet betydelig forverret sykdomsutvikling for Fridtjov Hatlebrekke, som pr dags dato er beboer ved Volda omsorgssenter. Hans ektefelle, Annbjørg Hatlebrekke, bor derimot i Doktervegen 21 og det er siste halvår foretatt betydelig modernisering innendørs av eiendommen, hvor undertegnede bistår økonomisk. Det kan for ordens skyld henvises til at Fridtjov Hatlebrekke, som pensjonist, har brukt til dels mye tid på å holde den kommunale eiendommen gnr 19 bnr 56 vedlike (øst for Doktervegen 21) gjennom slåing av gress og kutting av trær og busker. Dette er gjort uten noen form for kompensasjon, men av Fridtjov Hatlebrekke sin interesse i å holde det pent og ryddig for nabolaget.

Fra Askjell Våge sin side fremsettes det anførsler mot den foreslåtte pris på kr 650 m2 fra Volda kommune. Til dette vil undertegnede tilfalle Askjell Våge sine innsigelser, da med henvisning til den pris som ble til enighet ved fradeling og salg av eiendommene gnr 18 bnr 246 og gnr 18 bnr 294 til Velsvik og Horn i 1984. Det ble da, etter undertegnedes kjennskap, fremforhandlet en omforent pris for eiendommen som var betydelig mye lavere enn kr 650 m2 (selv med konsumprisindeks innberegnet). Så vidt undertegnede kan huske, ble det mellom Volda kommune og kjøperne inngått en kjøpsavtale med kr 50 pr m2.

**Konklusjon**

Fra undertegnedes side vil det, på vegne av Annbjørg og Fridjov Hatlebrekke (og i samråd med mine brødre Fred og Kjetil Hatlebrekke) anmodes om at salg av deler av gnr 18 bnr 229 til Randi og Askjell Våge stanses.

Fra vår side fremsettes det interesse til å kjøpe hele arealet gnr 18 bnr 229, som etter det opplyste utgjør 242 m2. Slik undertegnede forstår vil et endelig fradelt areal utgjør noe mindre enn 242 m2, da 1,5 meter mot gangvegskulder må holdes tilbake som servicerom til offentlig veg. En tildeling av arealet, med naturlig innlemming i eiendommen gnr 19 bnr 707 vil være en mer naturlig utnyttelse av eiendommen, både estetisk og naturlig, samt at dette muliggjør en bedret utnyttelse av eiendommen gnr 19 bnr 707 med mulighet til eventuell fortetting av bebyggelse.

Den foran nevnte utnyttelse har vært diskutert i familien Hatlebrekke, men grunnet fars sykdomsbilde de 2-3 siste år har dette ikke latt seg gjennomføre før nå da han er blitt omsorgspasient ved Volda omsorgssenter.

På vegne av Annbjørg Hatlebrekke, og hennes barn, anmoder det om at våre innsigelser tas til følge og at sak PS 8/15 i Volda formannskap utsettes med sikte på søknad fra undertegnede, på vegne av Annbjørg og Fridtjov Hatlebrekke, om å få kjøpe hele eiendommen gnr 19 bnr 229 i Volda. Ved et eventuelt kjøp vil jeg avslutningsvis påpeke at det er naturlig at det fra vår side vil bli foretatt en oppgradering av arealet, og slik gjøre det mer presentabelt også for omgivelsene.

Med vennlig hilsen

Børge Hatlebrekke

Det vises til min telefonsamtale i dag med deres Per Ernst Lundberg, vedrørende Utvalgssak 145/14 / 8/15 - Kjøp av tilleggsareal - del av Gnr 18 bnr 229 i Volda
kommune.

I samsvar med min telefonsamtale i dag fremsendes innsigelser til fradelingssøknaden fra Randi og Askjell Våge. Innsigelsene følger i vedlagte dokument.

Det bes om deres snarlige tilbakemelding til om denne melding, med vedlegg, er mottatt hos Volda kommune.

Med vennlig hilsen
Børge Hatlebrekke

Hei Per Ernst,

Viser til vår søknad om kjøp av tilleggstomt i Doktervegen.
Vi ser i avisa Møre at saka er utsett på grunn av ein prinsipiell diskusjon om tomtepris, og det har vi i utgangspunktet ikkje noko innvending til.

Det vi vil framheve med tanke på akkurat denne tomta er fylgjande:

1. Tomta vert ikkje nytta til **noko** pr. d.d
2. Tomta er av ein slik karakter at den ikkje kan nyttast til verken husbygging eller anna, i og med at det kun er ei smal stripe langs fortauet.
3. Det er i praksis kun 2 mulige kjøparar til denne tomta, og det er vi og naboen vår i Doktervegen 15, og etter våre opplysningar så har eigarane av Doktervegen 15 takka nei til å kjøpe tomta ved eit tidlegare høve.
4. Slik tomta er opparbeidd og vedlikeholdt, så er den meir til skjemsel for nabolaget/kommuna enn til glede. Kommuna har sådd grasplen på tomta, men i løpet av dei 11 åra vi har budd i Doktervegen har ikkje graset vore slått i det heile.
5. Vi må nytte om lag kr. 120.000,- for å opparbeide tomta slik at vi kan nytte den til plen (mur i 15+10m lengd mot nabotomter, oppfylling, gjerde, mold, plen etc.). Det i seg sjølv utgjer kr. 1000,- pr. m2.

Med henvisning til ovanståande såg vi i utgangspunktet føre oss å betale kr. 250,- pr. m2, og meinar at forslaget til administrasjonen, på kr. 650,- pr. m2 er over smertegrensa.
Etter det som står i avisa Møre i dag, så diskutterer formannskapet å auke prisen ytterligare, samtidig som dei ikkje vil at kommunen skal være prisdrivande...??

For å gjere det klart; Denne tomtefliken er ikkje verd kr. 650,- pr. m2, så om prisen vert auka kjem vi til å trekke søknaden.
Det vil i praksis bety at kommunen tapar denne inntekta i tillegg til at dei framleis har vedlikeholdsansvaret.

Ber om at vi vert informert om den vidare saksgangen, og at vi eventuelt tek eit møte/synfaring for å avklare den vidare vegen i denne saka.

Med venleg helsing
Askjell Våge
913 40 514
askjell@avage.as

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Per Ernst Lundberg | Arkivsak nr.: | 2014/844 |
| | | Arkivkode: | 611 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| | Formannskapet | |

**KJØP AV TILLEGGSAREAL - DEL AV GBR 18/229 - TILLEGGSARAL TIL DOKTERVEGEN 17**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. Randi og Askjell Våge får kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 18 bnr. 229 i samsvar med søknad av 12.5.15, under føresetnad at det ikkje kjem merknader i samband med frådelingssøknad, jfr. punkt 2.
2. Den nøyaktige storleiken på areala vert bestemt ved kart- og delingsforretning, og det skal haldast att areal til servicerom for Engesetvegen på min. 1,5 frå gangvegskulder
3. Prisen for arealet vert sett til kr. 650,- pr. m2, og denne skal justerast for endringa i konsumprisindeksen frå juli-14 fram til sist kjende indeks på oppgjerstidspunktet.
4. Kjøpar må bere alle kostnder med arealoverdraginga.

**Vedleggsliste:**

1. Brev av 12.5.14 frå Randi og Askjell Våge
2. Kartskisse

**Uprenta saksvedlegg:**

**Samandrag av saka:**

Randi og Askjell Våge søkjer om å få kjøpe ca. 120 m2 av kommunen sin eigedom gnr. 18 bnr. 229. Rådmannen rår til at søknaden vert innvilga.

**Saksopplysningar:**

I brev av 13.5.14 søkjer Randi og Askjell Våge om å få kjøpe deler av kommunen sin eigedom gnr. 18 bnr. 229, som tilleggsareal til sine eigedomar i Doktervegen, jfr. *vedlegg1.*

Ei viser i søknaden til at den kommunale eigedomen ikkje er opparbeidd og heller ikkje klipt i sommarhalvåret. Dei ynskjer å få opparbeide omsøkt areal til hageareal i plan med eksisterande hage på gnr. 18/246, oh setje opp stakittgjerde, fin hekk og grasplen, noko som vil løfte heilskapsinntrykket i nabolaget. Dei søkjer om å få kjøpe ca 15 m. breidde austover mot Storgata, om lag 120 m2.

Den omtalte kommunale eigedomen ligg langs Engesetvegen, og er samla på 242 m2. Arealet er i kommuneplanen innafor bustadområdet B12.

**Vurdering og konklusjon:**
Søknaden har vore til vurdering hjå teknisk sektor, som konkluderer med at arealet kan seljast, men at det må vere att eit servicerom til offentleg veg på min. 1,5 frå gangvegskulder.

Rådmannen rår til at Våge får kjøpe deler av arealet som omsøkt, då slik at, om naudsynt, vert halde att naudsynt areal til servicerom for den offentlege vegen. Dette kan avklarast i samband med oppmålinga. Når det gjeld pris, så er dette innafor bustadareal i kommuneplanen, men arealet kan slik det no ligg ikkje nyttast til tomt for sjølvstendig utbygging. Det vert såleis rådd til ein pris på kr. 650,- pr. m2, med konsumprisjustering til oppgjerstidspunktet.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ved at Våge får kjøpe areal som omsøkt kan området sin visuelle karakter høgdast.

**Økonomiske konsekvensar:**
Det vert rådd til at salssum på vert tilført kapitalfondet.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

Rune Sjurgard
rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Randi og Askjell Våge
Doktervegen 17,
6102 Volda

Administrasjonen

VOLDA KOMMUNE
Saksnr. 2014/844 Avd RÅD
Løpenr. Srs PEL
14 MAI 2014
Arkivdel: Emne 2
Klassering P: 611
Klassering S:

Volda Kommune

Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 12.05.2014

**Søknad om kjøp av tilleggsareal, utviding av hage i Doktervegen 17, 6102 Volda.**

Randi og Askjell Våge, søkjer med dette om å få kjøpe deler av Gnr. 18/229 i Volda.

Vi eig Gnr. 18/246 og 19/871.
Etter våre opplysningar er det Volda kommune som eig Gnr. 18/229.

I dag ligg tomta unytta, og den er ikkje opparbeidd. Den vert ei heller klippt i somarhalvåret.

Vi vil opparbeide tomta til hageareal i plan med vår eksisterande hage på Gnr. 18/246, og sette opp stakittgjerde, fin hekk og grasplen etc., noko som vil løfte heilskapsinntrykket i nabolaget.

Vi søkjer difor om tildeling av ca. 15 meters breidde austover mot Storgata. Dette utgjer då omtrentlig 120 m2, sjå vedlagt kartskisse.

Vi håpar at De vil sjå positivt på denne søknaden.

Med håp om snarleg svar,

Askjell Våge

Askjell Våge
Doktervegen 17
6102 VOLDA
askjell@avage.as


ca. 15m
18/229
18/246
Ca. 120m2
tilleggsareal
4
Dok
19/219
19/871
Volda
kommune
Grunnkart
Målestokk: 1:223
Dato 12.05.2014
20 m
Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen
Ellers står ikke kommunen ansvarlig

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Nina Kvalen | Arkivsak nr.: | 2014/2327 |
| | | Arkivkode: | F30 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 7/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## OPPMODING OM AUKA BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2016 OG 2017

**Administrasjonen si tilråding:**

1. **Kommunestyret er positiv til å busetje 28 vaksne flyktningar og familiar kvart av åra 2016 og 2017. Einslege mindreårige og familiesameiningar kjem i tillegg.**

2. **Kommunestyret vil ta stilling til oppmoding frå IMDi om å busetje 12 einslege mindreårige flyktningar i 2016 og 17 i 2017 i eiga sak i februar/mars. Kommunestyret vil da sjå dette i samanheng med organisering, kapasitet i tenestetilbodet, samt staten si finansieringsordning av kommunen sine utgifter. Desse vil ev. kome i tillegg til tal flyktningar som skal busetjast i pkt. 1.**

3. **Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om ventestønad og etablering, med sikte på å effektivisere busetjings- og etableringsarbeidet.**

4. **Kommunestyret ber administrasjonen legge fram sak for politisk handsaming om organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi for samordning og samarbeid om tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening.**

5. **Kommunestyret godkjenner ei låneramme på kr 6 mill., utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak, bustadtilskot frå Husbanken og husleige. Administrasjonen får i fullmakt å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader.**

**Vedleggsliste:**

1. Brev frå IMDi av 24.11.15: Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016.
2. Vedlegg til brev frå IMDi av 24.11.16 frå Bufetat.

3. Notat frå møte 05.01.16: Busetting – innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel.
4. Rapport til fylkesmannen 01.01.16 om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkerer i Volda kommune.
5. Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av EM i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

**Uprenta saksvedlegg:**

- K-sak 66/15, handsama i kommunestyremøte 18.06.15

**Samandrag av saka:**
Som følgje av auka tilstrøyming av flyktningar til landet har IMDi sendt brev til landets kommunar med oppmoding om å auke busetjingskapasiteten og ta imot fleire flyktningar i perioden 2016 - 2019. Det er auka behov for busetjing av flyktningar generelt, og einslege mindreårige flyktningar (EM) spesielt. I 2016 er det behov for å busetje minst 18 000 flyktningar i landets kommunar, ei auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding for 2016. Førebelse plantal for 2017 viser eit busetjingsbehov på minst 21 000 flyktningar, ei auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal. Det er særleg stor auke i talet einslege mindreårige barn og unge under 18 år, som skal busetjast. Prognosar viser at 4 400 EM skal busetjast i 2016 og 7 000 i 2017.

Volda kommune har eit fleirårig vedtak om busetjing av inntil 125 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårsperiode, inkludert EM. Dvs. eit snitt på 25 flyktningar kvart år. Familiesameiningar kjem i tillegg. IMDi ber no Volda kommune om å auke busetjingskapasiteten til 40 flyktningar i 2016, inkludert 12 EM, og 45 flyktningar i 2017, inkludert 17 EM:

| År | Vaksne/familiar | Einslege mindreårige (EM) | Totalt |
|---|---|---|---|
| 2016 | 28 | 12 | **40** |
| 2017 | 28 | 17 | **45** |

Ansvaret for busetjing og oppfølging av EM er lagt under barnevernet. Innafor gjeldande busetjingsvedtak har kommunen busett om lag 5 EM kvart år. Ei auka på 7 i 2016 og 12 i 2017, inneber ei dobling og tredobling samanlikna med tal EM som er busett i Volda siste åra. Rådmannen vil leggje fram eiga sak for politisk handsaming om denne delen av oppmodinga i februar/mars. Dette med grunnlag i at det er sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå barnevernet og dei fire kommunane i det regionale barnevernssamarbeidet, som Volda er vertskommune for, som skal utgreie korleis organisere auka oppmoding om busetjing av EM i dei fire kommunane knytt til organisering, bu- og omsorgsløysingar, kostnader og finansiering. I dag er det Ørsta og Volda som buset EM. No har både Ørsta og Volda fått dobla/tredobla oppmoding for 2016 og 2017, samt at også Ulstein og Hareid har fått oppmoding om å busetje EM. Dei framtidige økonomiske rammevilkår for busetjing av EM uklåre. Vi er kjende med at ei arbeidsgruppe sentralt vurderer ny finansieringsordning, og det er signalisert at det kan kome endringar i finansieringa av barnevernstiltak for målgruppa. Vi har ikkje informasjon om kva dette vil innebere for kommunane og når endringa vil kome.

IMDi sendte oppmodinga 24.11.15 med svarfrist 31.12.15. Grunna kort svarfrist og sjukdom i administrasjonen fekk kommunen utsett svarfristen til etter kommunestyremøte januar 2016.

## SAKSOPPLYSNINGAR

For å kunne svare på tilleggsoppmodinga frå IMDi er det sentralt å vurdere kapasiteten i kommunal tenesteyting til å ta imot auka tal flyktningar på ein god måte. Saka er orientert om og drøfta i det administrative leiarteamet, der også NAV og barnevernet har vore til stades, og det er teke kontakt med sektorar/einingar for nærare uttale.

For 2016 må Volda kommune auke busetjingskapasiteten med 35 utover gjeldande busetjingsvedtak om 125 som utløyser integreringstilskot, til totalt 160, for å imøtekome den samla tilleggsoppmodinga frå IMDi om busetjing av 40 flyktningar, derav 28 vaksne/familiar og 12 EM. Vert det i tillegg vedteke å busetje totalt 45 i 2017, derav 28 vaksne/familiar og 17 EM, vil det med kjende tal vere 176 busette flyktningar som utløyser integreringstilskot ved utgangen av 2017. Ev. fråflyttingar vil redusere tala. I tillegg kjem familiesameinte som utløyser integreringstilskot.

***Status i busetjingsarbeidet***
I 2015 vart det busett 40 flyktningar, inkludert 8 EM. 9 kom på familiesameining, 2 flytta til kommunen og 15 flytta frå kommunen, derav 3 familiar. Samla utløyste 125 flyktningar og 32 familiesameinte integreringstilskot i 2015, dvs. totalt 157 personar. Pr. 01.01.16 vil 120 flyktningar og 31 familiesameinte utløyse integreringstilskot.

***Nøkkeltal 2015***
Det vart busett 40 flyktningar i 2015:

- 32 vaksne/familiar, derav:
  - 22 einslege vaksne
  - 1 par
  - 2 barnefamiliar med til saman 5 barn
- 8 EM i alderen 16-18 år
- Kjønn: 27 menn, 13 kvinner.

Kvar kom dei frå:

- 21 er busett frå Volda mottak
- 7 frå mottaka i Ulsteinvik og Hareid
- 8 frå andre mottak i Noreg
- 4 er overføringsflyktningar (familie)
- Nasjonalitet: Eritrea: 22. Afghanistan: 8. Syria: 4. Palestina: 4. Somalia: 1. Sudan: 1.

Bustader:

- 22 av 32 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden
- 7 EM vart busett i Smiebakken bufellesskap, og 1 i kommunalt husvære
- 6 kommunale bustader vart nytta til 1. gongsbusetjing i 2015 derav:
  - 2 hyblar
  - 2 sokkelhusvære
  - 2 familiebustader, der 1 midlertidig er nytta til EM

***Fråflytting***
Kvart år flyttar personar innafor integreringstilskotsperioden over fem år til andre kommunar, oftast grunna skulegang og arbeid andre stader i landet. I 2015 flytta 12 innafor tilskotsperioden, medan 13 flytta i 2014. Fråflyttingar, der ein må dele tilskotet med tilflyttingskommunen, gir rom for å busetje nye flyktningar i ledige bustader. Slik vil ein kompensere for reduserte inntekter som følgje av fråflyttingar, og oppretthalde berekraftig økonomi knytt til ressursallokering og kapasitet i organisasjonen. Kommunen har få tilflyttingar frå andre kommunar. I 2015 kom ein tilflytta frå Ørsta og ein kom attende til Volda etter å ha vore busett eit knapt år i ei kommune på Sørlandet.

***Familiesameining***
Hovudregel for familieinnvandring er at herbuande familiemedlem skal sikre underhald for familie som kjem til Noreg. Brutto inntektskrav er kr 252 472 og det må vere sannsynleg at ein vil ha inntekta i minst eitt år framover. Dersom herbuande familiemedlem har asylstatus er det ikkje krav om underhald for ektefelle, sambuar og barn som søker innan eitt år etter at herbuande har fått opphaldsløyve. Det er varsla endringar i reglane, som skal handsamast i Stortinget på nyåret.

Familiesameinte utløyser integreringstilskot i tre eller fem år, avhengig av opphaldsstatus for herbuande flyktning. Ved utgangen av året utløyste 32 familiesameinte integreringstilskot. Dette inkluderer 9 i 2015; 4 vaksne og 2 barn u/18 år, 6 i 2014; 3 vaksne og 3 barn u/18 år, 3 i 2013, 8 i 2012 og 6 i 2011. Personar over 16 år utløyser tilskot til norskopplæring og barn i barnehagealder utløyser barnehagetilskot. Personar over 16 år har rett og plikt til norskopplæring, og med nokre få unntak har personar mellom 18-55 år rett til introduksjonsprogram. I 2015 utløyser alle dei fire familiesameinte vaksne, rett til introduksjonsprogram. I 2014 utløyste ein av tre, rett til introduksjonsprogram. Dei to utan rett vart familiesameint med herbuande flyktningar som har fått norsk statsborgarskap. Familiesameinte til nordiske borgarar utløyser ikkje rett til introduksjonsprogram, sjølv om kommunen mottek integreringstilskot for dei. Familiesameinte barn går i barnehage og grunnskule, og deltek i fritidsaktivitetar som andre barn i kommunen.

Før 31.12.14 kunne familiemedlemmar til flyktningar og andre økonomisk vanskelegstilte søke Utlendingsdirektoratet (UDI) om reisestønad for å kome til Noreg. Frå 01.01.15 vart dette ikkje lenger mogleg.

***Bustader***
Som nemn over er det nytta 6 kommunale bustader til 1. gongs busetjing av flyktningar i 2015. 22 vaksne/familiar vart busett direkte på den private bustadmarknaden, i totalt 11 bustader, derav 4 bufellesskap for einslege vaksne. I 2014 vart det nytta 13 private og 3 kommunale bustader. I 2015 vart ein privat bustad formidla av kommunalt tilsette, dei andre har flyktningar sjølv skaffa medan dei budde i asylmottak. Alle dei private kontraktane er mellom utleigar og leigetakar. Fleire private huseigarar tok kontakt med kommunen i 2015 med tilbod om å leige bustad for vidareutleige til flyktningar. Eigedomsavdelinga rår frå å ha framleigekontraktar, grunna store økonomiske tap knytt til vedlikehald/renovering ved utflytting. Kommunen har ikkje framleigekontraktar i dag.

Ved årsskiftet er 8 av 82 kommunale bustader under oppseiing/ledige for busetjing av flyktningar og andre vanskelegstilte. Dette som følgje av godt arbeid med gjennomstrøyming i kommunale bustader, og at det har blitt busett fleire flyktningar direkte på den private bustadmarknaden enn i den kommunale dei siste åra. Mange som har flytta ut av kommunale bustader har kome til Volda som flyktningar. Nokre har flytta inn i private utleigebustader, andre har kjøpt eigen bustad, og nokre har flytta til arbeid/utdanning andre stader i landet. Vi har god erfaring i å busetje ungdom og vaksne i bufellesskap både på den kommunale og private bustadmarknaden, som midlertidig løysing til dei finn seg anna eigna bustad. Nokre av dei ledige bustadene må renoverast før dei er klare for nye bebuarar, medan andre berre treng lett vedlikehald.

Siste to åra har 14 flyktningar flytta/blitt busett i private bustader på Folkestad: To barnefamiliar og to einslege. Barnefamiliane har kjøpt bustad, dei einslege leiger. Erfaringane med busetjing på Folkestad er positive og ledige bustader på bygdene bør nyttast med tanke på framtidig busetjing av flyktningar, dersom det er gode kollektivtilbod til Volda sentrum der dei vaksne skal gå på skule/norskopplæring.

To flyktningfamiliar og ein einsleg flyktning kjøpte eigen bustad i 2015, finansiert ved hjelp av startlån. Skal ein nå målet om at 30% av flyktningane skal eige bustad innan seks år, må ein ha tilstrekkeleg ramme for vidaretildeling av startlån. Ramma kommunen hadde i 2015 var på 4 mill. Denne vart brukt opp. I 2016 skal kommunen søke om ei ramme på 9 mill. Startlån er viktig i arbeidet med "frå leige til eige"-modellen, der vi i tillegg kan nytte Husbanken sitt verkemiddel om inntil 40% i bustadtilskot til flyktningbustader. Som det går fram av notatet i vedlegg 3, treng kommunen fleire sentrumsnære fleksible bustader, som med små grep kan gjerast om frå hyblar til familiebustad. På kort sikt er det aktuelt å kjøpe ledige bustader på den private bustadmarknaden. På lengre sikt bygge fleksible kommunale bustader i nye bustadfelt. Rådmannen rår til at det vert løyvd ei ramme på 6 mill. til låneopptak utover det som vert utløyst i bustadtilskot, for kjøp av nye bustader til busetjing av flyktningar i 2016. Bustadene skal vere sjølvfinansierande, og finansierast ved låneopptak og bustadtilskot frå Husbanken, samt husleige. Rådmannen rår vidare til at administrasjonen får fullmakt til å legge inn bod og inngå kjøpekontrakt på private bustader innafor ramma.

Det går med mykje tid til framskaffing av bustadar til busetjing av flyktningar. Når det gjeld einslege mindreårige flyktningar ligg oppgåva til EM-tenesta i barnevernet. Når det gjeld vaksne og familiar ligg oppgåva til programrådgjevarane ved Volda læringssenter. I 2015 skaffa mange flyktningar bustad sjølve medan dei budde i asylmottak. Dette kan vi ikkje ta høgde for skal skje i like stort volum i åra som kjem. Sjølv om ein person har skaffa bustad sjølve, har dei tilsette mange oppgåver knytt til kontakt med huseigar, synfaring, avtale om kontraktskriving og ev. bestille tolk til dette.

***Norskopplæring og samfunnskunnskap***

Volda læringssenter har i dag totalt 211 elevar i norskopplæring og samfunnskunnskap, og grunnskuleopplæring for vaksne. Det er stor utskifting av elevar frå Volda mottak gjennom året då mange flyttar til andre kommunar, samstundes som nye kjem til.

150 av elevane deltek i norskopplæring og samfunnskunnskap, fordelt på 10 grupper; 5 på føremiddag, 4 på ettermiddag og 1 på kveldstid (betalingselevar). I februar vert det starta ei ny gruppe med 20 elevar. 41 av elevane er busette flyktningar/innvandrarar, derav 38 deltakarar i introduksjonsprogram. 14 er innvandrarar (betalingselevar), medan dei øvrige er bebuarar ved Volda mottak. Busette flyktningar som deltek i introduksjonsprogrammet har 37,5 t/v norskopplæring, kombinert med andre kvalifiserande tiltak. Asylsøkjarar får tilbod om 12-16 t/v norskopplæring. Alle får opplæringa innafor lovpålagde fristar i introduksjons-lova. Det er ingen ventetid på opplæringa for busette flyktningar, men ein har 30-40 på venteliste mellom bebuarane på mottaket. Sjølv om kapasiteten på læringssenteret er sprengd, melder rektor om at dei med små grep kan starte fleire grupper og utnytte ledig kapasitet i klasserom på ettermiddag/-kveldstid. Slik utviding kan føre til lågare fleksibilitet med tanke på tilpassa opplæring.

***Grunnskuleopplæring for vaksne***

61 elevar ved læringssenteret deltek i grunnskuleopplæring for vaksne, fordelt på 4 grupper. To grupper med til saman 16 elevar starta i august 2015, der 8 er deltakarar i introduksjonsprogrammet, 5 er EM og 3 er innvandrarar. To nye grupper vart starta opp i desember 2015 med 40 einslege mindreårige asylsøkjarar (EMA), som følgje av etableringa av EMA-avdeling ved Volda mottak. Her deltek i tillegg 3 busette EM og 1 ungdom busett på Volda mottak.

***Busetjing og introduksjonsprogram***

Læringssenteret har 3 årsverk programrådgjevarar til arbeidet med busetjing av vaksne/familiar, oppfølging av tidlegare busette og familiesameinte, og oppfølging av

introduksjonsprogrammet. I 2015 busette læringssenteret 32 vaksne/familiar, og hadde oppfølging av dei 9 som kom på familiesameining, i tillegg til tidlegare busette vaksne/familiar og familiesameinte.

Introduksjonsprogrammet skal førebu nykomne innvandrarar til å delta i arbeids- og samfunnslivet, og gjere dei økonomisk sjølvstendige. Programmet skal minst innehalde norsk og samfunnskunnskap, og tiltak som førebur til vidare utdanning eller arbeid. Programmet kan vare i inntil 2 år og følgjer arbeidslivets reglar med 37,5 t/v aktivitet/tiltak og 5 v/ferie. I 2015 deltok 57 deltakarar i introduksjonsprogrammet, dvs. 9 fleire enn i 2014. 15 avslutta programmet i 2015: 7 hadde overgang til arbeid og 3 til vidaregåande skule, som gir eit resultat på **67** prosent. Dette er 7 prosent over resultatmålet på 60 prosent. Det nasjonale resultatet for 2015 er ikkje klart, men var på 44 prosent i 2014. Dei øvrige 5 som avslutta programmet i 2015 flytta frå kommunen, hadde overgang til NAV sitt kvalifiseringsprogram eller AAP. Tal årsverk i programmet er nær dobla dei to siste åra, frå 28 i 2014 til **54** i 2016.

Skal vi lykkast i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet er vi avhengig av samarbeid med mange aktørar, både frivillige, private og offentlege. Det er mange frivillige som bidreg i språkopplæringa, m.a. i samtalegrupper kvar tysdag på læringssenteret. For å nå målet om rask språkinnlæring og overgang til arbeid er det viktig å bruke arbeidsplassar som læringsarena. Her får dei praktisere og vidareutvikle språket, arbeidstrening og bygge nettverk. Mange har fått fast arbeid gjennom språkpraksis og arbeidstreningstiltak i introduksjonsprogrammet. Kvart år er 20-25 flyktningar utplassert 1-2 dagar pr. veke i språkpraksis på ein ordinær arbeidsplass, som del av norskopplæringa. Dei tre andre dagane deltek dei i ordinær undervisning. 4 deltakarar hadde 5 dg/v kommunalt arbeidstreningstiltak som del av introduksjonsprogrammet i 2015. Ideelt burde dei hatt arbeidspraksisplass gjennom NAV som del av programmet, men grunna mangel på tilstrekkeleg med statlege tiltaksplassar i NAV, gav læringssenteret kommunalt arbeidstreningstiltak med tett og god oppfølging. Dette resulterte i at 2 fekk fast arbeid, 1 fekk vikariat og 1 fekk midlertidig arbeid. Vi har god erfaring i å kombinere norskopplæring på skule med praktisk språk- og arbeidstrening på ordinære arbeidsplassar, men har utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg med praksisplassar i lokalt næringsliv, og ressursar til å følgje opp ute på arbeidsplassane. Kommunale arbeidsplassar har positiv erfaring med praksisnær oppfølging av eigne tilsette på dei som er utplasserte på språk- og arbeidstreningsplassar, og etterlyser ressursar til dette. Læringssenteret treng fleire faste arbeidsplassar som tek i mot flyktningar for språk- og arbeidstrening, både kommunale og private. Rådmannen ønskjer at kommunale sektorar skal vere særleg positive til å ta i mot flyktningar til språk- og arbeidstrening, og inngå forpliktande avtalar om faste plassar til rådvelde for læringssenteret, samt oppmode privat næringsliv til å ta imot fleire flyktningar til språk- og arbeidstrening i sine bedrifter. Rådmannen vil setje ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som skal utgreie organisering av eit tiltaksapparat i kommunalt regi knytt til organisering, ressursbehov, samarbeid og samordning av tiltaksplassar for flyktningar og andre som treng aktivitet, språk- og arbeidstrening. Utgreiinga vert eit ledd i styrkinga av kommunale tenester i busetjings- og integreringsarbeidet, og saka vert å leggje fram for politisk handsaming.

Læringssenteret er godkjent som elevbedrift, og det vert arbeidd med etablering av slike. M.a. er drift av kantina på rådhuset vurdert som ei potensiell elevbedrift i kvalifiseringa av deltakarar i introduksjonsprogrammet. Det blir vurdert å søke kommunale utviklingsmidlar gjennom IMDi til dette. Entreprenørskap som integreringsverktøy er eit innovasjonsprosjekt i samarbeid mellom frivilligsentralen, Sunnmøre Kulturnæringshage og Volda læringssenter. Det er søkt om tilskot i 2016 til prosjektet *Kimen, sosial entreprenør Volda*, som skal vere eit godt sosialt miljøtiltak, samstundes som det på sikt kan bli skapt arbeidsplassar der praktisk etableringsopplæring bygd på realkompetanse, skal skape arbeidsplassar og etablering av

mindre verksemder. Kimen er tenkt som ei øvingsarena for å etablere små verksemder der ein kan omsetje eigne produkt eller tenester i ei trygg og risikofri ramme.

Det er eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i integreringsarbeidet, som er flinke til å integrere og inkludere flyktningar, både barn, unge og vaksne. Det er også eit godt samarbeid med frivilligsentralen, som er initiativtakar til å skape aktivitetar og møteplassar i samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar, Volda mottak og læringssenteret m.a.: Flyktningguide, Lån ein volding, Mat og prat, sommaraktivitetar for barn og familiar og den tradisjonelle julefesten. I juni 2015 arrangerte læringssenteret for 2. gong Voldafestivalen i sentrum, der 30 elevar i introduksjonsprogrammet baud på mat, song og informasjon frå deira heimland.

Auka busetjing har ført til auka oppgåver og arbeidspress på programrådgjevarane. Det vart ikkje tilført ressursar til styrking av tenesta i 2015, noko som må gjerast i 2016 for å handtere auka busetjing, framskaffing av bustader og klargjering av desse, burettleiing, auka tal deltakarar i introduksjonsprogram, oppfølging av barn og ungdom i familiar, samt for å handtere auka oppgåver som følgje av oppfølging av NAV-tenester, sjå under.

***NAV Ørsta/Volda***

NAV melder at situasjonen på arbeidsmarknaden er krevjande, og det er auka arbeidsløyse i Ørsta og Volda. Dette fører til større rift om jobbane, samt færre bedrifter å spele på vedrørande tiltaksplassar. Ein ser større kompetansekrav i arbeidsmarknaden og det er få ledige utlyste stillingar for ufaglærte. Mange ufaglærte blir rekruttert til stillingar i servicenæringar, m.a. i butikkar og innan reinhald. Det er særleg positivt at fleire flyktningar i Volda har fått arbeid i helse og omsorg. Nokre held på å utdanne seg til helsefagarbeidar, andre har fått fagbrev. Generelt er det er høgare arbeidsløyse blant flyktningar enn andre grupper, og det er difor vesentleg å ha tilstrekkeleg med ressursar og arbeidsretta tiltak for målgruppa. NAV-leiar føreset at staten tilfører auka rammer til stillingsressurs og arbeidsretta tiltak for flyktningar i NAV.

Om lag halvparten av utgiftene til økonomisk sosialhjelp er relatert til flyktningar. Ein del er knytt til busetjings- og etableringsfasen, før flyktningar startar i introduksjonsprogram og mottek introduksjonsstønad. Store barnefamiliar og einslege forsørgjarar ligg ofte under norm sjølv om dei mottek introduksjonsstønad, bustønad frå Husbanken og barnetrygd. Dette er m.a. knytt til høge utleigeprisar på den kommunale og private bustadmarknaden i Volda, og kostnader til barnehage, SFO og aktivitetar for barna. Det vert også særskilt nemnd høge utgifter til tannhelse for einskildpersonar. Nokre som står utanfor arbeidslivet har økonomisk sosialhjelp til livsopphald. Innføring av aktivitetsplikt for sosialhjelp er vedteke i Stortinget, men lovendringa vert ikkje gjort før kompensasjonen til kommunane er på plass. Kommunane kan likevel stille vilkår om aktivitet. I Volda er det Styrk arbeid som skal ta imot brukarar som treng arbeid/aktivitet. NAV vil starte med å henvise unge som går på sosialhjelp. Som følgje av auka busetjing ber NAV-leiar om auka stillingsressurs og ramme til økonomisk sosialhjelp.

***NAV-tenester i busetjings- og etableringsfasen***

Flytting av NAV-kontoret til Ørsta har ført til at NAV sine tenester i mindre grad er tilgjengelege for nykomne flyktningar, utan særskild innsats frå programrådgjevarane på læringssenteret. Mykje tid går med til kontakt med NAV om tenester til nykomne flyktningar, som NAV tidlegare hadde direkte kontakt med flyktningane om, då dei var meir fysisk tilgjengelege og lokalisert på Volda rådhus. Særleg gjeld dette NAV-tenester overfor flyktningane i busetjings- og etableringsfasen, men også i seinare integrerings- og kvalifiseringsfase. Meirarbeidet for programrådgjevarane har ført til mindre tid til oppfølging og kvalifisering av flyktningar, og arbeidet med introduksjonsprogrammet. NAV-kontoret på sin side har store utfordringar med å handtere alle tillagde oppgåver, og kontoret er jamt

prega av fråver av ulike årsaker. Spørsmålet om å det er aktuelt å innføre ventestønad som alternativ til sosialhjelp til flyktningar i påvente av introduksjonsstønad, var oppe som tema under sist partnerskapsmøte den 20.11.15, der NAV fylke, NAV Ørsta/Volda og Ørsta og Volda kommunar var til stades, og det var semje om å starte arbeidet med utgreiing av dette.

Rådmannen er oppteken av effektiv tenesteyting og vil vurdere om nokre av NAV-tenestene for flyktningar i busetjings- og etableringsfasen skal overførast til Volda læringssenter, og vil setje i verk ein prosess med utgreiing av:

- Ventestønad som alternativ til sosialhjelp til flyktningar i påvente av introduksjonsstønad
- Dekking av husleige og straum i "ventefasen"
- Depositumgaranti
- Etablering av møblar og utstyr i bustaden
- Småetablering/klede

I utgreiingsarbeidet vil administrasjonen sjå på tilsvarande ordningar i andre kommunar, og leggje fram sak for politisk handsaming så raskt som råd i 2016.

***Barnehage og grunnskule***
Volda har full barnehagedekning og ledig kapasitet til å ta i mot fleire barn i barnehagar. Det er fullt i einskilde klassar på Øyra skule, men ledig kapasitet til å ta imot fleire skulebarn både i sentrum og på bygdene. Innføringsklassen for nykomne innvandrarar på Øyra skule har så godt som fullt belegg til ei kvar tid, men har stor utskifting gjennom året, særleg av barn busett på Volda mottak. Ideelt vert nykomne barn busett i nærleiken av Øyra skule, slik at dei kan ta del i innføringstilbodet her. Dei fleste nykomne elevar har innføringstilbod i to år. I nokre tilfelle har elevar ved andre skular delteke i innføringstilbodet på Øyra skule eit par dagar i veka. Dei andre dagane går dei på nærskulen. Det er ønskjeleg med tilføring av ressursar til arbeidet med språkopplæring for barn i barnehage og grunnskule.

***Helsestasjonen***
Helsestasjonen følgjer rettleiar frå Helsedirektoratet om helsetenestetilbod for asylsøkjarar, flyktningar og familiesameinte i sitt arbeid: Alle får helsekartlegging, helseinformasjon, smitteoppsporing, vaksinering og oppfølging i samsvar med denne. I samsvar med tilråding frå Helsedirektoratet er det under etablering eit tverrfagleg team for minoritetshelse i kommunen, som vil vere til stor nytte i arbeidet med å koordinere og raskt løyse utfordringar.

Utfordringa for mange er knytt til psykisk helse. Ved alvorlege symptom får ein tilbod ved BUP og DPS i 2. linetenesta. Personar over 18 år kan få tilbod om oppfølging av den kommunale tenesta for rus og psykisk helse, men slik situasjonen er i tenesta no har dei ikkje kapasitet til å ta imot nye brukarar. For personar under 18 år har kommunen få lavterskeltilbod knytt til psykisk helse. Helsestasjonen får mange henvendingar knytt til behov for eit lavterskeltilbod med støttesamtalar. Oppfølging og informasjon knytt til psykisk helse kan vere førebyggande og føre til raskare framgang i språkinnlæringa og integreringa. Helsestasjonen har helsesøstrer med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge, som i dag jobbar innanfor skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Dersom helsestasjonen skal kunne tilby eit lavterskeltilbod innan psykisk helse for målgruppa må ressursane omdisponerast, og dei treng auka stillingsressurs for å kunne iverksetje tilbodet overfor flyktningar og asylsøkjarar. Sjå også vedlegg 4.

Hausten 2015 har helsestasjonen særleg hatt auka arbeidsoppgåver knytt til auka tal asylsøkjarar og flyktningar. Fleire tilsette har jobba ekstra med minoritetshelse, også utover normalarbeidstid. Mot slutten av 2015 fekk tenesta auka stillingsressurs på 50 prosent knytt til auka tal asylsøkjarar, og skal tilsetje helsesøster til mottakssamtalar og vaksinering. Helsestasjonen har helsesøster i 60 prosent knytt til arbeidet med flyktningar, og ber om at

denne blir justert i samsvar med auka tal flyktningar som skal busetjast. Noverande stillingsressurs er basert på busetjing av eit snitt på 28 flyktningar kvart år. I 2015 vart det busett 40 flyktningar. I tillegg kjem familiesameiningar. Samla har helsestasjonen 2,18 årsverk til arbeidet med minoritetshelse fordelt slik: 195% helsesøster, 15% jordmor og 8% helsesekretær.

***Volda legesenter***

Alle nykomne flyktningar og asylsøkjarar får time hos lege på Volda legesenter etter helsekartlegging av helsesøster. Legesenteret fekk mot slutten av 2015 auka stillingsressurs frå 20 til 50 prosent helsesekretær og 10 prosent legeressurs, som følgje av auka tal bebuarar ved Volda mottak.

***Rus- og psykisk helseteneste***

Tenesta for rus- og psykisk helseteneste gir støttesamtalar og oppfølging, og arbeidsretta kvalifisering gjennom Styrk arbeid. Tenesta har 50% stillingsressurs til arbeidet med oppfølging av flyktningar. Grunna stort arbeidspress har tenesta varsla at dei inntil vidare ikkje har kapasitet til å ta imot nye flyktningar for oppfølging.

***Tverrfagleg team for minoritetshelse***

I k-sak 128/15 i kommunestyremøte 26.11.15 vart det vedteke å etablere ei tverrfagleg team for minoritetshelse i kommunen, som skal arbeide med rutinar, prosedyrar og oppfølging av fysisk og psykisk helse, smittevernutfordringar, drøfte behov for oppfølging og iverksetjing av tiltak, derav førebyggjande lavterskeltiltak, og best mogleg utnytting av tildelte ressursar. Gruppa skal ha sitt første møte på nyåret.

***Barnevernstenesta - busetjing av einslege mindreårige flyktningar***

Arbeidet med einslege mindreårige flyktningar (EM) er lagt under barnevernstenesta i eige EM-hjelpetiltaksteam. EM-tenesta i Volda vil ha noko kapasitet til å busetje fleire EM i 2016 og 2017, men på langt nær 12 og 17 jf. oppmodinga frå IMDi, utan at det vert arbeidd med alternative bu- og omsorgsløysingar, i tillegg til dei 10 plassane som er tilgjengeleg i Smiebakken bufellesskap. Gjennom året er ungdom klare for utflytting av bufellesskapet og inn i mindre bufellesskap eller hyblar med oppfølging av personale i oppfølgingstenesta. Innafor det gjeldande busetjingsvedtaket har kommunen busett om lag 5 EM kvart år. No ber IMDi kommunen auke talet EM til 12 i 2016 og 17 i 2017, altså ei dobling/tredobling. Rådmannen vil leggje fram eiga sak for politisk handsaming om denne delen av oppmodinga i februar/mars, med bakgrunn i følgjande:

- Ansvaret for busetjing og integrering av EM i Ørsta og Volda er i dag lagt under det regionale barnevernssamarbeidet, som Volda er vertskommune for. Ørsta og Volda har fått dobla/tredobla oppmodingstal for busetjing av EM samanlikna med tidlegare år. I tillegg skal også Ulstein og Hareid vurdere å busetje EM.
- Dei framtidige økonomiske rammevilkåra for busetjing av EM er uklåre. Med verknad frå 01.12.13 innførte staten auka kommunal eigendel på 20 prosent på barnevernstiltak for EM, som kjem i tillegg til månadleg kommunal eigendel som i 2015 var kr 16 600 pr. person. Auka kommunal eigendel har ført til auka kommunale utgifter som ikkje blir finansiert av staten, og at fleire kommunar vegrar seg for busetjing av målgruppa som kan føre til økonomiske tap for kommunen. Staten har sett ned arbeidsgruppe sentralt som ser på ulike finansieringsmodeller, og varsla at det kan kome endringar i finansieringa av barnevernstiltak for EM. Det er ikkje varsla når endringa vil kome, og kva den vil innebere for kommunane.

Rådmannen i Volda har med bakgrunn i dette sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå barnevernet og dei fire kommunane i barnevernssamarbeidet, som skal sjå på bu- og omsorgsløysingar, bemanning/turnus, organisering, ansvar og samarbeid, kostnader og

finansiering, kvalifisering og helse, for å kunne gi eit betre grunnlag for å ta avgjersle om auka busetjing av EM i 2016/2017. Sjå mandatet til arbeidsgruppa i vedlegg 5.

***Økonomiske verkemidlar***
Staten kompenserer kommunane for utgifter til busetjing og integrering av flyktningar. Tilskota utgjer det økonomiske grunnlaget for kommunen sitt busetjings- og integrerings-arbeid. I tillegg tel flyktningane med i rammetilskotet kommunen får for alle innbyggjarar som er folkeregistrert i Volda. Stortinget har fastsett følgjande satsar for 2016:

| **Type tilskot** | **Sats 2016 pr. person** | |
|---|---|---|
| Integreringstilskot busetjingsår 1 (2016) | 184 000 (vaksne, barn, EM) (*2000)<br>234 000 (einslege vaksne) (*2000) | |
| Integreringstilskot busetjingsår 2 (2015) | 220 000 (*10 000) | |
| Integreringstilskot busetjingsår 3 (2014) | 160 000 (*8 000) | |
| Integreringstilskot busetjingsår 4 (2013) | 83 400 (*1 200) | |
| Integreringstilskot busetjingsår 5 (2012) | 70 000 (*0) | |
| **Sum integreringstilskot over 5 år** | **717 400** (vaksne, barn, EM) (*21 200)<br>**767 400** (einslege vaksne) (*21 200) | |
| Ekstratilskot pr. person som blir busett utover 30 | 50 000 (*0) | |
| Barnehagetilskot, eingongstilskot | 24 500 (*100) | |
| Eldretilskot, eingongstilskot | 162 000 (*4 500) | |
| Særskild tilskot einslege mindreårige (til EM er 20 år) | 207 000 (*15 700) | |
| Eingongstilskot einslege mindreårige i 2016 | 100 000 (*100 000) | |
| Særskild ekstratilskot for busetjing av personar med funksjonshemming/atferdsvanskar | *Tilskot 1*: 181 000 (eingongstilskot) (*5 100)<br>*Tilskot 2*: Inntil 1 111 000 (pr.år i inntil 5år) (*31 000) | |
| Grunntilskot norskopplæring og samfunnskunnskap | 560 000. I tillegg kjem tilskot pr. person, sjå under. | |
| **Norsktilskot pr. person** | **Låg sats** | **Høg sats** |
| Busetjingsår 1 (2016) | 13 100 (*300) | 31 900 (*0) |
| Busetjingsår 2 (2015) | 22 600 (*600) | 58 200 (*400) |
| Busetjingsår 3 (2014) | 13 300 (*8 400) | 39 500 (*3 600) |
| **Sum norsktilskot over 3 år** | **49 000** (*1 300) | **129 600** (*36 310) |

*(auke frå 2015)

Integreringstilskotet blir utbetalt i fem år for flyktningar og familiesameinte til desse. Tilskotet til EM blir utløyst i tillegg til integreringstilskotet, til EM er 20 år. Når det gjeld norskopplæring vert det utløyst eit grunntilskot på kr 575 000 i 2016, som er ei auke på kr 15 000 frå 2015. I tillegg til grunntilskotet kjem eit tilskotet pr. person avhengig av kva land ein kjem frå, som vert utbetalt i tre år. Dei fleste kjem frå land som utløyser høg sats. I ordninga med norskopplæring for asylsøkjarar i mottak har det maksimale talet på norsktimar gått ned frå 250 i 2015 til 175 i 2016. Som følgje av dette er tilskotet redusert frå kr 18 200 til kr 12 700 pr. person. Etter asylsøkjarane har fått opphaldsløyve, og medan dei ventar på busetjing i ei kommune, mottek kommunen norsktilskot som i tabellen over. Kommunen mottek i tillegg vertskommunetilskot på om lag kr 2,6 mill. i 2016 for 230 plassar på Volda mottak, inkludert dei 30 opsjonsplassane som vart utløyst frå oktober 2015.

Ramma for tilskot til utleigebustader gjennom Husbanken har auka, slik at Husbanken kan gi tilsegn til fleire utleigebustader.

KS oppmoder kommunane om å kommentere i kva grad styrking av økonomiske verkemidlar på feltet vil auke moglegheitene for å auke busetjingskapasiteten. Statsråden viser i oppmodingsbrevet til at Regjeringa har styrka kommunane sine moglegheiter til å busetje det høge talet som allereie ventar i mottak. Som det kjem fram av tabellen over har alle tilskota knytt til busetjing av flyktningar auka siste året. Tala i parentes viser *(auke frå 2015). Under følgjer ein oversikt over auken på integreringstilskotet dei tre siste åra for einslege vaksne:

- Siste året er integreringstilskotet for einslege vaksne auka med *kr 21 200*, frå kr 746 200 i 2015 til kr 767 400 i 2016 over fem år.
- Dei to siste åra er integreringstilskotet for einslege vaksne auka med *kr 49 800*, frå kr 717 600 i 2014 til kr 767 400 i 2016 over fem år.
- Dei tre siste åra er integreringstilskotet for einslege vaksne auka med *kr 100 600*, frå kr 666 800 i 2013 til kr 767 400 i 2016 over fem år.

I 2015 vart det utløyst kr 50 000 i ekstratilskot for kvar flyktning som vart busett i Volda utover 30, som var den opphavlege oppmodinga frå IMDi. Totalt vart 40 flyktningar busett og samla utgjorde ekstratilskotet for 10 personar kr 500 000 til Volda kommune. Ekstratilskotet er vidareført i 2016: Det blir utløyst kr 50 000 pr. person som vert busett utover 30, som var det opphavlege oppmodinga frå IMDi i 2015. Kommunen mottok også eit ekstraordinært skjønstilskot på kr 645 000 frå Fylkesmannen i 2015, for å kompensere for ekstraordinære kostnader som følgje av fleire asylsøkjarar og flyktningar.

Beregningsutvalget kartlegger kommunane sine utgifter til busetjing og integrering av flyktningar. Både små, mellomstore og store kommunar deltek i kartlegginga. Volda har så langt ikkje fått spørsmål om slik deltaking. Rapport frå 2014 viser at samla utgift i snitt var på kr 743 000 i 2013 pr. flyktning over femårsperioden, inkludert utgifter til kvalifiseringsprogram og helse. Dette dannar samanlikningsgrunnlaget for integreringstilskotet. Satsane for integreringstilskotet i 2013 var på kr 666 800 for einslege vaksne og kr 616 800 for andre vaksne, barn og EM over fem år. Kommunane sine utgifter over fem år var dermed høgare enn tilskotet dei utløyste i 2013. Som nemnd er tilskota dei tre siste åra auka med kr 100 600 for einslege vaksne til kr 767 400 i 2016, og med kr 100 600 for andre vaksne, barn og EM til kr 717 400 i 2016.

Basert på funn frå Beregningsutvalget si kartlegging er det grunn til å konkludere med at integreringstilskotet ikkje har auka tilstrekkeleg til å dekke gjennomsnittlege utgifter i femårsperioden. Volda kommune forventar at staten gir ei betre kostnadsdekking og aukar tilskota på feltet, også utover gjeldande femårsperiode. Volda kommune har over fleire år busett fleire flyktningar i høve folketalet enn samanliknbare kommunar, og forventar at staten gir kommunar som buset fleire flyktningar enn sin del, eit ekstra stimuleringstilskot for dette. Ekstratilskotet på kr 50 000 pr. person som vart utløyst for 10 flyktningar i 2015, var eit slikt stimuleringstilskot. Det er positivt at tilskotet vert vidareført, men det burde vore auka, og sett i samanheng med tal flyktningar som vert busett i høve folketalet i kommunane.

Volda kommune har til no greidd å tilpasse tenester til flyktningar til den økonomien som har vore tilgjengeleg. For å bli med på ein stadig aukande nasjonal dugnad om busetjing av flyktningar og sikre flyktningane god kvalifisering til vidare utdanning og arbeid, og aktiv samfunnsdeltaking, må vi få sterkare garanti frå staten om auka overføringar for å dekke gapet mellom utgifter og inntekter. Dess meir økonomisk risiko det ligg i mottak av flyktningar, dess vanskelegare blir det for staten å sikre nok kommuneplassar og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.

## VURDERING OG KONKLUSJON

**Utviding av busetjingstal utløyser behov for styrka ressursar i tenestene**
Volda kommune har over lang tid opparbeidd eit godt busetjings- og integreringsapparat med høg kompetanse. I høve folketalet har Volda vore blant dei kommunane i landet som har teke i mot flest flyktningar. Dei kommunale sektorane vart i k-sak 9/12 tilført ressursar frå integreringstilskotet til å handtere ei ramme på busetjing 140 flyktningar, som utløyser integreringstilskot over femårsperioden. Sektorane gir tilbakemelding om at det er rom for å

auke busetjingskapasiteten om dei får tilført ressursar til arbeidet. I budsjettet for 2016 er det avsett ei ramme på kr 5 mill. til dimensjonering av kommunale tenester og ressursbehov, som følgje av auka busetjing av flyktningar og auka tal asylsøkjarar i kommunen. Rådmannen vil utgreie dette nærare og styrkinga vert gjort ut frå vedtak i formannsskapet.

**Minoritetshelse**
Styrkinga som vart gjort mot slutten av 2015 knytt til minoritetshelse og etableringa av eit tverrfagleg team for minoritetshelse, gjer oss betre rusta til å yte lovpålagde kommunale oppgåver, betre samarbeid og samordning av kommunale helsetenester overfor målgruppa, og sikre gode rutinar for mottak og oppfølging av personar som har krav på lovpålagde helsetenester av kommunen. Rådmannen vil nærare utgreie ytterlegare ei styrking knytt til psykisk minoritetshelse, som kan gi støttesamtalar og lavterskeltilbod for målgruppa.

**Bustader**
Vi har positive resultat i arbeidet med gjennomstrøyming i kommunale bustader, som gir ledige kommunale bustader til busetjing av flyktningar og andre vanskelegstilte. Rådmannen vil rose det positive arbeidet med å busetje flyktningar på den private bustadmarknaden og på bygdene i Volda, og meiner det er viktig ein held fram dette arbeidet for å framskaffe nok bustader og fremje god busetjing og integrering. Det er viktig å nytte Husbanken sine verkemidlar i arbeidet med framskaffing av bustader til flyktningar. Rådmannen tilrår at det vert godkjent ei låneramme på kr 6 millionar for kjøp/bygging av bustader til flyktningar. Bustadene skal vere sjølvfinansierande og finansierast ved låneopptak og bustadtilskot frå Husbanken (40 % tilskot).

**Saknar statleg heilskapleg integreringspolitikk**
Rådmannen saknar framleis ein meir heilskapleg statleg busetjings- og integreringspolitikk og meiner staten i for stor grad fokusere på kommunane sitt ansvar for å busetje utan å stille naudsynte krav og tilrettelegging av tilstrekkeleg med ressursar til tilpassa studietilbod og arbeidsretta tiltak frå NAV for målgruppa. Vidare vil rådmannen på nytt peike på at kommunane må stille krav til heilskapleg tenesteforløp for flyktningar på tvers av forvaltningsgrensene. Det er underleg at staten ikkje har sett dette sjølv og sett i verk forpliktande virkemidlar for å gjere busetjings- og integreringspolitikken i Noreg meir berekraftig. Dette vert særleg viktig i denne situasjonen med redusert aktivitet i økonomien, og konkurransen om arbeidsplassar og studieplassar vil auke. Det er eit stort ansvar landet og den enkelte kommune tek på seg når ein buset flyktningar. Dette handlar om å gi flyktningane eit verdig og sjølvstendig liv. Kvalfisering for utdanning og arbeid er det mest grunnleggjande for å verte integrert og unngå sosiale problem og eit liv i fattigdom.

Rådmannen føreset at staten endrar finansieringsordninga for busetjing av EM ved gjere refusjons- og tilskotsordningane meir forenkla og føreseieleg, og at kommunane får dekt faktiske kostnader til å yte gode bu- og omsorgstiltak for målgruppa. Det økonomiske gapet mellom inntekter og utgifter er krevjande å handtere. Kuttet i finansieringsordninga mot slutten av 2013 går ut over dei mest sårbare i samfunnet, og rammer spesielt kommunane som har teke samfunnsansvar for å busetje dei som treng det mest.

Rådmannen forventar at staten aukar overføringane til kommunane og dekker dei reelle utgiftene auka busetjing medfører, også utover femårsperioden. Rådmannen reagerer på at staten har skapt enda større usikkerheit om finansieringa av utgiftene til EM. Dersom løysinga vert at kommunane skal ta enda større del av desse utgiftene, så signaliserer staten at den ikkje vil vere garantist for velferdsstaten sine rettar, og at finansieringa vert overført til kommunane på bekostning av det kommunale sjølvstyret.

**Kvalifisering**

Det er avgjerande at Volda når målet om 60 prosent overgang til utdanning og arbeid for at flyktningarbeidet skal vere berekraftig. I tillegg til manglande heilskapleg statleg politikk, er næringsstrukturen ei utfordring for Volda. Vi har eit akademisk arbeidsliv som krev utdanning for å få arbeid. Dette gjer det meir krevjande å kvalifisere flyktningar i Volda til arbeid og sjølvstendig liv med eigen bustad m.v., enn i samfunn som har meir industriretta næringsliv. Vi har i tillegg auka arbeidsløyse i regionen og usikre framtidsutsikter for sjukehuset. Det er difor under tvil at rådmannen tilrår auka busetjing av flyktningar.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparingar i åra framover.

**Økonomiske konsekvensar:**
Integreringstilskotet vert utløyst for flyktningar busett etter avtale med staten og for familiesameinte til desse. Ved fråflytting overførast tilskotet til tilflyttingskommunen. I budsjettet er det teke høgde for busetjing av 25 flyktningar i 2016 og eit integreringstilskot på kr 25,8 mill. for 160 flyktningar og familiesameinte. Ei auka busetjing på ytterlegare 15 i 2016, inkludert busetjing av 12 EM, vil gi auka integreringstilskot på om lag kr 3,2 mill. til kr 28,1 mill. i 2016. I tillegg kjem ekstratilskotet på kr 50 000 pr. person for busetjing av flyktningar utover opphavleg oppmoding på 30 i 2015. Ved busetjing av 40 vil kommunen få kr 500 000 i ekstratilskot i 2016. I tillegg vil ekstratilskotet for busetjing av EM på kr 100 000 pr. person, utgjere kr 1,2 mill. ved busetjing av 12 EM i 2016. Dei andre tilskota på feltet vil også auke som følgje av auka busetjing.

Volda kommune sin kapasitet på integrering av flyktningar er tilpassa busetjing av 140 som utløyser integreringstilskot over ei femårs periode. Auka busetjing krev at ein styrker kommunale tenester i flyktningarbeidet. Rådmannen føreset at staten også dimensjonerer opp med fleire statleg tilsette ved NAV-kontoret i Ørsta, samt styrker deira ramme for å iverksetje tilpassa arbeidsretta kvalifiseringstiltak for målgruppa.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen utover det som går fram av saka.

Rune Sjurgard
Rådmann

Nina Kvalen
spesialrådgjevar

**Utskrift av endeleg vedtak:**
IMDi Midt-Norge, imdimidtnorge@imdi.no
IMDi, post@imdi.no
KS v/Nina Gran, nina.gran@ks.no
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
Sektor Opplæring og oppvekst, her.
Volda læringssenter, her.
Helsestasjonen, her.
Sektor Helse og omsorg, her.
Rus- og psykisk helseteneste, her.
NAV Ørsta/Volda, her.
Barnevernstenesta, her.
Eigedomsavdelinga, her.
Spesialrådgjevar innvandring og integrering v/Nina Kvalen, her.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Postadresse:
Postboks 8059
Dep.
0031 OSLO

Besøksadresse:
Kjøpmannsgata
ved nr 32,
Trondheim

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

VOLDA KOMMUNE
RÅDHUSET
6100 VOLDA

Komm.nr.: 1519

**Ber om at brevet vert distribuert til:**
Ordførar
Rådmann

| DYKKAR REF | VÅR REF | DATO |
|---|---|---|
| | 06-01920 | 24.11.2015 |

## Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg, førar til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet IMDi tidlegare samla har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsatt at det vil være behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider www.imdi.no/bosettingsbehov.

Det er ein særs stor auke i talet på einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. I 2014 vart det busett 536 einslege mindreårige (EM) i Noreg. Berre nokre av kommunane vart oppmoda om å busette EM. Behovet i 2016 er meir enn åttedobla frå fjoråret. IMDi må difor oppmode dei fleste kommunane om å busette einslege mindreårige. Og dei som har busett EM tidligare, må verte oppmoda om å busette mange fleire.

IMDi ber kommunar som ikkje blir bede om å busette dei yngste EM – og likeins kommunar som ikkje i det heile teke er oppmoda om å busette EM – om å vise god vilje til samarbeid når Bufetat skaffar fosterheim i kommunen. Alle kommunar kan også gjere ein aktiv innsats ved å vere formidlar av kontakt mellom moglege fosterfamiliar for EM og Bufetat.

**Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å ta imot 40 flyktningar i 2016, kor av 12 er einslege barn og unge.**

IMDi ber ikkje kommunen om særskilt å ta imot EM under 15 år. Men behovet er stort og denne gruppa burde raskt få eit tilbod i ein kommune. Om kommunen ser det som mogleg også å busette nokre einslege mindreårige under 15 år, ta kontakt med IMDi om dette.

**Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber IMDi kommunen om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:**

- **Minst 45 flyktningar i 2017, kor av minst 17 er einslege barn og unge.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. IMDi vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

IMDi understreker betydinga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje fattast vedtak som inkluderer familiesameinte eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle busettingsplassane, skal plassar som ikkje er vorte brukt overføras til kommande års busetting.

**Økonomi og rammevilkår**
I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming føreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med 100 000 kroner per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen ble oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider (www.imdi.no).

Kommunar som busett einslege mindreårige, vil få vanleg integreringstilskot for kvar EM som vert busett. Og i tillegg det særskilde tilskotet ved busetting av EM som i 2015 var kr 191.300 per born. Det særskilde tilskotet får kommunen frem til og med 20 års alder for kvar EM. For komande år føreslår regjeringa altså også å auke dette tilskotet med kr 100.000 for kvar EM i busettingsåret 2016. Busette einslege mindreårige vil også telle med i det samla talet som kan gje ekstratilskot på kr 50.000; sjå over.

**Kontakt med IMDi om oppmodinga**
Kommunen kan ta kontakt med IMDi i tida fram mot vedtak. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med IMDi Midt-Norge ved Fiffi Namugunga; e-post fina@imdi.no eller telefon 902 88 531.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til IMDi post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran nina.gran@ks.no.

Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid!

Venleg helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

| | |
|---|---|
| Rune S Foss | Fiffi Namugunga |
| regiondirektør IMDi Midt-Norge | sakshandsamar |

Kopi:
Fylkesmannen

Vedlegg - 2014/2357 -54

Bufetat

*Til ordførere og rådmenn i kommunene innenfor Bufetat region Midt-Norges virkeområde*

De siste månedene har Norge merket en stor økning i asylsøkere som kommer til landet. Av disse er mange barn som kommer alene. Så langt i år har over 700 barn under 15 år kommet alene for å søke asyl i Norge. I følge UDIs prognoser vil antallet ha steget til 1000 barn ved utgangen av 2015. Felles for disse barna er at de har flyktet fra krig og urolige forhold. De har flyktet langt med et ønske om et trygt liv, utdanning og etter hvert en jobb.

Bufetats oppdrag er å gi barn under 15 år som kommer alene til landet omsorg og beskyttelse på omsorgssentrene når de er i asylsøkerfasen, og å samarbeide med kommunene om å bosette disse barna når de har fått vedtak om opphold.

Behovet for å bosette disse barna når de har fått vedtak om opphold er stort. Akkurat nå har 100 barn på våre omsorgssentre fått innvilget asyl og venter på at en kommune i Norge skal ta i mot dem. Vi håper kommuneledelsene rundt om i vår region har de minste barna høyt på agendaen i deres drøftinger om bosettingsmuligheter i egen kommune. Vi vil gjerne bidra med informasjon og veiledning , om hva som skal til for å ta imot noen barn under 15 år.

Det er i hovedsak to ulike botiltak som benyttes til denne barnegruppen. Det er bofellesskap og fosterhjem, de fleste bosettes i bofellesskap. De yngste barna plasseres i fosterhjem.
Bofellesskap er 3-6 ungdommer som bor sammen i et døgnkontinuerlig bemannet tiltak, med tett oppfølging. Fosterhjem kan være både ordinært/forsterket fosterhjem og slektsfosterhjem.

De fleste kommuner hjemler bosettingen av barna som et hjelpetiltak etter barnevernloven § 4-4

Kommuner som bosetter enslige mindreårige mottar ulike tilskudd:
-Integreringstilskudd. Utbetales over fem år (IMDI)
-Særskilt kommunalt tilskudd. Utbetales hvert år til og med det året flyktningen fyller 20 år.
-Ekstratilskudd i tillegg til ordinære tilskudd (forslag i statsbudsjett for 2016)

I tillegg refunderer Bufetat 80 prosent av refunderbare utgifter til kommunale barneverntiltak (som ikke dekkes av andre tilskudd) til barnet fyller 20 år. Slike tiltak kan for eksempel være fosterhjem og bofellesskap.

Oppdatert status på dette området finner dere på:
http://www.bufdir.no/Barnevern/enslige_mindrearige_asylsokere_og_flyktninger/

Ta gjerne kontakt for videre dialog om samarbeid.
**Kontaktpersoner hos Bufetat region Midt-Norge:**
Seniorrådgiver Sølvi Andersen Walle, tlf.: 46615848 eller e-post: solvi.andersen.walle@bufetat.no
Seniorrådgiver Seyed Jamil Naser, tlf.: 46617634 eller e-post: seyed.jamil.naser@bufetat.no

Med vennlig hilsen
**Jonny Berg**
Regiondirektør

Barne-, ungdoms- og familieetaten, region Midt-Norge
Tlf. direkte 466 17 438
jonny.berg@bufetat.no

# BUSETTING
# INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

NOTAT FRÅ MØTE 05.01.2016

---

Til stades:

Kjell Magne Rindal, eigedom
Torill Osborg Vinjevoll, barnevern, einslege mindreårige Volda
Sindre Monsholm, barnevern, einslege mindreårige Volda
Per Heltne, planleggar
Rønnaug Myklebust, busetjing og kvalifisering av flyktningar, Volda læringssenter, tildelingsnemnda
Malene Rovde, helse og omsorg, tildelingskontoret
Bodil Egset, økonomi, Husbanken
Anne Marte Ådneram, NAV Ørsta/Volda
Eli Grøtta, NAV Ørsta/Volda
Heidi Istad, planleggar
Nina Kvalen, innvandring og integrering
Rune Sjurgard, rådmann
Anne Eikeland, student
Sigrund, student
Regine Aklestad, planleggar og referent

Bakgrunn for møtet:
I samband med rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel var det ynskjeleg å diskutere nokre problemstillingar knytt til busetting, bustader til vanskelegstilte/kommunale bustadar/bustadprosjekt der kommunen har ansvar i ei eller anna form. Kva type bustadar har vi i Volda kommune behov for dei neste 12 åra? Kvar bør desse bustadane vere? Kva strategi skal Volda kommune ha for busetting?

Det vart sendt ut fire spørsmål i forkant av møtet, som deltakarane skulle tenkje gjennom før møtet. Dette notatet inneheld ei oppsummering av moment som vart diskutert på møtet. Det vart lagt mest vekt på busetting av flyktningar, sidan dei fleste som hadde anledning til å møte i hovudsak arbeidar med denne gruppa. Det vart etterlyst meir overordna tenking, og meir fokus på andre brukargrupper enn flyktningar, t.d. eldre og innan rus og psykiatri. Ulike grupper har ulike behov.

Kommuneplanens samfunnsdel omhandlar heile kommunen, og må ha eit overordna perspektiv. Til slutt i dette notatet er det forsøkt å samle hovudmomenta frå møtet og formulere overordna mål, strategiar og tiltak – med same modell som for andre tema i kommuneplanen.

Deltakarane har fått notatet til gjennomlesing og høve til å kome med kommentarar i etterkant.

**Kva slags strategi skal kommunen ha for busetting?**

Overordna mål og strategiar

- Alle bør ha sin eigen bustad.
- Stikkord for overordna mål:
    - Volum – dekke behov
    - Tilpassa bustadar
    - Tilgjengelegheit
    - Sosiale behov
- *Mål: Ha tilstrekkeleg med fleksible bueiningar som lett kan gjerast om.*
  Strategiar:
    - Sentrumsnære bustadar er mest fleksible m.o.t. ulik bruk (lettare med gjennomstrømming).
    - Utvikling av eksisterande bustadar. Sikre areal knytt til eksisterande tomter. Kan t.d. vere aktuelt med fortetting; gjere om einebustadar til tomannsbustadar/mindre bustader.
- Strategiar:
    - Arbeide med «frå leige til eige».
    - Arbeide opp mot private utbyggarar.

  Utbyggarar seier det ikkje er pengar å tene på slike bustadtypar.
  Kunne vore aktuelt med fleire blokkar? Få ned kostnadane pr. leilegheit. Viktig med inkludering, ynskjer ikkje «gettoar».
  Konkurranseutsette, t.d.: Kommunen kjøper 10 bustadar; utbyggar tør satse på større prosjekt fordi 10 leilegheiter er garantert selt. Mindre risiko å byggje stort.
- Strategiar:
    - Framskaffe fleire bustadar.
    - Investere i bustadar.
    - Utnytte bustadtilskot i større grad enn det som vert gjort i dag.

  Må vere ein politisk og administrativ vilje til dette.
- Må tenkje integrering i etablerte bumiljø. Sikre opsjonar i alle nye bustadprosjekt.
- Strategiar:
    - Arbeide aktivt mot Husbanken:
        - Tilskot er bunde til huset i lang tid, det skjer mykje i eit hus på 20 år, ulike behov.
        - Burde vore høgare tak på husleiga i Husbanken; «passar» ikkje inn i prisnivået i Volda. Volda er i gruppe 4, men burde ikkje vore der. Husbanken burde vore meir fleksible.
    - Arbeide med naboskap.
    - Kommunen må vere ein aktiv eigar. Jamleg HMS-kontroll for å føre tilsyn med husa innvendig. Må setje av tid til dette. Ressursbesparande; unngår nedsarving av bustadar.
    - Opprette ein vaktmeisterordning. Prøveprosjekt, t.d. eitt år.

**Kva type bustadar er det behov for og kvar?**

*Einslege mindreårige:*

- Bur først i bufellesskap for å bli kartlagt og ha ei trygg omsorgsbase. Veit lite om kven som vil kome i framtida og kva behov dei har.
- Best med sentrumsnære bustadar, m.o.t. nærleik til skule og sosiale aktivitetar.
- Positivt om bustadene ikkje er for store, t.d. rundt 50m$^2$. Klart størst behov for singlettar (busette ein og ein), men av og til også behov for andre typar. Vanskeleg å forutsjå behov.

*Vaksne flyktningar/familiar:*

- Generelt vanskeleg å forutsjå behov for bustadar. Svingar veldig; ein periode er det stort behov for singlettar, andre periodar stort behov for større bueiningar. Trenger fleksible bustadar som lett kan gjerast om.
- Størst behov for bustader til einslege, men også for nokre for familiar. Av og til behov for større familiar (fleire enn tre born). Smart med fleksible løysingar; at singlettar kan gjerast om til større bustad.
- Volda læringssenter er open for busetting på bygdene, men da MÅ det vere gode kollektivtilbod. Dei som går på norskopplæring er avhengig av å kunne kome seg til og frå sentrum, på skule. Dei fleste har ikkje sertifikat.

*Andre brukarar:*

- Brukarar innan rus og psykiatri: Vanskeleg å busette på bygdene m.a. fordi det er vanskelegare å komme i aktivitet, til og frå arbeid, skule ol.
- Akuttsituasjonar: Må kunne gi nokon bustad/ein stad å sove på kort tid (av og til på dagen). Må ofte ty til dyre, midlertidige løysingar som viser seg å vare lenge. Kommunen bør tenkje meir langsiktig.

**Korleis sikre god og variert tilgang på bustadar og tomter?**

- Flyktningar er ikkje den vanskelegaste gruppa å busette, og treng ikkje fylle opp dei kommunale bustadane.
- Einslege mindreårige får ofte leige privat.
- Brukarar innan rus og psykiatri er vanskeleg å få inn på den private marknaden. Størst behov for kommunale bustadar.
- Einslege mindreårige: Behovet for bustadar vil auke i framtida.
- Bør sikre opsjonar i alle nye bustadprosjekt.
- Omdøme: Kommunen må vere tydelege på ansvar der leigetakar skriver leigekontrakt med private. Kommunen har ikkje ansvar, men er støttespelar.
- Framleige: Volda kommune praktiserer ikkje dette i dag. Vil vi klare oss utan det i framtida? Vil kome fleire flyktningar i framtida. Opplever at private mykje lettare leigar ut til kommunen enn til leigetakar.
  - Eigedom: Framleige er veldig kostbart for kommunen. Betre å byggje sjølv, kjøpe, finne andre løysingar.

**Korleis legge til rette for gode bumiljø?**

- Frå leige til eige
  - Kva inneberer det å eige? Fyller med ein del ansvar. Viktig med forståing av kva det betyr. Opplever t.d. store utfordringar med sameige.
  - Eit av måla med prosjektet frå leige til eige er at brukarane skal føle meir ansvar viss dei eiger sjølv, enn viss dei leiger. Får større fokus på vedlikehald. Har positive erfaringar med at folk tek meir ansvar viss dei eiger sjølv.
  - Volda læringssenter: Etterlyser meir kunnskap om å eige. Det kjem opp 1000 spørsmål, t.d. om lån, forsikring, Husbanken, renovasjon, vassavgift, kloakk,

    takrenner: Kvar skal dei henvende seg? Det finnes brosjyrar (Husbanken, Sparebank1), men burde vore ein stad å henvende seg: Kven sitt på slik kunnskap? Burde vore definert i kommunen.
    - Erfaring viser at det er vanskeleg for flyktningar å kjøpe bustad i sentrum med høge bustadprisar, før dei har vore busett i 6-7 år. Kan vere lettare på bygdene, med lågare prisar på bustadmarknaden. Dei treng eigenkapital og god inntekt.
    - Økonomi er generelt ei utfordring. Høge prisar på leigemarknaden generelt i kommunen. Kan ikkje gjere folk avhengige av NAV.
- Må tenkje integrering i etablerte bumiljø.
- Problem å busette flyktningar i stigmatiserte rus-område. Folk tør ikkje sende ungar ut, andre vil ikkje sende sine ungar dit på besøk. Må i alle fall ha åtskilte inngangar. Betre å ha ein «rus-familie» i eit nabolag med ulike type folk, enn ein «vanleg» familie i eit område med mange rusmisbrukarar.
- Viktig med burettleiing: Kva vil det seie å bu i Noreg? Kultur og skikkar; korleis det ser ut rundt huset, korleis fungere renovasjon m.v.
  Mange treng oppfølging jamleg. Korleis følgje opp dei ein ikkje er hos jamleg?
- Volda læringssenter: Absolutt behov for meir oppfølging. Vasking, lufting, dagleg vedlikehald.
- Ålesund har ein vaktmeisterordning. Kunne vore interessant å prøve ut i Volda.
- Vaktmeisterordning vil ev. vere ein gjeninnføring av ein type teneste, då det ikkje er vaktmeistarar i Volda kommune lenger.
- Men det er vaktmeistertenesta det er behov for. Opplæring og sjekk. Lufter du? Tømmer du sluken? Dra vekk gardinene. Ein som har tid til å gjere denne jobben. Kan lønne seg, fordi depositumgarantiane ofte vert betalt ut. (Depositumgaranti kan aukast frå 3 til 6 mnd. Store beløp). Kunne vore gjort som eit prøveprosjekt t.d. eitt år. Spleiselag; eigedom, NAV, fleire. Sjekke undervegs om dette vil vere kostnadsbesparande. Vaktmeistertenesta bør omfatte både kommunale og private bustadar; alle bustadar der kommunen gir depositumgaranti.
- Ustelte eigedomar fører ofte til ein negativ spiral og motsett; velstelte uteareal inspirerer til at bebuarar tek betre vare på det. Naboskap; eksisterande prosjekt.

**Kommentarar i etterkant av møtet:**
- Innvandring og integrering viser til funn i notat 1/2015 frå Møreforsking i Volda om "Samordning av bustadsosialt arbeid i Volda kommune":
  - Generelt er samordninga mykje betre grunna:
    - Tildelingskontor
    - Tildelingsnemnd
    - Gjennomgang av ansvar og rutinar
  - Samordning på tvers av sektorar og avdelingar framleis ei utfordring:
    - Samordning mellom strategisk og operativt nivå
    - Eigedom, tildeling og tenestene sit fysisk langt frå kvarandre
    - Bli betre på å sjå bustad og tenester i bustad i samanheng
    - Samordning mellom tildeling, vedlikehald og utkasting
    - Brukarar må oppsøkje ulike einingar og avdelingar
  - Tilbod betre tilpassa behov
  - Politisk forankring og felles forståing

  Det er viktig å arbeide vidare med samordning både på strategisk og operativt nivå, og mellom nivåa. Nokre av tiltaka som er skissert i studien for å betre koordineringa er:
  1. Bustadsosialt arbeid som tema på formannskaps- og leiarmøte.
  2. Utvikling av koordinerande eining for bustadsosialt arbeid. Oppretthalde tildelingsnemnd, tildelingskontor og koordinerande eining

3. Etablere eit nytt partnarskapsforum
4. Arbeid med og informasjon om bustadsosial plan
5. Læringsarena for bustadsosialt arbeid
6. Arbeid med bustadar
7. Leiing og ansvarleggjering

Elles vart også nemnt arbeid for gode bumiljø og kopling til folkehelseperspektivet.

- Teknisk: ynskjer ikkje eit bustadkontor, meiner dagens modell fungerar godt.
- Helse og omsorg: Rådmannen har laga ein modell for det bustadsosiale arbeidet, denne modellen gir kvar einig ansvar for bustadsosialt arbeid for «sine brukarar». Tildelingskontoret har ansvar for tildeling av kommunale gjennomgangsbustader og omsorgsbustader, og er ikkje å ansjå som eit «bustadkontor». Framskaffing av private bustader er svært krevjande både i forhold til personell og tid. Likevel har fleire kommunar (som har bustadkontor) invitert seg på besøk til Volda for å lære meir om «vår» måte å organisere arbeidet på.

**Mål: Alle som har krav på det skal få tilbod om bustad.**

STRATEGIAR:

- Framskaffe fleire bustadar.
- Fleksible bueiningar som lett kan gjerast om.
- Satse på "frå leige til eige".
- Integrering i etablerte bumiljø.

| **Tiltak** | **Ansvar** | **Økonomi** | **Tid** |
|---|---|---|---|
| Investere i fleire sentrumsnære bustadar fleksible m.o.t. ulik bruk. | Eigedom | | |
| Utvikle og renovere eksisterande bustadar | Eigedom | | |
| Arbeide opp mot private utbyggarar. | Eigedom/Utvikling | | |
| Arbeide opp mot private huseigarar; framskaffing av bustader. | Volda læringssenter<br>EM-tenesta | | |
| Sikre opsjonar i alle nye bustadprosjekt | Utvikling | | |
| Arbeide opp mot Husbanken | Rådmannen<br>Økonomi | | |
| Utnytte bustadtilskot | Økonomi<br>Alle | | |
| Jamleg HMS-kontroll for å føre tilsyn med husa innvendig | Eigedom | | |
| Arbeide med uteområde, gode bumiljø, naboskap, burettleiing | Teknisk<br>Eigedom<br>Tildelingskontor<br>Volda læringssenter<br>EM-tenesta<br>Rus- og psykisk teneste | | |
| Opprette vaktmeisterordning som prøveprosjekt. | Eigedom i samarbeid med NAV og tildelingskontoret | | |
| Arbeide med gjennomstrøyming i kommunale bustader | Tildelingskontor<br>Volda læringssenter<br>EM-tenesta<br>Rus- og psykisk teneste<br>Økonomi | | |
| Lage rutiner for "privat leige av bustad" | Innvandring/flyktningar<br>Volda læringssenter<br>EM-tenesta | | |
| Arbeide med "frå leige til eige" | Eigedom<br>Tildelingskontor<br>Volda læringssenter<br>EM-tenesta<br>Rus- og psykisk teneste<br>Økonomi | | |
| *Kommentar tilførd i etterkant av møtet:*<br>Diskutere behov for betre samordning mellom strategisk og operativt nivå. | Rådmannen | | |

## Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølgning av asylsøkere pr. 01.01.16

Økt tilstrømning av asylsøkere har gitt økte utfordringer for mange deler av samfunnet. Helsetjenesten har en rolle, både i forbindelse med obligatorisk screening for tuberkulose, helsetilbud til asylsøkere i ulike faser og i oppfølgning av barna, som har rett til helsehjelp på linje med norske barn. Vi viser til veileder for helseundersøkelse av asylsøkere og flyktninger IS 1-1022. Fylkesmannen er av Helsedirektoratet gitt i oppdrag å beskrive status på forholdene i Møre og Romsdal.

Vennligst gi en kort vurdering i din kommune;

| **Kommune:** | **Rapport:** |
|---|---|
| **Situasjonsbildet**<br>• samarbeid mellom UDI og samordning internt i kommunen<br>• gjennomføring av tuberkulosescreening<br>• annen helsetjeneste til asylsøkerne, vurdering rundt kommunenes kompetanse<br>• tilgang til helsestasjon og vaksinasjonsprogram for barn<br>• andre forhold | Viser til tidligare innsendt rapport 09.11.15 og 23.11.15.<br><br>Sidan siste rapport har saka vore behandla politisk og det er fatta vedtak i Volda kommune vedr. bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak:<br>Frå 01.10.15 får helsestasjonen aukar stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuar ved einsleg mindreårig avdeling på Volda mottak.<br>Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10 % som lege knytt til helsetenestetilbod overfor auka tal bebuarar i mottak.<br>Det vart bestemt at det skal bli oppretta eit |

| | |
|---|---|
| | tverrfaglig team for minoritetshelse i Volda kommune. Dette er ikkje på plass enno.<br><br>**Vedr. oppfølging psykisk helse:**<br>Helsestasjonen bad og om ytterlegare auka stillingsressurs på 50% for å ivareta oppfølging av psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn.<br>Helsestasjonen meiner det er viktig å få på plass eit system for oppfølging av psykisk helse for gruppa. Eit slikt tilbod vil vere førebyggande både for personane sjølve og for samfunnet. Helsestasjonen har helsesøstre med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge.<br>I første omgang vart det ikkje stillingsressurs for å ivareta oppfølging av psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn.<br><br>Vi får dagleg henvendelsar om behov for støttesamtalar for bearbeiding av traumatiske hendingar som gir mellom anna søvnvanskar, mareritt og konsentrasjonsvanskar. |

| | |
|---|---|
| | Vi undrar oss over at psykisk helse ikkje får større fokus frå statleg hald rundt asylstraumen og integrering.<br>Vi er enig i at norskundervising er viktig og må prioriterast, men er bekymra for at lavterskel tilbod innan psykisk helse har for lav prioritet. For nokre asylsøkjarar er støttesamtalar innen psykisk helse viktig for å kunne ha framgang i norskundervisinga og integreringa.<br>**Vi vil be om at det framover vil bli sterkare føringar for at dei med behov for oppfølging av psykisk helse får tilbod om eit lavterskel tilbod med støttesamtalar.** |
| **Tiltak som er iverksatt**<br>• tiltak i kommunen ut over det som er forventet etter IS 1-1022<br>• ev. andre tiltak, herunder vurdering/gjennomgang av smittevernplan, tilgang på relevant helsepersonell | |
| **Forventet utvikling**<br>• kommunens vurdering av behov for utsyr og tjenester ved vedvarende eller økt tilstrømning av asylsøkere | |
| **Tiltak som vurderes iverksatt ut i fra de aktuelle forhold:** | |

# Mandat for arbeidsgruppe i høve busetjing av einslege mindreårige flyktningar i kommunane Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta

## Mandat

Det er sett ned ei arbeidsgruppe mellom dei fire kommunane i regionale barnevernssamarbeidet; Hareid, Ulstein, Volda, Ørsta, og barnevernet. Kvar kommune kan delta med inntil to representantar, i tillegg til to frå barnevernet. Arbeidsgruppa vart etablert i møte mellom kommunane og barnevernet 11.12.15 og skal sjå på *bu- og omsorgsløysingar* til einslege mindreårige flyktningar (EM), *bemanning og turnus*, *organisering, ansvar og samarbeid, finansiering og tilskot, kvalifisering og helse.* Utgreiinga skal ta omsyn til *god fagleg tilrettelegging* og *kostnadseffektivitet.* Mandatet byggjer på målsettinga om integrering som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar og sikrar optimal gjennomstrøyming mot utdanning og arbeid.

## Bakgrunn:

Dei fire kommunane i det regionale barnevernssamarbeidet har fått førespurnad frå IMDi om busetjing/auka busetjing av EM i 2016 og 2017. Ørsta og Volda kommunar har busett EM sidan 2009/2010. Frå 01.01.14 vart ansvaret for bu- og omsorgstenester for EM lagt under det regionale barnevernssamarbeidet, med Volda er vertskommune. Dei tilsette i EM-tenesta i Ørsta vart overført til vertskommunen Volda.

I barnevernet er arbeidet organisert i eige EM- hjelpetiltaksteam. Bu- og omsorgsløysingar som i dag er tilgjengeleg for EM med barnevernsvedtak er: *Bufellesskap med heildøgns bemannning* og *oppfølging på hybel/i mindre bufellesskap* når EM flyttar ut av bufellesskapa. Det har også vore tilfelle av *slektsplassering* med oppfølging av personale i EM-tenesta og plassering i *fosterheim*. Ørsta har i dag to bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til fire EM i kvar. Volda har eitt bufellesskap med heildøgns bemanning, med plass til inntil 10 EM. Begge kommunane har hatt eiga oppfølgingsteneste, som frå oktober 2015 vart slått saman og driftast på tvers av kommunane.

Då Ørsta/Volda starta arbeidet med busetjing av EM i 2010/2011 fekk kommunane 100% fullfinansiering gjennom refusjon frå Bufetat når EM hadde barnevernsvedtak gjennom barnevernet, etter fråtrekk av månadleg eigendel pr. person. Frå desember 2013 innførte staten i tillegg ein kommunal medfinansiering på 20% av kostnadene på tiltak gjennom barnevernet, utover den månadlege kommunale eigendelen. Det særskilde tilskotet for busetjing av EM vart auka for å kompensere for kommunane sine utgifter, men dekker på langt nær alle kommunale kostnader. Finansieringsordninga for EM er i dag under utgreiing sentralt, og ein kan forvente endringar i ordninga som følgje av dette.

## Deltakarar i arbeidsgruppa:

### *Barnevernet:*

- Torill O. Vinjevoll, teamleiar EM-hjelpetiltaksteam
- Reidar Haug, miljøterapeut/leiande miljøterapeut (permisjon) EM Volda.

### *Volda:*

- Nina Kvalen, spesialrådgjevar innvandring og integrering
- Stian Bjerkvik, rektor Volda læringssenter

### *Ørsta:*

- Bård Andrè Flekke, leiar flyktningkontoret
- Knut Åmås

### *Ulstein:*

- Gry Nordal, oppvekstsjef
- Monika Mierzejewska

### *Hareid:*

- Ingeborg  Bjåstad, flyktningkonsulent
- Oddbjørn Grimstad

## Ansvarleg for rapportering / leiing av arbeidsgruppa:

- Torill Osborg Vinjevoll, teamleiar EM-tenesta i barnevernet
- Nina Kvalen, spesialrådgjevar innvandring og integrering, Volda kommune

## Frist for rapportering

Arbeidet i arbeidsgruppa bør starte snarast råd og ferdigstillast seinast i veke 5 2016.

## Nærare om mandatet / innhald i utgreiinga

### *1. Bu- og omsorgstilbod for EM*

- Noverande ordningar:
    - Heildøgns bemanning i bufellesskap
    - Oppfølgingsteneste (ca. 4 t/v pr ungdom)
- Alternative ordningar m.a.:
    - Hybel m/oppfølging (meir differensiert enn i dag)
    - Vertsfamilieordning
    - Fosterheim
    - Folkehøgskule
    - Heildøgnsbemanna utgreiingsbustad
    - Bufellesskap u/heildøgns bemanning
- Busetjing av EM under 15 år / i alderen 15-18 år m.a.:
    - Val av bu- og omsorgsløysing
    - Kvalifiseringstilbod
- Økonomiske utgreiingar på individnivå m.a.:
    - Individstønad gjennom barnevern (lommepengar, utstyrspengar, økonomisk supplering)
    - Intro/overgang til intro
    - Bidragsforskot/barnetrygd
    - Stipend/lån
    - Bustønad
- Faglege utgreiingar m.a.:
    - Kartlegging
    - Planarbeid
    - Kvalifiseringsarbeid
    - Miljøterapeutisk arbeid
- Administrative/økonomiske utgreiingar m.a.:
    - Knytt til dei ulike ovannemnde ordningane som t.d.:
        - Kva kostnader er knytt til å opprette eit heildøgnstilbod for 4-5 EM og for 8 EM i bufellesskap?

### *2. Bemanning, turnus, kostnader ved ulike bu- og omsorgsløysingar*

- Bemanningsfaktor i ulike bu- og omsorgstiltak m.a.:
    - Bufellesskap m/heildøgns bemanning
    - Bufellesskap u/heildøgns bemanning
    - Vertsfamilie
- Faglege og økonomiske konsekvensar knytt til ulike turnusmodellar:
    - Medlevarturnus
    - Langturnus
    - 3-delt turnus
    - Kombinasjonsturnus
    - Turnustillegg; 1/1 natt, 1/3 natt

### *3. Organisering, ansvar og samarbeid*

- Organisering av EM-arbeidet i barnevernstenesta
    - Konsekvensar for Volda som vertskommune
    - Kontaktledd/ansvarleg instans i samarbeidskommunane
    - Tverrfagleg samarbeid
    - Kva ansvar skal eventuelt overførast til vertskommunen Volda
        - Søknad om tilskot, refusjonar
- Alternative ordningar i eiga kommune

### *4. Finansiering og tilskot*

- Ulike tilskot
- Refusjon
- Samanstille tilskot og refusjonar med kostnader for ulike tiltak

### *5. Kvalifisering*

- Skule
- Arbeid/praksisplass
- Fritid etc.

### *6. Helse*

- Fysisk og psykisk helse
- 1.line og 2.line

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Jørgen Vestgarden | Arkivsak nr.: | 2014/218 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 223 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 8/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT I 2016 ETTER § 7

### Administrasjonen si tilråding:

1. Med heimel i eigedomsskattelova § 7a vert eigedomar på vedlagde liste fritekne frå eigedomsskatt.

2. Med heimel i eigedomsskattelova § 7b vert eigedomen med gnr 13 bnr 1 og ”Kulturbakkane” gitt fritak frå eigedomsskatt.

3. Med heimel i eigedomsskattelova § 7c vert nyoppførte bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære fritekne frå eigedomsskatt i 1 år (første året etter bustaden er tatt i bruk). Fritaket gjeld ikkje for fritidsbustadar.

**Vedleggsliste:**
Liste over eigedomar som vert friteke frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a
Liste over eigedomar som vert friteke frå eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7b

**Uprenta saksvedlegg:**
Fritakssaker frå 2014 og 2015
Eigedomsskattelova.

**Samandrag av saka:**
Det er opp til kommunestyret kva for eigedomar som verte gitt fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (eskl) § 7. Ein tilrår at eigedomar på vedlagde lister vert fritekne for eigedomsskatt. I tillegg vert det tilrådd at nyoppførte bygningar som vert heilt eller delvis nytta til husvære får fritak i 1 år.

**Saksopplysningar:**
Ifølgje eigedomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i fastsette kva satsar og reglar som skal gjelde ved utskrivinga av eigedomsskatten. I denne samanhengen skal det gjerast vedtak om kva eigedomar kan fritakast for eigedomsskatt etter § 7 i eigedomsskattelova (eskl).

**Vurdering og konklusjon:**
Vi har laga til to stk lister som samlar alle eigedomar som fekk fritak frå eigedomsskatt i fjor etter eskl § 7a og § 7b. Ein tilrår at det vert gitt fritak til same eigedomane i år.

I kommunestyret den 18.12.2014 vert det også vedtatt at ein skulle nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag frå Skatteetaten) som metode for taksering av bustadeigedomar. Bustadverdien er fastsett ved likninga før skatteåret. Alle endringar i bustadverdiane vil dermed kome 1 år seinare enn etter gjeldande takseringsreglar. Dette betyr i praksis at bustadar som vart tatt i bruk (enten ved mellombels brukslløyve eller ferdigattest) i løpet av 2015 ikkje får bustadverdi og må takserast på vanleg måte. Denne taksten vil da berre stå 1 år for bustadeigedomen vil da få bustadverdi ved neste utskriving av eigedomsskatt i 2017. Det er fleire ulemper med dette. Ved vanleg eigedomsskattetaksering, som for til dømes taksering av fritidseigedomar og våningshus, vil taksten gjelde i 10 år. Dette verte da ein "dyr" taksering sidan den berre vert gjeldande for 1 år. Ein vil også risikere at taksten endrar seg unaturleg mykje på 1 år sidan ein ikkje veit kva bustadverdien frå Skatteetaten vert for kommande år.

Vi tilrår derfor at kommunestyret også i år nyttar seg av eskl § 7c;

*Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære. Fritaket kan gjelda i opptil 20 år frå den tida bygningen vart ferdig. Formannskapet eller det utvalet som er nemnt i kommuneloven § 10, kan få fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.*

Viss fritaket gjeld for 1 år vil ein sleppe dei nemnte problemstillingar over. I tillegg vil det vere positivt for nyetablerte med ny bustad å sleppe eigedomsskatten første året etter at bustaden vert tatt i bruk.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen vesentlege.

**Økonomiske konsekvensar:**
Kommunen vil sjølvsagt tape nokon inntekter på å frita desse eigedomane for eigedomsskatt. Det er få av desse som har vorte taksert, men der vi har takst er eigedomsskatten er satt opp i høgre kolonne i listene.

For fritak etter eskl § 7c vil dette gjelde for ca. 50 bustadar som vart tatt i bruk i løpet av 2015. Estimert inntekt frå eigedomsskatt i 2015 frå desse er kr. 150.000. Ein må rekne med at omtrent kr 50.000 i takseringskostnadar som igjen betyr eit reelt inntektstap på kr.100.000. Dette er sjølvsagt eit grovt estimat.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Jørgen Vestgarden<br>utviklingssjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Stiftingar og organisasjonar som får fritak etter eskl § 7a.
Sjur Aarflot, Sivert Aarflot vegen 13, 6105 Volda

**Fritak etter § 7a**

| | Eigedomsskatt |
|---|---|
| Austefjord Idrettslag | |
| Austefjord Ungdomsslag | |
| Bjørkedal Nærskule | |
| Bjørkedalen skyttarlag | |
| Bratteberg barnehage | |
| Bygderadio Vest AS | 1 224 |
| Dalsfjord Sogelag | |
| Dravlausbygda Bedehus (Fredtun) | |
| Dravlausbygda Vel | |
| Folkestad Idrettslag | |
| Forsamlingshuset/ungdomshuset "Fridtun" | |
| Forsamlingshuset Solheim | |
| Frelsesarmeen | |
| Furene AS ( gnr 11 bnr 24 og 64, gnr 11 bnr 22 -seksjon 1,3 og 4) | 63 278 |
| Fyrde bedehus | |
| Grendahuset Vesttun (Ulvestad Barneskule) | |
| Helgatun Stiftelsen | |
| Hjellebakkane Barnehage | |
| Høgskulen i Volda (kantine og administrasjon) | |
| Høgthun Grendahuslag | |
| Høgtun Forsamlingshus | |
| Høydal Hamnelag | 600 |
| Kilsfjord Grendahus | |
| Kometland | 764 |
| Lauvstad småbåtlag | 850 |
| L.L. Samhald | 2 064 |
| Lid bedehus | |
| Ljosheim Forsamlingshus | |
| Logehuset | |
| Mork Grendahuslag | |
| Mork Idrettslag | |
| Mork Ungdomshus | |
| Rotset Barnehage | |
| Røysmarka Studentbarnehage | |
| Sogelaget v/ Dalsfjord skule | |
| Solheim Forsamlingshus | |
| Stiftinga Dalsfjord Fyrmuseum | |
| Sætre Bedehus | |
| Trollsletta Barnehage | |
| Ungdomshuset Viten | |
| Velsvik Bedehus | |
| Vestsida Idrettslag | |
| Vikebygda Ungdomslag | |
| Volda Bedehus | |
| Volda golfklubb | |
| Volda jeger og sportsfiskelag | |
| Volda kristlege ungdomslag (Uppheim) | |
| Volda Rideklubb | |

| | |
|---|---|
| Volda Røde Kors | |
| Volda Sanitetslag | |
| Volda Sjukehus (kantine, kiosk og administrasjon) | |
| Volda Skisenter | |
| Volda skyttarlag | |
| Volda småbåtlag | |
| Volda Sogelag | |
| Volda Tennislag | |
| Volda Turn og Idrettslag | |
| Volda vidaregåande skule | |
| Øyra Barnehage | |

**Fritak etter § 7b**

| | Eigedomsskatt |
|---|---|
| Gnr 13 bnr 1, Sjur Aaflot | 6 400 |
| Gnr 116 bnr 5 "Kulturbakkane" | 1 200 |

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Jørgen Vestgarden | Arkivsak nr.: | 2014/218 |
| | | Arkivkode: | 223 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 9/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## FRITAK FRÅ EIGEDOMSSKATT ETTER § 7 A, STUDENTSAMSKIPNADEN

### Administrasjonen si tilråding:

Studentsamskipnaden for Sunnmøre får ikkje fritak frå eigedomsskatt etter § 7 a i lov om eigedomsskatt.

**Vedleggsliste:**
Søknad om fritak, datert 11.12.2015
Vedtak om fritak for eigedomsskatt etter § 7 a i sak PS 51/14 i kommunestyret

**Uprenta saksvedlegg:**
Søknad om fritak frå 2014

**Samandrag av saka:**
Studentsamskipnaden for Sunnmøre søkjer om fritak for eigedomsskatt for sine studentbustadar. Ein rår til at dei ikkje vert gjeve fritak.

**Saksopplysningar:**
Når eigedomsskatt vart innført i 2014 søkte Studentsamskipnaden for Sunnmøre (SfS) om fritak for sine studentbustadar, men fekk avslag. Dei har no søkt på nytt i samband med at dei frå 01.01.2016 vart ein rein samskipnad for Volda, da aktiviteten deira i Ålesund vart overført til Studentsamskipnaden i Trondheim. Dette på grunn av at Høyskolen i Ålesund vart slått saman med NTNU.

**Vurdering og konklusjon:**

I § 7 i eigedomsskattelova står det:
*Kommunestyret kan fritake desse eigedomane heilt eller delvis for eigedomsskatt:*
*a) Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune,*
*eit fylke eller staten.*

Vår faglege vurdering er at SfS kjem under denne § 7 a i eskl. I dette høve har ein da lovheimelen til å gi fritak for eigedomsskatt, men det er opp til kommunestyret om ein ønskjer det.

Kommunestyret ga ikkje fritak til SfS i 2014. Det at dei frå nyttår vart ein samskipnad berre for Volda vurderar vi ei mindre vesentleg endring. Ettersom kommunestyret ved tidlegare handsaming av spørsmålet har gjeve avslag, og ein ikkje kan sjå at situasjonen har endra seg på ein slik måte at det er grunnlag for anna vurdering, så vil rådmannen derfor rå til å helde fast på tidlegare vedtak om og ikkje gi fritak til SfS.

**Helse og miljøkonsekvensar:**
Ingen vesentlege.

**Økonomiske konsekvensar:**
I 2015 betalte SfS kr 125 980 i eigedomsskatt for sine studenthyblar. Inntektstapet for å gi fritak i 2016 vil vere tilnærma likt dette talet. Dersom det vert gitt fritak, så må dette inntektstapet budsjettkorrigerast.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Samskipnaden for Sunnmøre

VOLDA KOMMUNE
Saksnr 2014/218 Avd: Utv
Løpenr S: Jones
16 DES 2015
Arkivdel Emne
Klassering P: 223
Klassering S

Volda kommune
Rådhuset
Stormyra 2
6100 VOLDA

DYKKAR REF.:
DYKKAR DATO:
VÅR REF.:
VÅR DATO: 11.12.2015

# Fritak for eigedomsskatt for studentbustader

Vi viser til vår søknad om fritak for eigedomsskatt på studentbustader av 11.4.2014. Vi fekk avslag på denne søknaden, men gjer oss no så fri at vi søkjer på nytt.
Frå 1.1.2016 vert vi ein rein samskipnad for Volda, då aktiviteten vår i Ålesund vert overført til Studentsamskipnaden i Trondheim. Dette på grunn av at Høyskolen i Ålesund vert slått saman med NTNU.

Frå 1.1.2016 vert vi ein mindre og meir sårbar samskipnad. Samstundes vert det auka kamp om studentane framover. Og vi, saman med Høgskulen i Volda, må gjere det vi kan for at Volda skal vere ein attraktiv studiestad. Rimelege studenthyblar og ein samskipnad som har økonomi til å drive gode studentvelferdstenester vil vere avgjerande. Vi vonar difor Volda kommune no ser med andre auge på denne saka og innvilgar fritak for eigedomsskatt på studentbustadene til samskipnaden.

Vi tek elles med noko av argumentasjonen frå førre søknad, sidan framleis er den same:

## Grunnlag for fritak av eigedomsskatt

Det juridiske grunnlaget

I «Lov om eigedomsskatt til kommunane» §7 a) heiter det at kommunestyret kan frita «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten». Vi viser i den samanheng til boka «Eigedomsskatt» (Stavang, 1994) side 59-60, når det gjeld tydinga av §7: «Bygningar til å gje rom for skuleungdom og studentar eller andre med bustadvanskar kjem i same stode. Studentbyar kan difor fritakast når eigar er eit sjølvstendig privat eller offentleg rettssubjekt, men ikkje bustader til vanleg privatutleie». Studentsamskipnaden for Sunnmøre er eit sjølvstendig rettssubjekt (eigd av studentane som til ei kvar tid betalar semesteravgift til SfS) som ikkje har erverv som føremål, men skal gagne offentlege interesser.

HOVUDKONTOR
Elvegata 24 - Boks 278
N-6101 Volda
Tlf. 70 07 52 40
Fax. 70 07 52 41

STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE
e-post: sfs@hivolda.no
ORGNR.: NO 950948728 MVA
Bankkonto: 3991.05.02003
internett: www.studentsamskipnaden.no

AVD. ÅLESUND
Boks 5196, Larsgården
N-6021 Ålesund
Tlf. 70 16 15 70
Fax. 70 16 15 71

Gagnar SfS Volda kommune, fylket eller staten?
Dersom Volda kommune meiner SfS, med dei 423 studentbustadene, vi har i Volda gagnar kommunen og statlege målsettingar, meiner vi kommunestyret må frita studentbustadene våre for eigedomsskatt.
Studentsamskipnaden er ein sjølveigd organisasjon som vert driven på «non-profit» basis og eventuelt overskot vert brukt til studentvelferd. Studentsamskipnadene er oppretta av staten som eit viktig utdanningspolitisk virkemiddel, der nettopp rimelege studentbustader er eit viktig hjelpemiddel for stimulering til høgare utdanning. Det har i Noreg vore brei politisk semje om samskipnadsordninga.

Samskipnaden gagnar på same måten kommunen, sidan god tilgang på rimelege studentbustader er ein viktig grunn til at Volda klarer å rekruttere det store talet på studentar kvart år (3855 i dette semesteret). SfS har i dag 423 hyblar i Volda. Vi viser også til prosjektet StudiebygdA, der SfS, HVO og Volda kommune (og andre) er partnarar i prosjektet, med tanke på å halde oppe eit høgt studenttal i Volda. Vi meiner rimelege studentbustader er ein svært viktig faktor i så måte.

Dei mange studentane ved Høgskulen i Volda utgjer ein stor del av innbyggjarane i Volda, og er ein svært viktig del av lokalsamfunnet. Forskingsinstituttet NIBR anslår at kvar student har eit forbruk på om lag 100.000,- pr år. Om ein reknar med at om lag 2000 studentar bur i Volda, vert dette 200 millionar kroner i året. Høgskulen i Volda og SfS sitt felles arbeid for å gjere Volda attraktivt som studiestad har difor også svært stor positiv effekt på lokalt næringsliv og Volda kommune.

Vi kan ikkje sjå anna enn at SfS, med sine studentbustader, klart er til gagn for staten og kommunen, og at SfS ivaretek lovgjevars intensjon om fritak for eigedomsskatt til almennyttige institusjonar.

## Konkurranse med private

Vi har fått referert frå debatten i formannskapet og kommunestyret i 2014 at enkelte var skeptisk til å gi samskipnaden fritak for eigedomskatt, sidan private huseigarar må betale denne skatten.
Til dette vil vi hevde at det nettopp er meininga at samskipnadene skal ha ein konkurransefordel. Samskipnaden mottek difor statsstøtte til bygging av studentbustader for å kunne holde ei rimelegare husleige enn dei private. Av same grunn betaler heller ikkje samskipnadene inntektsskatt.
Samskipnadsordninga har vore vurdert av EØS i høve konkurranseomsyn, og den er godteken der, så lenge ikkje andre enn studentar nyt godt av ordninga.
SfS leiger ikkje ut til andre enn studentar.
Vi kan difor ikkje sjå at argument knytt til konkurransefordelar kan tilleggast vekt.

HOVUDKONTOR
Elvegata 24 - Boks 278
N-6101 Volda
Tlf. 70 07 52 40
Fax. 70 07 52 41

STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE
e-post: sfs@hivolda.no
ORGNR.: NO 950948728 MVA
Bankkonto: 3991.05.02003
internett: www.studentsamskipnaden.no

AVD. ÅLESUND
Boks 5196, Larsgården
N-6021 Ålesund
Tlf. 70 16 15 70
Fax. 70 16 15 71

## Volda som studiestad - StudiebygdA

Vi meiner Volda kommune bør vere svært opptekne av at Volda som studiestad er attraktiv og konkurransedyktig for å tiltrekkje seg nye studentar. I den samanheng siteter vi frå «StudiebygdA – hovudprosjekt 2012-14. Revidert prosjektomtale januar 2013», side 3: «Vi vil peike på tre store utfordringar for regionen og kommunen: 1. Sviktande rekruttering av studentar til dei studietilboda ved Høgskulen i Volda som skal kvalifisere personale til yrke for velferdssamfunnet, til liks med mange andre høgskular i distrikta./../ Dette betyr at det er svært viktig å ha høg kvalitet i utdanningane, eit godt studentmiljø og stor vekt på rekruttering av fulltidsstudentar.»
Eit av dei aller viktigaste tiltaka for å få nye fulltidsstudentar til Volda, er tilgang på rimelege studentbustader ved semesterstart. Dette er for mange avgjerande når dei takkar ja til ein studieplass. Her har studentsamskipnaden ei svært viktig rolle i rekrutteringa av nye studentar til Volda. Om studenthyblane til SfS i Volda vert dyrare pga eigedomsskatt, vil dette svekke Volda som studiestad i høve konkurrerande studiestader.

Vi presiserer at ønsket vårt om fritak for eigedomsskatt ikkje gjeld næringsareal, som t.d. 4. etasje i Industrigata 12, men studentbustadene vi har i Volda, samt andre lokale som vert nytta til studentvelferd.

Det vil vere svært uheldig for Volda som studiestad dersom studentbustadene til SfS må betale eigedomsskatt.

Med helsing
**Studentsamskipnaden for Sunnmøre**

Jan Henning Egset
Adm. direktør

Bjørnar Osnes
Økonomisjef

**HOVUDKONTOR**
Elvegata 24 - Boks 278
N-6101 Volda
Tlf. 70 07 52 40
Fax. 70 07 52 41

**STUDENTSAMSKIPNADEN FOR SUNNMØRE**
e-post: sfs@hivolda.no
ORGNR.: NO 950948728 MVA
Bankkonto: 3991.05.02003
internett: www.studentsamskipnaden.no

**AVD. ÅLESUND**
Boks 5196, Larsgården
N-6021 Ålesund
Tlf. 70 16 15 70
Fax. 70 16 15 71

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2016/29 |
| | | Arkivkode: | 034 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 10/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## OPPFØLGING VEDTAK PUNKT 22 I BUDSJETT 2016 - ORGANISERING AV PROSESSAR FOR FRIGJERING AV RESSURSAR

**Administrasjonen si tilråding:**

**Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.**

**Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemer i arbeidsgruppene**

- **oppvekst** 1)..................2) .................. 3)....................
- **helse og omsorg** 1).................2) .................. 3)....................
- **tekniske tenester** 1).................2) .................. 3)....................
- **eigedomsforvaltning** 1).................2) .................. 3)....................

**Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.**

**Samandrag av saka:**
Med bakgrunn i vedteken økonomiplan og kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så må Volda kommune ut frå dei overslag som ligg i økonomiplanen redusere budsjettet med 57 mill i 2019. I 2017 skisserer økonomiplanen at budsjettet må reduserast med 11 mill.

Rådmannen kjem med framlegg til prosess bygt på partnerskap for å utgreie løysing på dette utfordringsbildet.

Samtidig som det vert invitert til prosessar for å identifisere strategiar og tiltak for å redusere drifta, skal prosessen også koplast mot langsiktige og heilskaplege strategiar kopla til kommuneplanen.

**Saksopplysningar:**

I samband med budsjetthandsaminga i K-sak 152/15 vedtok kommunestyret følgjande:
*"Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det skissert behov for i 2017 - 19."*

I budsjettdokumentet er behovet skissert med kr 11 mill i 2017, 19,8 mill i 2018 og 25,4 mill i 2019. Desse tiltaka er ikkje konkretisert, og intensjonen med å be om ei sak om organisering av prosessar var å finne løysingar på korleis dette skal realiserast, og at dette skal vere eit grunnlag for komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

I tillegg har kommunestyret som intensjon å avvikle eigedomsskatten i 2019, jfr K-sak 112/13 og sist i ovannemnde sak i punkt 34 a i vedtaket:

> *"Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8 2013, sak ps 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."*
>
> *Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak."*

I økonomiplanen for 2015 - 18 la kommunestyret til grunn eigedomsskatt på 4 promille. I budsjettet for 2016 er eigedomsskatten likevel vidareført med 2 promille ved balansering med bruk av fond og inntektsføring av premieavvik pensjon. Også i gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn auke til 4 promille eigedomsskatt i perioden 2017 - 2019. I 2016 er eigedomsskatten inntektsført med 16 mill. Ved 4 promille (kvart av åra i perioden 2017 - 19) er eigedomsskatten inntektsført med 32 mill.

Når ein tek omsyn til behovet for frigjering av ressursar i økonomiplanen, eigedomsskatt på 4 promille i 2017 og 2018 saman med kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så vert behovet for frigjering av ressursar følgjande:

| **År** | **Økonomiplan** | **Fjerna eigedomsskatt 2019** | **Sum frigjering** |
|---|---|---|---|
| 2017 | 11 000 000 | | 11 000 000 |
| 2018 | 19 800 000 | | 19 800 000 |
| 2019 | 25 400 000 | 32 000 000 | 57 400 000 |

Tabellen skal tolkast slik at det er 11 mill i 2017, ytterlegare 8,8 mill i 2018 og ytterlegare 37,6 mill i 2019.

Oversikta viser overslag over manglande dekning basert på dagens svært låge rentenivå. Volda kommune har pr tidspunkt 87 % av gjelda til flytande rente. Dersom renta stig med 1 prosentpoeng vil det utgjere brutto om lag kr 8 mill på drifta ut frå dagens gjeld.

Budsjett 2017 er nærast foreståande og det er nødvendig å utgreie konkrete strategiar og tiltak. For resten av åra i økonomiplanen må det også trekkjast opp retning for å frigjere så store ressursar. Det er viktig å kome i gang tidleg med budsjettarbeidet, og prosessen vert å sjå på som oppstart av dette for 2017. Kommunelova stiller krav til at tiltak i budsjettet skal

konsekvensutgreiast, og skal kommunestyret kunne gjere drastiske omleggingar eller reduksjon i tenestetilbodet, så er ein avhengig av å få utgreidd dette allereie før formannskapet legg fram si innstilling.

I prosessen er det viktig med brei og aktiv involvering. Prosessen bør koplast til kommuneplanarbeidet for at det ein gjer på kort sikt vert sett i samanheng med overordna mål og strategiar. Samtidig er det viktig å tenkje heilskapleg. Den kortsiktige horisonten tvingar ein ofte inn i reine utgiftskutt og inntektsauke utan å ha skapt rom for grunnleggjande omleggingar som krev heilskapleg og langsiktig tenking. Det er nødvendig å sjå på strukturelle tiltak i organiseringa av tenestene der ein ser korleis ein kan frigjere ressursar samtidig behalde gode nok tenester.

Utfordringsbildet er formidabelt. Det er viktig at politikarane kjem tidleg på bane i definering av dette utfordringsbildet, og ta den politiske leiarskapen i involverande prosessar, som til slutt gir løysingar som både er gjennomførbare og berekraftige. Samtidig er det viktig å ha med seg brukarinteressene og dei tilsette.

**Vurdering og konklusjon:**

Når ein går i gang med ein slik prosess er det vesentleg at alle har felles situasjons- og utfordringsbilde. Rådmannen legg derfor opp til å tinge ei utvida KOSTRA-analyse for Volda kommune basert på sist avlagte rekneskap (2014) og som samtidig skodar til førebels KOSTRA-rapportering for 2015. Dette vert sett bort til konsulentfirma som også vil få oppdrag om å presentere og gi opplæring til dei som skal arbeide med prosessen for driftsreduksjon.

Rådmannen vil foreslå at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med 3 politikarar oppnemnt av kommunestyret, 1 frå administrasjonen og 1 tillitsvalt for kvart av desse områda:

- oppvekst (barnehage/skule/helsestasjon/læringssenter)
- helse og omsorg
- tekniske tenester (veg/vatn/avløp)
- eigedomsforvaltning
- arbeidsmiljø

Når det gjeld arbeidsmiljø vil rådmannen foreslå at oppdraget vert lagt til trepartssamarbeidet der ei gruppe allereie er etablert. Kommunen har store verdiar og kostnader knytt til eigedom, og strategiske vurderingar knytt til kva eigedomar skal kommunen ha og drive framover må også sjåast i samanheng med gruppene for oppvekst og helse-/omsorg når det gjeld tenestestruktur.

For at prosessen ikkje skal verte for omfattande foreslår rådmannen å avgrense det til dei ovannemnde temaene. Dette er dei tyngste tenesteområda. Samtidig vil KOSTRA-analysen dekkje heile den kommunale verksemda og vere eit godt verkty for budsjettprosessen.

Rådmannen vil foreslå følgjande felles mandat for alle gruppene:

a. Arbeidsgruppene arbeider etter dei prinsipp, strategiar og føringar som framgår av vedteke budsjett for 2016. Målsettinga er å identifisere strategiar og tiltak for å frigjere ressursar tilsvarande skissert behov i økonomiplanen. Arbeidsgruppene vert bedne om også å sjå på tidlegare utgreiingar og forslag om endringar i drifta.

b. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig

perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommuneplanen, samt kommunereforma.

Drifta skal søkjast tilpassa maksimalt normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.

c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.

d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).

e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.

e. Arbeidsgruppene kan oppnemne undergrupper for å utgreie særskilte problemstillingar.

f. Strategiar og tiltak som er relatert til 2017 skal vere realistiske og overordna vurdert i høve til konsekvensar.

Rådmannen foreslår følgjande prosess og framdriftsplan:

| Aktivitet | Periode | Kommentar/avklaring |
|---|---|---|
| Arbeidsgruppene vert oppnemnt | Innan 10. februar | Kommunestyret oppnemner politiske representantar 28.01.16 |
| Folkevaltopplæring i økonomi | Mars | Kommunestyret og arbeids-gruppene |
| Presentasjon av utvida KOSTRA-analyse | April | Kommunestyret og arbeidsgruppene |
| Arbeidsgruppene legg fram rapport som vert sydd saman til ein felles rapport for formannskapet | 10. august (frist arb.gruppene) | Formannskapet går gjennom rapportane og gir føringar til politisk sak. |
| Rådmannen legg fram sak for kommunestyret (sak via formannskapet) | 20. september | Bygt på resultata av prosessen i arbeidsgruppene, formannskapet sine føringar og ny kommuneplan. Dette vert bygt inn i ein første versjon handlingsprogram (forenkla) som vert eit grunnlag for utarbeiding av budsjett og økonomiplan. |
| Kunngjering og invitasjon til innspel frå innbyggjarar og organiserte brukarråd | September | Innspela vert tekne med i administrasjonen sitt vidare arbeid med utarbeiding av budsjett og økonomiplan. |

Arbeidsgruppene legg sin eigen framdriftsplan for å følgje opp arbeidet fram til fristen for levering av skriftleg rapport. Administrasjonen stiller med sekretær/utgreiingsressurs til gruppene.

Rådmannen vil presisere at dette vert ein omfattande og krevjande prosess. Ambisjonsnivået vert derfor avgrensa til å identifisere strategiar og konkrete tiltak. Når kommunestyret ev har slutta seg til strategiane og tiltaka, så må det i samband med budsjettarbeidet og/eller eigne saker gjerast grundigare utgreiingar med høyringar og etterfølgjande politisk handsaming mv. Det vert stort press både på politikarane og administrasjonen å gjennomføre denne prosessen parallelt med arbeidet med kommunereform og revisjon av kommuneplanen. Alternativet kunne vore å kjøpe seg kapasitet ved å leige inn eit konsulentfirma som gjekk gjennom drifta og kom med forslag til strategiar og tiltak. Svakheita med det er at dei vil måtte sjå dette på avstand og mangle lokal kunnskap, og det vil i alle høve liggje mykje arbeid på både administrasjonen og politikarane å omsetje konsulentrapporten til gjennomførbare råd og vidare oppfølging.

Rune Sjurgard
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Oppnemnde medlemmer i arbeidsgruppene
Medlemmene i rådmannen sitt leiarteam
Alle hovudtillitsvalte
Hovudverneombodet
Ref arbeidsmiljøutvalet

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Nina Hovden Eidheim | Arkivsak nr.: | 2015/2476 |
| | | Arkivkode: | 223 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 3/16 | Driftsstyret | 13.01.2016 |
| 11/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## RETNINGSLINER FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR F.O.M. 2016

### Administrasjonen si tilråding:

***Kommunestyret vedtek "Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m 2016" som dei ligg føre.***

**Vedleggsliste:**
1. Retningsliner for utmåling av kommunalt tilskot til private barnehagar f.o.m. 2016
2. Sist vedtekne retningsliner gjeldande f.o.m. 2016

**Uprenta saksvedlegg:**
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager

**Samandrag av saka:**
Stortinget vedtok 16. juni 2009 endringar i barnehagelova §§8 og 14 med sikte på å legge statstilskotet til barnehagane inn i rammetilskotet til kommunane. Regjeringa fastsette 29.10.10 i statsråd, ny forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentleg tilskot til private barnehagar.

Barnehagenettverket Sjustjerna samarbeider med Telemarksforskning om utforming av lokale retningsliner. Dei første lokale retningslinene vart vedtekne av kommunestyret i K-sak 27/11, med endring frå 01.01.2014.

I kongeleg resolusjon av 09.10.2015 vart det gjort vedtak om "Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager". Forskrifta gjeld frå 01.01.2016.

**Saksopplysningar:**
**Barnehagelova §§8 og 14**
*§ 8. Kommunens ansvar*
*Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.*

*Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er bosatt i kommunen, jf. § 12a. Utbyggingsmønster og driftsformer skal tilpasses lokale forhold og behov.*

*Kommunen har ansvaret for at barnehagetilbudet til samiske barn i samiske distrikt bygger på samisk språk og kultur. I øvrige kommuner skal forholdene legges til rette for at samiske barn kan sikre og utvikle sitt språk og sin kultur.*

*Hver kommune skal opprette og føre register til bruk for Arbeids- og velferdsetaten i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte etter kontantstøtteloven. Registeret kan samkjøres mot Arbeids- og velferdsetatens register over mottakere av kontantstøtte.*

*Departementet gir forskrifter med utfyllende bestemmelser om føringen av registeret, hvilke opplysninger registeret skal inneholde og behandlingen av disse opplysningene.*

*Kommunen har rett til innsyn i dokumenter og adgang til barnehagelokaler i den utstrekning dette anses nødvendig for å ivareta kommunens oppgaver.*

*Kommunen forvalter de statlige øremerkede tilskuddene til ikke-kommunale barnehager i kommunen. Kommunen kan ikke avkorte det kommunale tilskuddet etter § 14 som følge av et slikt statlig tilskudd.*

***§ 14.** Kommunalt tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager*
*Kommunen skal yte tilskudd til ordinær drift av alle godkjente, ikke-kommunale barnehager i kommunen, forutsatt at barnehagen har søkt om godkjenning før barnehagesektoren er blitt rammefinansiert.*

*Kommunen kan yte tilskudd til barnehager som søker om godkjenning etter at barnehagesektoren er rammefinansiert.*

*Godkjente ikke-kommunale barnehager, jf. første og andre ledd, skal behandles likeverdig med kommunale barnehager i forhold til offentlig tilskudd. Kongen kan gi forskrifter med nærmere bestemmelser om hva som menes med likeverdig behandling.*

*Kommunen skal utbetale tilskudd til godkjente ikke-kommunale barnehager som skal motta tilskudd etter første eller annet ledd forskuddsvis hvert kvartal inntil kommunen fatter endelig vedtak om tilskudd.*

*Kommunens vedtak etter annet ledd kan påklages til fylkesmannen.*

Kommunen skal syte for likeverdig behandling av alle barnehagar i kommunen. Det kommunale tilskotet skal dekke kostnad til ordinær drift i dei private barnehagane, som ikkje vert dekka av andre offentlege tilskot og foreldrebetaling.

I 2011 dekte kommunen minimum 88 % av det tilsvarande kommunale barnehagar vart tildelt per heiltidsplass. Det har vore ei gradvis auke i tilskotet til private barnehagar, og frå 2016 får dei private barnehagane 100 % dekning.

I samsvar med ny forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar, vert det lagt fram sak om nye lokale retningliner.

Endringane i retningslinene er desse:

- Retningslinene er oppdaterte i samsvar med forskrift gjeldande frå 01.01.2016.
- Vedtak om sats til private barnehagar innan 31.oktober året før tilskotsåret.
  Det er unntak for dette kravet i 2016.
- Grunnlag for tilskot til private barnehagar er gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarande kommunale barnehagar, fråtrekt administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjonsutgifter. Grunnlaget for berekninga er kommunerekneskapet frå to år før tilskotsåret.
- Påslag for kommunale pensjonsutgifter på 13 %
- Administrasjonspåslaget på 4,3 % (tidlegare 4 %) av gjennomsnittlege brutto driftsutgifter i kommunale ordninære barnehagar.
- Nasjonale kapitaltilskot – endring frå lokalt utrekna kapitaltilskot til satsar fastsett av departementet, og vert tildelt private barnehagar per heiltidsplass ut i frå barnehagen sitt byggeår.

Det vert vist til uprenta saksvedlegg.

**Vurdering og konklusjon:**
Retningslinene som er framlagt er utarbeidd av barnehagenettverket Sjustjerna, og vert dermed felles for kommunane på Søre Sunnmøre. Retninglinene er kvalitetssikra av Telemarkforskning.

Endringane som blir lagt fram for politisk handsaming har som mål å kvalitetssikre sakshandsaming og utmåling av tilskot til private barnehagar.

Desse endringane er innanfor lovkravet til Lov om barnehagar og Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling tilskot til private barnehagar 2015-10-09-1166.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Per Ivar Kongsvik<br>oppvekstsjef |

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Bratteberg barnehage
Hjellbakkane barnehage
Rotset barnehage
Røysmarka barnehage
Trollsletta barnehage
Øyra barnehage

**RETNINGSLINER FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR F.O.M. 2016**

Vedteke i ______________________ kommunestyre ___/____-2015

Kommunane på Søre Sunnmøre i samarbeid fastsett med dette felles, lokale retningsliner for tilskotsutmåling til private ordinære barnehagar. Den formelle referansen er sist "Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager", fastsett ved kongeleg resolusjon 9. oktober 2015. Kommunestyret skal vedta oppdaterte retningsliner med bakgrunn i endringar i gjeldande, sentralt lov-/forskriftsverk.

-----------------------------------------

## § 1 Utbetaling, kunngjering og dokumentasjon

Utbetaling av tilskot skal skje fire gonger i året, innan 10. i månadane; januar, april, juli og oktober.

Innan 31. oktober året før tilskotsåret skal kommunen gjere vedtak om satsar til dei private barnehagane. Dokumentasjon på korleis satsane til driftstilskotet er rekna ut, skal leggast ved vedtaket. Satsane for kapitaltilskot vert fastsett av departementet.

## § 2 Rapportering som grunnlag for utmåling

Eigar av privat barnehage skal rapportere til kommunen tal barn per 15.09 innan 30.09. Kommunen kontrollerer denne rapporteringa med årsmelding per 15.12 året før tilskotsåret og tilskot vert berekna etter barnetal per 15.12.

Eigar av privat barnehage skal 15. desember kvart år rapportere om talet på barn, alder på barna og opphaldstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Kommunen skal etter å ha motteke årsmelding frå ein privat barnehage gjere vedtak om tilskot[1] til barnehagen på bakgrunn av rapportert barnetal og satsane for driftstilskot og kapitaltilskot.

Private barnehagar skal melde frå om *store* aktivitetsendringar gjennom året. Slike endringar gjeld t.d. oppretting eller nedlegging av ei avdeling eller ei gruppe.[2] Nytt tilskot vert rekna frå den datoen aktivitetsendringa har skjedd.

---

[1] Kommunen skal i berekninga av tilskot til den private barnehagen trekkje frå eit beløp som svarar til det andre offentlege tilskot og indirekte offentleg økonomisk stønad dekkjer av barnehagen sine drifts- og administrasjonsutgifter og kapitalkostnader. Tilskot til for eksempel barn med særskilte behov , eller anna økonomisk stønad som ikkje går til det ordinære tilbodet i barnehagen, skal ikkje trekkast frå ved tildeling av tilskot.

[2] I ei konkret vurdering av om endringa er stor nok, må det takast høgde for storleiken til barnehagen (dvs. samla tal på born både før og etter aktivitetsendringa).

Ved berekning av driftstilskot til privat barnehage som har rapportert om store aktivitetsendringar gjeld fylgjande: Blir eit barn som fyller tre år i tilskotsåret rapportert i dei sju fyrste månadene av året, utløyser dette driftstilskot for småbarnsplass. Blir eit barn som fyller tre år i tilskotsåret rapportert i dei fem siste månadane av året, utløyser dette driftstilskot for storbarnsplass resten av året.

**§ 3 Driftstilskot til ordinære barnehagar**

Kommunen skal gi driftstilskot til private ordinære barnehagar per heiltidsplass. Driftstilskotet skal reknast ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter per heiltidsplass i tilsvarande kommunale ordinære barnehagar. Administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgjevaravgift på pensjonsutgifter skal vere trekt frå (*Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager* § 3-5).

Grunnlag for utrekning er kommunerekneskapet frå to år før tilskotsåret.

Kommunen skal i berekninga av sats for driftstilskot til private ordinære barnehagar gi eit påslag for pensjonsutgifter og eit påslag for administrasjonsutgifter.

Dei kommunale barnehagane si årsmelding per 15.12 året før rekneskapsåret og årsmeldinga frå rekneskapsåret vert lagt til grunn ved utrekning av heiltidsplassar. Årsmeldinga frå året før rekneskapsåret vert vekta med 7/12 og årsmeldinga frå rekneskapsåret vert vekta med 5/12.

Kommunen skal fastsette ein sats for barn over tre år og ein sats for barn under tre år. Barn under tre år skal vektast 1,8 gonger høgare enn barn over tre år.

**§ 4 Kapitaltilskot**

Kapitaltilskot vert tildelt private ordinære barnehagar per heiltidsplass ut frå barnehagen sitt byggeår. Satsar for kapitaltilskotet vert fastsett av departementet.

Barnehagar som har fleire bygg med forskjellig byggeår, vert tildelt kapitaltilskot etter kor mange barn som oppheld seg i kvart bygg. Private barnehagar må rapportere kor mange barn som er i kvart bygg og alder og opphaldstid for barna. Byggeåret er det året bygget vart ferdigstilt.

**§ 5 Søknadsordning ved høge pensjonsutgifter**

Private barnehagar som har vesentleg høgare pensjonsutgifter enn det som blir dekt gjennom pensjonspåslaget, har etter søknad til kommunen krav på å få dekt pensjonsutgiftene. Pensjonsavtala må vere inngått før 1. januar 2015, og den private barnehagen må dokumentere pensjonsutgiftene sine. Grunnlaget for berekninga er rekneskapsførte pensjonsutgifter i den

private barnehagen frå to år før tilskotsåret. Gjennomsnittlege pensjonsutgifter i tilsvarande kommunale barnehagar utgjer ei øvre grense for kva kommunen er forplikta til å dekkje. Kommunen må opplyse om kor stor del pensjonspåslaget utgjer av driftstilskotet per heiltidsplass, samt kva som er kommunen sine eigne pensjonsutgifter per (omrekna) heiltidsstilling i dei kommunale ordinære barnehagane.

**§ 6 Refusjon av kostnader for barn i barnehagar busett i annan kommune**

Kommunar som har private barnehagar med barn som er busett i ein annan kommune, har retttil refusjon frå bustadkommunen for kostnader til ordinær drift som ikkje vert dekka av foreldrebetaling og andre offentlege tilskot.

-----------------------------------------

# RETNINGSLINER FOR UTMÅLING AV KOMMUNALT TILSKOT TIL IKKJE-KOMMUNALE BARNEHAGAR F.O.M. 2014

Vedteke i ______________________ kommunestyre ___/____-2013

Kommunane på Søre Sunnmøre i samarbeid fastsett med dette felles, lokale retningsliner for tilskotsutmåling til ikkje-kommunale barnehagar. Den formelle referansa er sist oppdaterte "Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager", fastsett ved kongeleg resolusjon 31. oktober 2011. Etter at forskrifta fyrste gong fekk effekt frå 1. januar 2011, er det vedteke endringar i §§ 3, 4 og 6. Kommunestyret skal vedta oppdaterte retningsliner med bakgrunn i endringar i gjeldande, sentralt lov-/forskriftsverk.

------------------------------------------

## § 1 Utbetaling, kunngjering og dokumentasjon

Utbetaling av tilskot skal skje fire gonger i året; i byrjinga av januar, april, juli og oktober. Formannskapet si innstilling til årsbudsjett som vert lagt ut til alminneleg ettersyn, skal innehalde forslag til tilskotsatsar – både for tilskot til drift (inkl. påslaget for administrasjon) og tilskotet til kapital. Før 1. februar i budsjettåret skal kommunen orientere dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsette tilskotsatsar, og leggje ved dokumentasjon på korleis satsane og tilskotet både til drift og kapital er rekna ut.[1]

I utrekninga av tilskotet til drift kan kommunen halde utanfor i utrekningsgrunnlaget eventuelle kommunale barnehagar der budsjetterte driftskostnader er minimum 25 % høgre enn gjennomsnittlege budsjetterte driftskostnader i tilsvarande kommunale barnehagar. Kommunen kan gje ekstra tilskot til kapital til ikkje-kommunale barnehagar med særskilt høge kapitalkostnader.

## § 2 Rapportering som grunnlag for utmåling

Eigar av ikkje-kommunal barnehage skal 15. desember kvart år rapportere om talet på barn, alder på barna og opphaldstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Desse opplysningane dannar grunnlaget for utmålinga av det kommunale tilskotet året etter.

[1] Kommunen vel sjølv om den vil gi tilskot ut i frå gjennomsnittlege kapitalkostnadar per heiltidsplass i eigne tilsvarande kommunale barnehagar, eller om den vil nytte nasjonale gjennomsnittssatsar for kapitaltilskot fastsatt av departementet. Kommunen står fritt til å vurdere dette frå år til år, men skal før 1.februar i budsjettåret informere dei ikkje-kommunale barnehagane om fastsatte tilskotssatsar for kapitalkostnadar.

Alle ikkje-kommunale barnehagar skal melde frå om *store* aktivitetsendringar gjennom året. Slike endringar gjeld t.d. ved oppretting eller nedlegging av ein avdeling eller ei gruppe.[2] Nytt tilskot vert rekna frå den datoen aktivitetsendringa har skjedd.

Born som fyller tre år i tilskotsåret reknast som over tre år frå oppstart av barnehageåret (dvs. per 1. august i tilskotsåret).

## § 3 Endringar i utrekningsgrunnlaget for dei kommunale tilskotsatsane

I tråd med § 8 i sentral forskrift skal kommunen ein gong i året etterjustere tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar dersom budsjettrammene for eigen barnehagedrift[3] er endra gjennom året. Etterjusteringa vert rekna ut på slutten av året, på eit tidspunkt kommunen får tatt høgde for alle endringar i budsjettrammene for eiga kommunal barnehagedrift som eventuelt har blitt fatta vedtak om gjennom året. Etterjusteringa skal ha effekt for heile året.

Kommunen skal elles etterjustere tilskotet for sist tilbakelagte år[4] ved å måle forbruk/rekneskap for eiga barnehagedrift ifylgje endeleg driftsrekneskap for kommunen opp mot budsjettet det aktuelle året. Det skal etterjusterast for eventuelle avvik mellom rekneskap og budsjett i den kommunale barnehagedrifta. Ved kommunen si handsaming og fastsetting av årsrekneskapen skal det fattast vedtak om slik etterjustering av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar.

Ved den endelege avrekninga, nemnd i avsnittet over, skal leggjast til grunn eit vegd gjennomsnitt av talet på born i kommunale barnehagar og ikkje-kommunale barnehagar per 15.12. i høvesvis året før tilskotsåret og i tilskotsåret.[5]

## § 4 Refusjon av kostnader for barn i barnehagar busett i annan kommune

Kommunar som har ikkje-kommunale barnehagar med barn som bur i ein annan kommune, har rett til refusjon frå bustadkommunen for kostnader til ordinær drift som ikkje vert dekka av foreldrebetaling og andre offentlege tilskot.

Avrekning mellom kommunar for utanbygds barn i kommunale barnehagar, vert regulert av avtale mellom aktuelle kommunar.

------------------------------------------

[2] I ei konkret vurdering av om endringa er stor nok, må det takast høgde for storleiken til barnehagen (dvs. samla tal på born både før og etter aktivitetsendringa).

[3] Utanom endringar i budsjettrammene for eigne barnehagar som eventuelt er haldne utanom i utrekningsgrunnlaget for tilskot til drift.

[4] Også her skal haldast utanom rekneskap og budsjett for eigne kommunale barnehagar som eventuelt ikkje har vore med i utrekningsgrunnlaget.

[5] Vekt 7/12 for born per 15.12. året før tilskotsåret og vekt 5/12 for born per 15.12. i tilskotsåret. Aldersinndeling ifylgje årsmelding skal nyttast, slik at born under tre år er 0-2 år, medan born over tre år er 3-6 år.

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Inger-Johanne Johnsen | Arkivsak nr.: | 2015/1562 |
| | | Arkivkode: | 040 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 12/16 | Formannskapet | 19.01.2016 |
| | Kommunestyret | |

## MÅLBRUKSPLAN - VOLDA KOMMUNE

**Administrasjonen si tilråding:**
***Kommunestyret godkjenner målbruksplan for Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 i saka.***

**Samandrag av saka**
Formannskapet ba i OS 81/15 administrasjonen om å vurdere å utarbeide ein målbruksplan for Volda kommune.

Volda kommune vedtok i sak 36/63 at det offisielle styringsmålet i kommunen skal vere nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytte nynorsk skriftspråk i tenesta. Kommunestyret gjorde i same vedtak (etter lov om målbruk i offentleg teneste § 5) om å krevje nynorsk i skriv frå statsorgan til kommunen.

**Saksopplysningar:**
Ein målbruksplan kan vere ein god reiskap til å skape debatt om og haldningar til korleis vi brukar språket. Målbruksplanar er viktige fordi dei set språkspørsmål på dagsorden. Ein plan fører til sikrare språkbruk hos tilsette og til ei meir medviten haldning i språkspørsmål generelt.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), der Volda er medlem, oppmodar alle kommunar til å gjere vedtak om ein kommunal målbruksplan, til hjelp for god språkrøkt og med føringar for å gje tilsette hjelp i bruken av nynorsk som administrasjonsspråk.

**Vurdering og konklusjon:**
Språk og målbruk er verkemiddel alle tilsette i Volda kommune brukar kvar dag. Volda kommune har alltid nytta nynorsk som administrasjonsspråk, naturleg nok sidan Volda-dialekten er nær opp til den nynorske skriftnormalen.
Skriftspråket som vert nytta i kommunen, må vere så godt og variert som råd er og ligge nær opp til talemålet i kommunen. Rådmannen ynskjer eit enkelt, klart og brukarvennleg språk.

Språk er og ein viktig del av den lokale kulturarven, språket gir identitet og sjølvkjensle, difor er det ei sentral oppgåve for kommunen å verne om dialekta vår gjennom levande bruk og medveten utvikling.

Det er viktig å ha språkmedvetne medarbeidarar i barnehage og skule, sidan grunnlaget for talemålet vert lagt i desse åra. Nynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar, opplesingar, leikar o.a.

Målbruksplanen vert fremja som ei påminning om at eit klart nynorsk administrasjonsspråk er ein viktig reiskap for god kommunikasjon.

| | |
|---|---|
| Rune Sjurgard<br>Rådmann | Inger-Johanne Johnsen<br>sektorsjef kultur og service |

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Servicekontoret - for publisering på heimeside
Personalsjefen
Økonomisjefen
Sektorsjefane for informasjon ut i sine sektorar

# MÅLBRUKSPLAN

# VOLDA KOMMUNE

**Vedtatt i kommunestyre …… sak …..**

# Målbruksplan for Volda kommune

## 1. Målform

Volda kommune vedtok i sak 36/63 at det offisielle styringsmålet i kommunen skal vere nynorsk. Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytte nynorsk skriftspråk i tenesta. Kommunestyret gjorde i same vedtak (etter lov om målbruk i offentleg teneste § 5) om å krevje nynorsk i skriv frå statsorgan til kommunen.

## 2. Språkpolitiske mål

Skriftspråket som vert nytta i kommunen må vere så godt og variert som mogleg, og liggje nær opp til talemålet i kommunen. Kommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvennleg språk.

Dialekten (målføret) er ein særs viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som ei sentral oppgåve å verne om dialekten vår gjennom levande bruk og medviten utvikling.

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna vert i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadane. Særs er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar, opplesing, leikar o.a.

Skuleadministrasjonen og rektorane har eit særleg ansvar for å gjere dei tilsette kjende med § 40 i lov om grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. På liknande vis må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna.

## 3.Retningslinjer for skriftspråket i kommuneadministrasjonen

Ordleggingsmåten er kanskje den viktigaste reiskapen for å få eit flytande, lett og godt språk. Særleg viktig er det at vi nyttar aktiv og ikkje passiv setningsbygnad (t.d. "Ordføraren tok saka opp til avrøysting" og ikkje "Saka vart teken opp til avrøysting av ordføraren"), og at vi har ei ordrekkjefølgje som i vanleg talemål.

Eigeformene min, din, sin, vår bør til vanleg kome etter substantivet ("Rådmannen er på kontoret sitt" og ikkje "Rådmannen er på sitt kontor").

Vi bør også bruke dobbel bunden form ("…det vedtekne budsjettet…" og ikkje "… det vedtekne budsjett…").

Unngå for mykje substantivbruk. På nynorsk er det ofte betre å bruke verb og substantiv der det på bokmål er substantiv. Finn gjerne eit anna ord eller skriv om.

Språk vert ledigare om vi brukar ei personleg form. Såleis bør vi unngå det upersonlege ein. Bruk eg eller vi/me i staden.

Vi bør bruke norske ord i staden for framandord, så snart det let seg gjere. Ei ordliste eller ei synonymordbok er gode hjelparar her. Lokale ord og uttrykk som er i vanleg bruk i kommunen, bør brukast.

## 4 .Tiltak

Opplæring

Kommunen tek sikte på å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For saksbehandlarar bør slike kurs vere obligatoriske.

Tilsette i skulen og barnehagane skal gjerast kjende med dei lokale tilhøva når det gjeld språkformer, dialektar og lokal kultur.

Når ledige stillingar vert utlyste, skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.

Hjelpemiddel

På alle kontor i kommunen skal det vere nynorsk ordliste og fornorskingsordbok av nyare dato. Dei tilsette må søkje sakkunnig hjelp i målspørsmål. I kommuneadministrasjonen bør det vere ein person som kan stå til rådvelde som rådgjevar i slike spørsmål. Dei einskilde fagetatane skal gjere seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.

Nynorskmateriell

Kommunen skal syte for at alle skjema, blankettar, kvitteringshefte o.l. som vert brukte i kommunen, er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang som vert nytta i skulen og i barnehagar skal vere på nynorsk så langt råd er.

Alle tilsette skal følgje med på at departement og andre statsorgan (både lokale, regionale og sentrale) tek omsyn til dei språklege rettane kommunen har, og følgjer reglane i mållova om bruk av nynorsk. Saker der dette ikkje vert gjort, skal takast opp. Vi skal også vere ein pådrivar for å få meir nynorskmateriell frå Kommunenes Sentralforbund (KS) og private samarbeidspartar/leverandørar. Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein naturleg samarbeidspart i dette arbeidet.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggje på lokal namnetradisjon. Alle slike namn må skrivast rett, og uttalen må vere i samsvar med målføret. Sjå også lov om stadnamn som gjev reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.

Samarbeid med næringslivet

Kommunen vil arbeide for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å drive god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Kommunen er medlem av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremje nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

PS 13/16 Orienteringssaker

OS 2/16 Informasjon om kommunereforma

# VOLDA KOMMUNE
## Eigedomsavdelinga

# REFERAT

**Frå:** Siri Birkeland Solheim

**Kopi:** Eigedomsavdelinga

**Sak:** Campusutvikling på høgskulen i Volda

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd / Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2014/1913 | 356/2016 | A60 | EIG/ SIRSOL | 11.01.2016 |

**Referat frå møte i arbeidsgruppe Campus den 05.01.2016**

| | | |
|---|---|---|
| Møtedato:<br>05.01.16 | Møtetid frå – til:<br>14:00-16:00 | Stad:<br>Møterom Voldsfjorden (144) |
| Møteleiar:<br>Jørgen Amdam | | Referent:<br>Siri Birkeland Solheim |
| Til stades:<br>Jørgen Amdam (leiar)<br>Rune Sjurgard (rådmann)<br>Odd Harald Sundal (medlem)<br>Margrete Bjerkvik (medlem)<br>Dan Bjørneset (medlem)<br>Jacob Kjøde Jr. (Høgskuledirektør)<br>Johann Roppen (Rektor Høgskulen)<br>Kjell-Magne Rindal (leiar eigedomsavdelinga)<br>Siri Birkeland Solheim (eigedomsavdelinga) | | Fråvere:<br>Fride Schjølberg Sortehaug |

## 1 Innleiing

Det er oppnemnt eit politisk arbeidsutval som får som mandat å avklare kommunen sine behov og moglegheiter i ei oppfølging av resultata frå arbeidsgruppene for Campusprosjektet på Høgskulen.

I mandatet inngår m.a. vurdering og framlegg om:

- Framtidig lokalisering av kino og type kinokonsept
- Kva formål Volda samfunnshus skal ha i framtida
- Definere behovet for og aktuell sambruksløysing av lokale saman med Høgskulen og ev. andre partar.
-

Utvalet skal vurdere om utbyggingsplanane på Campusområdet kan gripe inn i utgreiingsarbeidet for ny Voldahall.

Utvalet skal vurdere tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innanfor berekraftige og realistiske økonomiske rammer. Utvalet skal i si vurdering konsekvensutgreie tiltaka det kjem med

framlegg om, m.a. kva konsekvensar det kan ha på kommunen sine prioriteringar i økonomiplansamanheng. Frist for utvalet sitt arbeid er 15.02.16.

## 2 Campusområdet

Høgskulen informerte om at det i dag er ca. 2500 studentar på campus på Høgskulen. Desse studentane er viktige for Volda kommune, og det er fokus på at Volda skal vere ein attraktiv studiestad. Ved utvikling av campusområdet, har Høgskulen eit ynskje om at utearealet på campus skal vere attraktivt, ikkje berre for studentane, men også for lokalbefolkninga.

Nærleiken til den komande Voldatunnelen gjer at området får ei sentral plassering med tanke på gjennomfartsåra gjennom Volda. Dette gjer området attraktivt for samlokalisering av fleire funksjonar, og det vart i møtet framheva at det er viktig at ein ser på ein felles strategi for utvikling av både kommunen og Høgskulen sine areal i området.

Ei av utfordingane, og som det vil vere behov for å sjå nærare på og vurdere ved ei vidare utvikling av området, er parkering og trafikaleforhold. For å få til gode løysingar på dette ynskjer Høgskulen å samarbeide med Volda kommune. Ved ei samlokalisering av fleire funksjonar i området vil ein kunne dra nytte av felles parkeringsplassar der Høgskulen kan nytte parkeringsplassane på dagtid, medan dei på kveldstid og i helgene kan nyttast til til dømes brukarar av ny idrettshall og/eller kino. Det bør også verte vurdert tiltak for å gjere gangvegane mellom dei ulike funksjonane attraktive til bruk. Dette kan til dømes gjerast ved å få til løysingar for å gå tørrskodd mellom dei ulike funksjonane/bygga.

## 3 Nybygg på campus

I møtet informerte Høgskulen om status for arbeidet med planlegging av nybygget for mediefaga på campus. Arbeidsgruppa som planlegg dette bygget har engasjert ein arkitekt for å kome med innspel til prosjektet. Etter planen skulle rapporten frå gruppa leverast før nyttår, men gruppa har fått utsett frist til midten av januar. Etter at rapporten er levert vil det bli kalla inn til møte i styringsgruppa for presentasjon. Høgskulen informerte vidare om at det er arealet mellom Hans Strøm-huset og Berte Kanutte-huset som ser ut til å vere mest aktuelt for bygging av det nye mediebygget.

Det vart presisert i møtet at ved ei aktuell sambruksløysing med Volda kommune, har ikkje Høgskulen behov for ein sal som rommar meir enn 200 personar. Dersom det skal vere aktuelt med plass til fleire personar, må dette løysast med fleksible løysingar som Volda kommune må bidra med (fleksible amfi o.l.).

## 4 Kino og kinokonsept

Det vart i møtet diskutert tiltak for at Volda skal kunne tilby kulturtilbod som kan vere eit alternativ til tilbodet i andre nærliggande kommunar. Ved å sjå på den totale kulturtilbodspakken i området, i fleire kommunar, bør ein vidare finne løysingar der Volda kan tilby noko som er annleis.

Med tanke på ny kino er Høgskulen positive til at ein kan finne løysingar på kinodrift anten i eksisterande lokale på Høgskulen, eller i nybygget. Salen, eller ev. salane, kan då brukast til kinodrift på kvelden og i helgene, og brukast til undervisning på dagtid. Dersom ein tenkjer bruk av eksisterande lokale er det to salar i Berte Kanutte-huset som kan vere aktuelle for ombygging. På denne måten kan ein få til ei løysing der ein kan tilby framvisning av fleire filmar samstundes. Ei ev. ombygging av salane vil føre til noko færre sitteplassar i auditoria, då kinosetene er større enn eksisterande seter.

Kostnadar ved ombygging av salar til kinosalar, ev. implementering i nytt bygg, må vurderast og kostnadsbereknast.

## 5 Ny Voldahall

Volda kommune har tidlegare foreslått ulike plasseringar av ein ny Voldahall, både med plassering på Steinrøysa, og med plassering på Statsbygg sine areal ved Høgskulen. Det er ikkje aktuelt for Møre og Romsdal Fylkeskommune å vere med på ein hall som er plassert lenger vekk frå Volda VGS enn dette. Forslaga som er oversendt Høgskulen tidlegare har førespegla ei beslaglegging på eit for stort areal av grusbanene enn det Høgskulen kan akseptere.

Eit alternativ for plassering av Voldahall i området, er å plassere hallen på arealet som vert frigjort når Øyra skulen vert revet. Ved ei plassering på dette området vil det også vere behov for å bruke noko av Statsbygg sine areal, men i mindre grad enn vist på tidlegare skisser.

Under planlegging av ny Voldahall, ser ein at det med dagens aktivitet, er behov for ein hall med størrelse tilsvarande to handballbaner. Ein må også vurdere moglegheitene for vidare utviding i framtida.

Det er krav til parkeringsplassar i tilknyting i hallen, men det kan vurderast alternativ der dei fleste parkeringsplassane vert plassert noko vekk frå hallen.

Ørsta kommune er også inne i ein prosess med planlegging av ny idrettshall. Volda kommune har fått oppmoding om å gå i dialog med Ørsta for å sjå på moglegheita om eit samarbeid kan føre til større tilskot til bygging. Eit forslag som vart lagt fram i møtet er at Volda satsar på ein hall med god høgde slik at hallen stettar dei internasjonale krava til Volleyballbaner, samt at ein kan få til ein god klatrehall. Ørsta kan då gå ned i høgde på sin hall og fokusere på andre kvalitetar.

Ein ny hall kan i kortare periodar også nyttast til andre føremål for å romme arrangement for større folkemengder.

## 6 Samfunnshuset

Samfunnshuset står føre ei oppgradering gjennom EPC-prosjektet i kommunen. I dette prosjektet er det planlagt med installering av nytt varmesystem, bytte av ventilasjonsanlegget, rehabilitering av taket og utbetring av lys. Målet er at bygget skal bli meir attraktivt for bruk og utleige, samstundes med at bygget blir meir energieffektivt. Det er ikkje avklart kor store påverknadar prosjektet vil ha for drifta medan utbetringsarbeidet vert utført. Formannskapet vil bli informert ytterlegare om EPC-prosjektet 19.01.16.

I tillegg til arbeidet som vert utført gjennom EPC, vert det også arbeida med ei løysing for å utbetre amfiet. Det må vidare vurderast om det er andre utbetringar av bygget som bør gjennomførast.

Dersom kinoen vert flytta frå Samfunnshuset, er det viktig at det kjem inn andre funksjonar slik at bygget framleis vert nytta. Bygget har ei god plassering i sentrum av Volda som ein må nytte seg av med tanke på utviklinga av sentrum.

Det vart diskutert ulike bruksområder for bygget i møtet. Det er mange rom i bygget som kan

nyttast, og som gjer bygget spesielt, til dømes dei gamle sminkeroma bak scena. Bygget kan også nyttast til å halde store foredrag, og det kan brukast til forskjellige lågterskeltilbod (til dømes ungdomsklubb).

## 7 Neste møte

Fram mot neste møte vil det blir jobba med tre prosjekt; ny Voldahall, utvikling av Samfunnshuset og ny kino i ei sambruksløysing med Høgskulen.

- Volda kommune ved Eigedomsavdelinga får utarbeida skisser for ein ny hall med plassering på området ved Øyra barneskule.
- Høgskulen vurderer moglegheita for å bygge om auditorium på Berte Kanutte til å kunne brukast til kino, ev. implementering av kino i nybygget.

Nytt møte vert planlagt til midten/slutten av februar, nøyaktig tidspunkt vert avtalt seinare.

**Kopi til vara:**
Gunnar Strøm
Roald Espset
Sølvi Dimmen
